



DET KONGELEGE
JUSTIS- OG POLITIDEPARTEMENT

Ot.prp. nr. 66

(2004–2005)

Om lov om endringer i lov 26. juni 1992
nr. 86 om tvangsfullbyrdelse og
midlertidig sikring og andre lover

Innhald

1	Proposisjonens hovudinnhald	5	6.1	Forslaget i høyringsnotatet	30
			6.2	Høyringsfråsegnene	30
			6.3	Departementets vurderingar	31
2	Bakgrunnen for lovforslaget	7	7	Tilgang til opplysningar om utleggstrekk og avgjerder om «inkje til utlegg» og melding til skyldnaren	32
2.1	Registrering av utleggspant, utleggstrekk og avgjerder om »inkje til utlegg» i Lausøyreregisteret	7	7.1	Forslaget i høyringsnotatet	32
2.1.1	Sakas bakgrunn	7	7.2	Høyringsfråsegnene	32
2.1.2	Høyringa i 2000	8	7.3	Departementets vurderingar	35
2.2	Samordning av utleggstrekk	9	8	Sletting av opplysningar	37
2.2.1	Forslaget i høyringsnotatet 9. juni 2000 og høyringsinstansane sitt syn på val av samordningsform	9	8.1	Forslaget i høyringsnotatet	37
2.2.2	Stortingets oppmodingsvedtak 14. juni 2004	11	8.2	Høyringsfråsegnene	37
3	Kva skal registrerast i Lausøyreregisteret?	13	8.3	Departementets vurderingar	39
3.1	Utgangspunktet om registrering av alle utleggsforretningar	13	9	Krav om undersøking og underretning til andre namsmakter før nytt utleggstrekk vert lagt ned	42
3.1.1	Framlegget i høyringsnotatet	13	10	Utveksling av opplysningar namsmaktene imellom – forholdet til teieplikta	43
3.1.2	Høyringsfråsegnene	13	11	Økonomiske og administrative konsekvensar	45
3.1.3	Departementets vurderingar	15	11.1	Innleiing	45
3.2	Særskilt om registrering av utleggspant	15	11.2	Konsekvensar for dei private	45
3.3	Særskilt om registrering av utleggstrekk	17	11.3	Konsekvensar for det offentlege	45
3.3.1	Forslaget i høyringsnotatet	17	12	Merknader til lovutkastet	47
3.3.2	Høyringsfråsegnene	17	12.1	Merknader til endringa i tinglysingslova	47
3.3.3	Departementets vurderingar	18	12.2	Merknader til endringa i straffeprosesslova	48
3.4	Særnamsmaktenes avgjerder om «inkje til utlegg»	20	12.3	Merknader til endringane i tvangsfullføringslova	48
3.4.1	Innleiing. Forslaget i høyringsnotatet	20	12.4	Merknader til endringa i tomtefestelova	49
3.4.2	Høyringsfråsegnene og Skatteoppkreverutvalgets utgreiing	21	12.5	Merknader til lovutkastet avsnitt V	50
3.4.3	Departementets vurderingar	25	12.6	Merknader til ikraftsetjings- og overgangsføresegnene	50
4	Forholdet til personopplysningslova	26	Forslag til lov om endringar i lov 26. juni 1992 nr. 86 om tvangsfullbyrdelse og midlertidig sikring og andre lover		51
4.1	Forslaget i høyringsnotatet	26			
4.2	Høyringsfråsegnene	26			
4.3	Departementets vurderingar	27			
5	Skyldnaren sin rett til innsyn i registrerte opplysningar	28			
5.1	Innleiing	28			
5.2	Høyringsfråsegnene	28			
5.3	Departementets vurderingar	28			
6	Melding til skyldnaren om registrering	30			



DET KONGELEGE
JUSTIS- OG POLITIDEPARTEMENT

Ot.prp. nr. 66

(2004–2005)

Om lov om endringar i lov 26. juni 1992 nr. 86 om tvangsfullbyrdelse og midlertidig sikring og andre lover

*Tilråding frå Justis- og politidepartementet av 18. mars 2005,
godkjent i statsråd same dagen.
(Regjeringa Bondevik II)*

1 Proposisjonens hovudinnhald

Justisdepartementet gjer i proposisjonen her framlegg om reglar om utvida registrering av utleggsforretningar i Lausøyreregisteret og om betre samordning av utleggstrekk frå fleire namsmakter. Praktisk sett vil grunnsteinen i den ordninga som vert foreslått, vere det sams sakshandsamingssystemet for Statens innkrevjingssentral (SI) og dei alminnelege namsmennene som er under utvikling. Dette systemet kan på den eine sida ta hand om samordninga av lønnstrekk mellom Statens innkrevjingssentral og dei ulike andre namsmennene. På den andre sida kan dette systemet levere opplysningar til Lausøyreregisteret slik at ein både kan effektivisere registreringa av utleggsforretningar etter dagens reglar og utvide omfanget av registreringa.

For å få ei betre samordning av lønnstrekk foreslår departementet at det vert lovfesta at namsmennene skal undersøkje om det allereie er lagt ned trekk, før dei legg ned nye trekk. Kjennskap til trekk frå andre namsmenn vil dei få hos Statens innkrevjingssentral. På den måten vil ein unngå at det vert lagt ned fleire trekk som til saman er så høge at skyldnaren ikkje sit att med nok til underhald av seg sjølv og sin husstand.

Departementet foreslår at alle utleggspant, med

unntak for utleggspant i realregistrerte formuesgode, skal registrerast i Lausøyreregisteret. Alle utleggstrekk skal registrerast. Forretningar om «inkje til utlegg» skal òg registrerast, under føresetnad av at det er ei formell utleggsforretning frå ei namsmakt som har kompetanse til å ta både utleggstrekk og utleggspant i alle skyldnarens formuesgode. Føremålet med denne utvida registreringa av utleggsforretningar er å sikre betre kredittopplysning og å hindre resultatlause inndrivingsforsøk. Dei ulike namsmaktene skal gje melding om utleggsforretningane til Statens innkrevjingssentral. For dei alminnelege namsmennene vil dette skje automatisk i det sams sakshandsamingssystemet. Statens innkrevjingssentral overfører opplysningane vidare til Lausøyreregisteret. Kredittopplysningsbyrå, finansinstitusjonar mv. vil få opplysningar om utleggforretningar frå Lausøyreregisteret.

For å sikre personvernet til skyldnaren foreslår departementet nærmare reglar om innsynsrett for skyldnaren, avgrensingar av kva for opplysningar om utleggstrekk som skal vere tilgjengelege i Lausøyreregisteret, melding til skyldnaren om at opplysningar er gjeve ut, og om sletting av opplysningar frå registeret. Nokre av desse reglane skal fast-

setjast i forskrift, medan andre vert lovfesta. Berre advokatar, finansinstitusjonar, inkassobyrå, kredittopplysningsbyrå og offentlege organ med teieplikt skal ha innsyn i opplysningar om utleggstrekk og forretningar som vert avslutta med «inkje til utlegg». Andre kan få tilgang til desse opplysningane hos eit kredittopplysningsbyrå dersom dei har sakleg behov for det.

For å betre informasjonstilgangen for namsmaktene vert det foreslått at Statens innkrevjingsentral utan hinder av teieplikt skal kunne gje andre namsmakter opplysningar om skyldnarars inntekts- og formuesforhold og om utleggsforretningar mot vedkomande. Dei andre namsmaktene vil ha teieplikt om dei opplysningane om personlege forhold som dei får frå innkrevjingssentralen.

Det vert foreslått at dei nye reglane skal kunne setjast i kraft til ulik tid og dessutan til ulik tid for ulike namsmakter. For Statens innkrevjingssentral og dei alminnelege namsmennene kan det samsakshandsamingssystemet truleg setjast i kraft frå omkring årsskiftet 2005/2006. Lausøyreregisteret kan truleg være førebudd på den utvida registrering av utleggsforretningar eit år seinare. For nokre særnamsmakter vil det ta noko lengre tid før dei

kan knyte seg til systemet med samordning av lønnstrekk, betre informasjonstilgang og utvida registrering av utleggsforretningar.

Dessutan vert ein inkurie i tomtfestelova § 15 foreslått retta opp, jf. merknaden til den føresegna.

Ei meir fullstendig samordning òg av innbetaling av utleggstrekk, kan ein få ved at trekka vert innkravde av ein sentral instans på bakgrunn av informasjon instansen har mottatt frå andre namsmakter. Arbeidsgjevaren treng då berre foreta eitt trekk sjølv om det er lagt ned trekk i fleire saker, og vil ikkje verte kjend med kva for gjeld det vert trekt for. I samarbeidsprosjektet mellom SI og dei alminnelege namsmaktene vert det lagt opp til å understøtte ei slik ordning. Skal ei slik ordning kunne gjennomførast, er det naudsynt med nærmare utgreiing, herunder av om ordninga bør omfatte alle namsmaktene, og det må gjennomførast alminneleg høyring med påfølgjande lovendringar. Regjeringa vil arbeide vidare med dette spørsmålet. Også ved ei slik samordning av sjølve innbetalinga, vil det framleis vere dei lokale namsmaktene som skal fastsetje om det i det heile skal leggjast ned trekk og storleiken på trekka.

2 Bakgrunnen for lovforslaget

2.1 Registrering av utleggspant, utleggstrekk og avgjerder om «inkje til utlegg» i Lausøyreregisteret

2.1.1 Sakas bakgrunn

I NOU 1992: 35 Effektivisering av betalingsinnfordring m.v. gjorde Betalingsinnfordringsutvalet framlegg om nye reglar om registrering av utleggspant, utleggstrekk og avgjerder om «inkje til utlegg». Framlegget gjekk i korte trekk ut på ei utvida registrering av utleggspant, som innebar at alle utleggspant som ikkje skulle registrerast i grunnboka eller i eit anna realregister, skulle registrerast i Lausøyreregisteret. Vidare foreslo utvalet at utleggstrekk og avgjerder om at det ikkje er noko å ta utlegg i, såkalla avgjerder om «inkje til utlegg», skulle registrerast i Lausøyreregisteret. Føremålet var at Lausøyreregisteret skulle kunne gje betre informasjon av nytte for fordringshavarane. Utvalet peika på følgjande, jf. NOU 1992: 35 s. 42:

«I praksis innebærer registrering av et utlegg i et offentlig register ikke bare at rettsvern oppnås. Ved at utlegget registreres i et slikt register, blir informasjon som har relevans ved vurderingen av en persons eller et selskaps kredittverdighet, eventuelt søkegodhet, lett tilgjengelig.

Etter utvalgets oppfatning bør også kredittopplysningshensynet være relevant ved utforming av reglene om registrering av utlegg. En avholdt utleggsforretning gir en meget sterk indikasjon på manglende betalingsvilje og/eller betalingsevne hos skyldneren. Opplysning om en eller flere registrerte utleggsforretninger hos skyldneren vil derfor normalt føre til at den som vurderer å gi skyldneren ny kreditt vil foreta nærmere undersøkelser før kreditt eventuelt innvilges.

Tidligere ga mange namsmenn informasjon om avholdte utleggsforretninger mv. Etter tvangsfullbyrdelsesloven 1992 § 2-6 har namsmannen ikke lenger anledning til å gi kredittopplysninger. (...) Informasjon om avholdte utleggsforretninger hos skyldneren vil kunne være tilgjengelig hos foretak som driver ervervs-messig kredittopplysningsvirksomhet, men bare mot betaling. Kredittopplysningsforetakenes

registre vil imidlertid ikke være komplette med hensyn til avholdte utleggsforretninger.

Det fremgår av det som er sagt at det i noen grad vil være tilfeldig om opplysninger om avholdte utleggsforretninger vil være tilgjengelig. Løsøyreregisteret og grunnboken m.m. vil derfor heller ikke tilsammen ha «negativ troverdighet»; selv om det ikke finnes anmerkninger kan utleggsforretninger være avholdt hos skyldneren. Det samme gjelder for kredittopplysningsforetakenes registre. Utvalget mener det er uheldig at en slik sentral kredittinformasjon ikke er enkelt – og rimelig – tilgjengelig. Utvalget foreslår derfor at bestemmelsene i tvangsfullbyrdelsesloven 1992 om registrering av utlegg mv. endres, slik at kredittopplysningshensyn ivaretas bedre.»

På grunnlag av utgreiinga fremma Justisdepartementet våren 1993 forslag til lovendringer i Ot.prp. nr. 77 (1992–93) om lov om endringer i rettergangslovgivningen m m. Om registrering av utleggspant, utleggstrekk og avgjerder om «inkje til utlegg» uttala departementet på s. 20 i proposisjonen:

«Etter departementets mening bør utvalgets forslag i hovedtrekk gjennomføres selv om det vil medføre ulemper for namsmennene og økte kostnader for Løsøyreregisteret. (...) De positive virkninger av forslaget for samfunnsøkonomien totalt sett rettferdiggjør merkostnadene for det offentlige. I mange tilfeller vil en unngå at det ytes kreditt til personer som ikke er betalingsdyktige. I mange andre tilfeller vil fordringshaverne unngå å pådra seg store inndrivingskostnader til ingen nytte. Det vises for øvrig til utvalgets egen begrunnelse for forslaget.

Av de registre vi har, er det Løsøyreregisteret som utpeker seg som egnet for registrering av utleggspant, utover hva rettsvernsreglene krever, av utleggstrekk og av «intet til utlegg». Forholdet til Løsøyreregisteret som rettsvernsregister utelukker ikke det. For utleggstrekk og «intet til utlegg» kan det ikke oppstå sammenblanding mellom hva som er registreringer av betydning for rettsvern, og hva som er registreringer som er inntatt i registeret av kredittopplysningshensyn. For dobbeltregistreringer mellom Løsøyreregisteret på den ene siden og Verdipapirsentralen eller et av de særskilte registrene for immaterielle rettigheter på den annen side,

bør løsningen være at det av Løsøreregisteret fremgår at registreringen der ikke har betydning for rettsvernet. Det kan fastsettes i forskrift med hjemmel i tinglysingsloven § 38. Behovet for samlet innsyn i utleggsforretninger som er registrert i Løsøreregisteret og utlegg som er registrert i realregistre, bør trolig heller imøtekommes ved en samordning mellom registrene enn ved dobbeltregistrering. I NOU 1992: 35 kapittel 10 peker utvalget på fordelene ved samordning og foreslår at det utredes nærmere.»

Departementet foreslo mellom anna endringar i tvangsfullføringslova §§ 7-20, 7-21, 7-25 og 7-29. Framlegget var stort sett i samsvar med framlegget i NOU 1992: 35. Men departementet foreslo at avgjerder om «inkje til utlegg» frå særnamsmaktene ikkje skulle registrerast.

Då lovforslaget var til handsaming i Stortinget, mottok Stortingets presidentskap eit brev frå Datatilsynet i tida mellom handsaminga i Odelstinget og Lagtinget. I brevet kom Datatilsynet med innvendingar mot lovframlegget og framheva forholdet til personregisterlova (lov 9. juni 1978 nr. 48). Personregisterlova er nå avløyst av lov 14. april 2000 nr. 31 om behandling av personopplysningar (personopplysningslova), som trådte i kraft 1. januar 2001. Datatilsynet meinte personregisterlova ville gjelde fullt ut for denne forma for registrering i Lausøyregisteret. På dette tidspunktet hadde Odelstinget allereie gjeve si tilslutning til lovframlegget, og det ville oppstå problem i høve til dei andre lovendringane om Lagtinget skulle forkaste forslaget. Difor fekk framlegget fleirtal i Lagtinget, men statsråden som føredro saka, lova på vegner av regjeringa at Stortinget seinare skulle få seg førelagt lovspørsmålet med eventuelle endringsforslag i god tid før ikraftsettingstidspunktet.

Lovendringane om registrering av utleggsforretningar vart vedtekne ved lov 11. juni 1993 nr. 83 om endringar i rettergangslovgivningen m.m. Endringane er ikkje sett i kraft.

Det er to hovudomsyn som gjev grunn til å innføre reglar om utvida registrering av utleggsforretningar. For det første vil slike registreringar vere til nytte for kredittytarar ved deira vurdering av om skyldnaren skal ytast kreditt. For det andre vil registreringa gjere det lettare for ein kreditor å undersøkje på førehand om han bør setje iverk tvangsinn-driving. På denne måten kan sannsynlegvis mange resultatlause forsøk på inndriving verte avverja. Registreringa vil òg kunne gje ein fordringshavar grunnlag for å vurdere om han skal krevje at konkurs vert opna, eller om han skal treffe andre tiltak for å avbryte foreldingsfristen for kravet.

På den andre sida må ikkje ei slik utvida registrering unødige henge ut personar som er i ein vanskeleg situasjon. Det er difor viktig at registeret inneheld korrekte opplysningar slik at ingen vert uriktig registrerte. Det må òg fastsetjast reglar om rett til innsyn i registeret og om sletting av opplysningar.

2.1.2 Høyringa i 2000

Justisdepartementet sendte 9. juni 2000 ut høyringsnotat med forslag til reglar om registrering av utleggspant, utleggstrekk og «inkje til utlegg» i Lausøyregisteret og betre samordning av lønnsstrekk. Høyringsfristen var 15. september 2000. Adressatar for høyringa var:

Departementa

Brønnøysundregistra
Bergen byfogdembete
Oslo byfogdembete
Stavanger byfogdembete
Trondheim byfogdembete
Underfogden i Fredrikstad

Asker lensmannskontor
Fåberg lensmannskontor
Hamarøy lensmannskontor
Oppdal lensmannskontor
Sorum lensmannskontor
Ulstein og Hareid lensmannskontor
Vefsn lensmannskontor
Vågsøy lensmannskontor

Datatilsynet
Forbrukarombodet
Forbrukarrådet
Forbrukartvistutvalet
Skattedirektoratet
Statens innkrevjingssentral
Toll- og avgiftsdirektoratet
Trygdeetatens innkrevjingssentral

Den Norske Advokatforening
Den norske Dommerforening
Finansnæringens Hovedorganisasjon
Gjeldsoffer-Alliansen
Kommunenes Sentralforbund
Landsorganisasjonen i Norge
Norges kemner- og kommunekassererforbund
Norges Kreditorforbund
Norges Lensmannslag
Norske Kredittopplysningsbyråers Forening
Norske Inkassobyråers Forening

Næringslivets Hovedorganisasjon
Sparebankforeningen

Følgjande instansar avga høyringsfråsegner:

Arbeids- og administrasjonsdepartementet
Barne- og familiedepartementet
Fiskeridepartementet
Forsvarsdepartementet
Kirke- utdannings- og forskningsdepartementet
Landbruksdepartementet
Nærings- og handelsdepartementet
Olje- og energidepartementet
Samferdselsdepartementet
Sosial- og helsedepartementet

Brønnøysundregistra
Datatilsynet
Forbrukarrådet
Husbanken
Rettsvesenets IT- og fagtjeneste
Rikstrykdeverket
Skattedirektoratet
Statens innkrevjingssentral
Statens Lånekasse for utdanning
Toll- og avgiftsdirektoratet
Bergen byfogdembete
Oslo byfogdembete
Trondheim byfogdembete
Underfogden i Fredrikstad
Lensmannen i Asker
Lillehammer politistasjon
Ulstein og Hareid lensmannsdistrikt

Oslo Kemnerkontor

Den Norske Advokatforening
Finansnærings Hovedorganisasjon
Forbund for Kommunal økonomiforvaltning og skatteinnfordring
Gjeldsoffer-Alliansen
Kommunenes sentralforbund
Norges Lensmannslag
Norske Inkassobyråers Forening
Norske Kredittopplysningsbyråers Forening
Næringslivets hovedorganisasjon
Posten Norge BA
Sparebankforeningen

Finansnærings Hovedorganisasjon og Sparebankforeningen avga sams høyringsfråsegn.

Følgjande instansar hadde ikkje merknader:

Arbeids- og administrasjonsdepartementet
Fiskeridepartementet

Forsvarsdepartementet
Landbruksdepartementet
Olje- og energidepartementet
Samferdselsdepartementet

Forbrukarrådet
Toll- og avgiftsdirektoratet

2.2 Samordning av utleggstrekk

2.2.1 Forslaget i høyringsnotatet 9. juni 2000 og høyringsinstansane sitt syn på val av samordningsform

Namsmaktene kan kontakte arbeidsgjeveren for å få kunnskap om skyldnarens lønns- og tilsettingsforhold før dei fastsetter utleggstrekk, men det hender at dette ikkje vert gjort. Dersom namsmakta ikkje har kunnskap om at det allereie er lagt ned eit trekk før nytt trekk vert lagt ned, kan det føre til at det vert fastsett fleire utleggstrekk som samla gjer at skyldnaren ikkje har att dei midlane som med «rimelighet trengs» for å underhalde seg sjølv og sin husstand, jf. lov 8. juni 1984 nr. 59 om fordringshavernes dekningsrett (dekningslova) § 2-7 første ledd. I høyringsnotatet 9. juni 2000 foreslo departementet at utleggstrekk skal samordnast ved at namsmaktene får plikt til å undersøkje i Lausøyreregisteret om det er registrert andre trekk hos skyldnaren, før dei sjølv eventuelt legg ned eit nytt trekk.

Departementet omtala i høyringsnotatet òg eit anna forslag om samordning av utleggstrekk frå Næringslovutvalet. Næringslovutvalet la vekt på at mange trekk mot same skyldnar kan vere eit problem for arbeidsgjevarane, dels ved at dei må trekke for fleire krav kvar månad, og dels ved at dei i saker der trekka er for høge, må engasjere seg i skyldnaren sine problem. Næringslovutvalet ønskte at alle krav mot same arbeidstakar skulle samkøyrast til eit felles krav, som skulle betalast til ein landsomfattande samlesentral for utleggstrekk. Til dømes kunne Statens innkrevjingssentral vere samlesentral. Tanken var at andre namsmakter skulle melde sine krav til sentralen, som fastsette storleiken på trekket, og samordna krava. I høyringsnotatet 9. juni 2000 tilrådde departementet alternativet med samordning ved registrering i Lausøyreregisteret i staden for å opprette ein samlesentral. Det heiter i høyringsnotatet:

«Hovedproblemet i forhold til lønnstrekk er at det løper mange lønnstrekk mot samme skyldneren og at disse kan overstige det som skyldneren har krav på å beholde til sitt eget og sin

husstands underhold. En samordning av lønns-
trekk ved å etablere en sentral for slike trekk vil
kunne eliminere disse problemene. På den an-
nen side vil arbeidsgiverne fortsatt måtte foreta
og administrere trekkene selv om det bare gjøres
ett trekk pr. arbeidstaker pr. måned. I forhold
til Næringslovutvalgets beregninger løper det
kun ett trekk i ca. 70% av alle sakene som
gjelder utleggstrekk. I disse tilfellene vil en
ordning med en samlesentral for lønns-
trekk i stor grad kun være et forsinkende og
fordyrende mellomledd for kreditorene og det
offentlige.

Årsaken til at det nedlegges flere lønns-
trekk mot samme skyldner er for det første at
namsmyndighetene trekker uten å vite at det
allerede finnes løpende trekk, og at ulike
namsmenn har ulik vurdering av hva skyldneren
trenger til sitt eget og husstandens underhold,
jf. dekningsloven § 2-7. Opplysninger om løpende
trekk kan namsmyndighetene få fra skyldnerens
arbeidsgiver, men i mange tilfeller vil det være
arbeidskrevende å kontakte arbeidsgiveren for å
få disse opplysningene. Tvangsfullbyrdelsesloven
pålegger ikke at det innhentes slike opplysninger.
Resultatet blir ofte at trekket nedlegges uten
nærmere undersøkelser. Det ville imidlertid
vært enklere for namsmyndighetene å undersøke
et register der alle utleggstrekk ble registrert
før nye trekk nedlegges enn å kontakte
arbeidsgiveren. På denne måten ville nams-
myndighetene kunne bli oppmerksom på hver-
andres trekk. En kunne oppnå at det ikke unødig
blir nedlagt trekk som har dårligere prioritet
enn det løpende trekket. Videre kunne opplysnings-
plikten overfor namsmyndigheter som har et
allerede løpende trekk med dårligere prioritet
etter tvangsfullbyrdelsesloven § 7-24 lettere
oppfylles. Ved å få oversikt over løpende trekk
vil namsmyndighetene også kunne unngå å
trekke ut over det skyldneren har krav på å
beholde etter dekningsloven § 2-7. For å oppnå en
best mulig effekt av et slikt register, vil det også
kunne innføres felles normer for beregning av
hva en skyldner trenger til sitt eget og hus-
standens underhold etter § 2-7. Normen kan for
eksempel fastsettes i likhet med den norm som
gjelder i gjeldsordningssaker. Ved at ulike
namsmyndigheter holder seg til samme normen
for hva skyldneren trenger til sitt underhold,
vil hvert utleggstrekk som nedlegges, fylle
opp rammen for det som er mulig å trekke.
På denne måten vil det ideelt sett til enhver tid
bare løpe et trekk som også har best prioritet.
En vesentlig del av arbeidsgivernes problemer
vil dermed kunne reduseres.

En egen sentral for administrasjon av lønns-
trekk vil imidlertid bli kostnadskrevende. Dess-
uten vil en slik sentral kunne føre til en lengre
saksbehandlingstid for en rekke utleggssaker.
En samlet enhet for innkreving av lønns-
trekk

vil vanskeliggjøre dagens innkreving vesentlig.
Det vil under ingen omstendigheter være aktuelt
å nedlegge alle alminnelige namsmenn og
særnamsmannsmyndigheter. Det betyr at be-
gjæring om utlegg først fremsettes overfor de
alminnelige namsmyndigheter. Disse må først
undersøke om det er aktuelt å ta utleggspant.
Deretter må saken eventuelt oversendes til
sentralen for nærmere undersøkelse av muligheten
for lønns-
trekk. Dette vil vanskeliggjøre inndriv-
ingen vesentlig. Arbeidsgiverne vil i egenskap
av kreditorer bli utsatt for et vesentlig mer tung-
vint system for innkreving av misligholdte pen-
gekrav. Videre må en ta i betraktning at en
sentral bare ville føre til kostnadsreduksjoner
for de tilfellene der det løper flere trekk, som
nevnt anslått til 30 % av sakene. Hvis det
innføres registrering av utleggstrekk (...) synes
en ordning med registrering av utleggstrekk der
namsmyndighetene pålegges å undersøke
registeret før nye trekk nedlegges, å være langt
enklere og mindre kostnadskrevende enn en
samlesentral. Departementet går derfor inn for
denne løsningen og ber om høringsinstansenes
synspunkter.»

Fleirtallet av høringsinstansene som uttala seg
om spørsmålet, slutta seg til tilrådinga i hørings-
notatet om at det ikkje skulle opprettast ein samle-
sentral for lønns-
trekk, men at samordning i staden
skulle skje ved registrering i og undersøking av
Lausøyreregisteret. Dette gjaldt *Barne- og familie-
departementet, Sosial- og helsedepartementet, Brøn-
nøysundregistra, Husbanken, Rettsvesenets IT- og fag-
tjeneste, Skattedirektoratet, Trygdeetatens innkrev-
jingsentral, Bergen byfogdembete, Oslo byfogdembete,
Trondheim byfogdembete, Lillehammer politistasjon,
Ulstein og Hareid lensmannsdistrikt, Den Norske Advok-
atforening, Finansnæringsens Hovedorganisasjon
og Sparebankforeningen, Gjeldsoffer-Alliansen, Nor-
ges Lensmannslag, Norske Inkassobyråers Forening,
Oslo kemnerkontor og Posten Norge BA*. Det var ber-
re *Statens innkrevjingsentral (SI) og Næringslivets
Hovedorganisasjon (NHO)* som ønskte at det skulle
opprettast ein samlesentral for utleggstrekk.

Norges Lensmannslag peika mellom anna på at
det etter deira vurdering ikkje er mogleg å fastsetje
ein omforent sats for kva for utgifter som med «ri-
melighet trengs» til underhold av skyldneren og
hans husstand. I vurderinga av kva som med «ri-
melighet trengs» må ein ta omsyn til ei rekke forhold,
og kostnadsnivået varierer over landet. Lensmanns-
laget understreka òg at deira utgangspunkt er at
kompetansen til å vere namsmakt, herunder å ha
fullmakt til å leggje ned trekk i lønn, i alle saker bør
liggje hos dei lokale namsmaktene. Dei viste mel-
lom anna til at dette ivaretar publikumstilgangen til

den myndigheiten som utøvar tvangstrekk, noko som gjer at vurderingane omkring storleiken av trekk og vert betre. Både lensmannslaget og *Finansnæringens Hovedorganisasjon* frårådde at SI vert utvida til ein landsdekkande lønnstrekkssentral. Dei meinte det vil verke uheldig om utleggstrekk skulle samordnast av ein etat som fungerer i ei dobbeltrolle som kreditor og namsmakt.

Oslo byfogdembete meinte at det ikkje burde vere like normer for underhold i heile landet. Dei framheva òg at nokre skyldnarar klarar seg dårleg skriftleg, og av den grunn har behov for direkte kontakt med namsmannen.

Kommunenes sentralforbund (KS) meinte det ikkje burde opprettast ein sentral, men ønskte heller ikkje reglar om samordning ved registrering i Lausøyreregisteret. Dei uttala at forslaget vil påføre kemnarar, kommunekasserarar og skattekreditorar forseinkingar, meirarbeid og kostnader som ikkje står i forhold til nytten dei får. Dei viste òg til at skatteoppkrevjarane ved skatteoppkrevjarinstruksen frå 1. juli 2000 er pålagt ein grundigare undersøkingsplikt med omsyn til skyldnarens økonomi, og atplikten til å varsle skyldnaren om at påleggstrekk vil verte lagt ned, er understreka i instruksen. KS gjekk inn for at dersom forslaget om registrering i Lausøyreregisteret likevel vart vedtatt, skulle dei kommunale skatteoppkrevjarane fritakast frå plikten til undersøking av registeret og melding om trekk. *Forbund for kommunal økonomiforvaltning og skatteinnfordring* meinte òg at kemnarane og kommunekasserarane måtte fritakast frå undersøkings- og meldeplikta.

Næringslivets Hovedorganisasjon meinte at Næringslovutvalets forslag førte med seg langt større forenkling og reduksjon av administrative byrder for alle arbeidsgjevarar enn forslaget om registrering i Lausøyreregisteret, og samtidig i langt større grad ville føre til likehandsaming av offentlege og private krav.

2.2.2 Stortingets oppmodingsvedtak 14. juni 2004

I samband med handsaminga av Innst. O. nr. 90 (2003–2004) om den sivile rettspleia på grunnplanet fatta Stortinget 14. juni 2004 samrøystes følgjande vedtak (oppmodingsvedtak nr. 481):

«Stortinget ber Regjeringen ta de nødvendige skritt for å samordne lønnstrekk via en felles koordineringsinstans og komme med en fremdriftsplan for dette i statsbudsjettet for 2005.»

I Innst. O. nr. 90 (2003–2004) på s. 12 uttala Justiskomiteen:

«Komiteen har gjennom sitt arbeid med lovsaken blitt kjent med at den alminnelige og de forskjellige særnamsmennene i liten grad samordner de lønnstrekke de nedlegger. Dagens lønnstrekkssystem har etter det komiteen er kjent med særlig tre mangler. For det første at namsmennene ikke koordinerer de trekk de beslutter i tilstrekkelig grad. For det andre at arbeidsgiverne pålegges for store administrative byrder. Og endelig at arbeidsgiverne i for stor grad får kjennskap til de ansattes private affærer. Enkelte skyldnere har derfor opplevd å bli pålagt trekk fra flere hold uten at vedkommende har fått beholde «det som med rimelighet trengs til underhold av skyldneren og skyldnerens husstand», jf dekningsloven § 2-7. Dette er et stort problem for de skyldnerne det angår og også en betydelig belastning for deres arbeidsgivere, som skal iverksette trekkene. Komiteen er kjent med at departementet har arbeidet med spørsmålet, og har merket seg at det i proposisjonen står at

«[n]år organiseringen av namsmannsapparatet er fastlagt, vil en lettere kunne gå videre med spørsmålet om samordning av lønnstrekk».

Komiteen forutsetter at departementet nå prioriterer arbeidet med samordning av de ulike instansers trekk slik at ingen trekkes mer enn loven åpner for. Med dagens datateknologi skulle det være gode muligheter for å sikre at de forskjellige namsmennene har kunnskap om og tar hensyn til trekk som allerede er nedlagt av andre namsmenn, og at man ved etterfølgende trekk med bedre prioritet straks får redusert eller opphevet det første trekket. Også de andre nevnte svakhetene ved systemet bør en ta tak i.»

Som ei oppfølging av oppmodingsvedtaket, uttala regjeringa i St. prp. nr. 1 (2004–2005) (JD s. 44–45):

«Regjeringen er enig i at viktige hensyn taler for en samordning av lønnstrekk fra de forskjellige namsmyndighetene, og viser til Innst. O. nr. 90 (2003–2004) s. 12 der justiskomiteen særlig fremholder tre mangler ved dagens lønnstrekkssystem: at namsmyndighetene ikke koordinerer de trekk de beslutter i tilstrekkelig grad, at arbeidsgiverne pålegges for store administrative byrder, og at arbeidsgivere i for stor grad får kjennskap til de ansattes private affærer. Enkelte skyldnere har opplevd å bli pålagt trekk fra flere hold uten at vedkommende har fått beholde «det som med rimelighet trengs til underhold av skyldneren og skyldnerens husstand», jf dekningsloven § 2-7.

Regjeringen mener at hovedmålsetningen

må være å få til en samordning av lønnstrekk som omfatter alle namsmyndighetene. Regjeringen legger til grunn at kompetansen til å avgjøre om det skal besluttes trekk og fastsette trekkets størrelse, fortsatt skal ligge hos de enkelte namsmyndighetene. Det er allerede etablert et samarbeidsprosjekt mellom de alminnelige namsmyndighetene og Statens Innkrevingsentral (SI). Prosjektet forbereder et nytt saksbehandlersystem som innebærer en tilpasning av SIs IT-systemer for de alminnelige namsmyndighetene, herunder utveksling av informasjon om utleggstrekk. Prosjektet innebærer at en vesentlig andel av alle trekk vil bli samordnet. Regjeringen vil bygge videre på dette samarbeidsprosjektet for samordning av informasjon om trekk besluttet av alle namsmyndighe-

ter. Regjeringen tar sikte på å fremme en proposisjon om registrering av utleggspant, utleggstrekk og intet til utlegg i Løsøreregisteret våren 2005. Registrering i Løsøreregisteret vil sikre bedre kredittopplysninger. Forslagene i proposisjonen vil bygge på at SI brukes til informasjonsutveksling namsmyndighetene imellom og at SI videreformidler informasjon om nedlagte trekk m.v. fra samtlige namsmyndigheter til Løsøreregisteret.

En samordning også av innbetalingen av trekkene kan oppnås ved at alle trekk innkreves av en sentral instans på bakgrunn av informasjon instansen har mottatt fra andre namsmyndigheter. Regjeringen vil arbeide videre med spørsmålet om en slik samordnet innkreving.»

3 Kva skal registrerast i Lausøyreregisteret?

3.1 Utgangspunktet om registrering av alle utleggforretningar

3.1.1 Framlegget i høyringsnotatet

I høyringsnotatet 9. juni 2000 foreslo departementet at alle utleggspant med unntak for dei som skal registrerast i eit realregister, samt utleggstrekk og avgjerder om «inkje til utlegg», skal registrerast i Lausøyreregisteret. Dette er i samsvar med dei endringane i tvangsfullføringslova som vart vedtekne i 1993. Enkelte typar utleggspant er òg registrerte i eigne register. Det vil difor i ein del høve skje dobbeltregistrering av utleggspant. For utleggspant som får rettsvern ved registrering i eit anna register, vil ikkje registreringa i Lausøyreregisteret ha noko å si for rettsvernet.

3.1.2 Høyringsfråsegnene

Fleirtalet av høyringsinstansane som uttala seg om spørsmålet (*Nærings- og handelsdepartementet, Brønnøysundregistra, Husbanken, Rettsvesenets IT- og fagtjeneste (RIFT), Rikstrygdeverket, Skattedirektoratet, Bergen byfogdembete, Oslo byfogdembete, Trondheim byfogdembete, Lensmannen i Asker, Lillehammer Politistasjon, Ulstein og Hareid lensmannsdistrikt, Den Norske Advokatforening, Finansnærings Hovedorganisasjon og Sparebankforeningen, Gjeldsoffer-Alliansen og Norges Lensmannslag*) støt framlegget om registrering av utleggspant, utleggstrekk og avgjerder om «inkje til utlegg» i Lausøyre-registeret.

Nærings- og handelsdepartementet uttala:

«Etablering av en registreringsordning som foreslått, vil etter Næringsdepartementet[s syn] øke tilgjengeligheten av sentral kredittinformasjon. Dette vil både kunne bedre næringslivets muligheter til å vurdere risiko ved økonomiske engasjementer, og det vil antagelig øke effektiviteten i betalingsinnfordringen.

Vi finner det også sannsynlig at en slik ordning i seg selv vil kunne redusere arbeidsgiveres administrative belastning ved gjennomføring av lønnstrekk, ved at kreditorene selv avstår fra resultatløse inndrivingsforsøk.»

Brønnøysundregistra uttala:

«Brønnøysundregistrene vil innledningsvis gi støtte til hovedtrekkene i forslaget om registrering av utleggspant, utleggstrekk og intet til utlegg i Løsøyreregisteret. Vi slutter oss i det alt vesentlige til de begrunnelser som er gitt av både betalingsinnfordringsutvalget og senere av departementet i Ot.prp. nr 77 (1992–93). Både kredittopplysningshensynet så vel som hensynet til de mange resultatløse inndrivelsesforsøkene taler tungt for registrering som nevnt.»

Datatilsynet uttala:

«Vi ser at det er hensiktsmessig å sørge for registrering av utleggspant, utleggstrekk og intet til utlegg i Løsøyreregisteret, og vi finner at hensynet til de registrertes personvern er godt ivaretatt gjennom de forslag som er fremsatt.»

Rettsvesenets IT- og fagtjeneste (RIFT) meinte at det kan være ein fordel òg å registrere utlegg som får rettsvern i eit realregister. Det medfører lite eller inga ekstrabelastning for namsmennene å registrere alle utleggssaker når dei aller fleste utleggsforretningar likevel skal registrerast. Lausøyreregisteret vil dermed verte ein komplett base over gjennomførte utleggsforretningar.

Oslo byfogdembete uttala:

«Embetet tror at forslaget om å registrere saker med utleggstrekk og «intet til utlegg» kan være med på å få til et effektivt system for kredittopplysninger både ved långivning og i forbindelse med inndrivelse av pengekrav. Dette kan medvirke til at man i fremtiden vil kunne få færre inkasso- og utleggssaker.

Embetet mener imidlertid at formuesgoder som realregistreres også bør registreres i Løsøyreregisteret, slik at all informasjon blir samlet på ett sted.

...

Etter vårt syn bør alle utleggssaker registreres i Løsøyreregisteret, unntatt saker som nektes fremmet eller heves. Dette innebærer ikke vesentlig merarbeid for namsmyndigheten, samtidig som informasjonen om avholdte utleggsforretninger blir enklere tilgjengelig for brukerne. (...) Totalt sett vil realregistrerte utleggspant utgjøre rundt 10% av de sakene som etter forslaget skal registreres i Løsøyreregisteret. Den in-

formasjon som eventuelt blir registrert i Løsøreregisteret vil også bli benyttet av namsmennene i forbindelse med behandlingen [av] utleggssaker. At informasjonen er samlet et sted vil være noe arbeidsbesparende.»

Den Norske Advokatforening uttala:

«Ut fra et innfordringshensyn er det åpenbart en fordel at slike opplysninger blir registrert i Løsøreregisteret. All den tid kredittopplysningsbyråenes register i dag ikke er komplette, vil en slik registrering gi en bedre dekning både i forhold til vurdering om kreditt skal ydes og som informasjon til forfølgende kreditorer. Man vil således få et bedre verktøy i innfordringen enn de ufullstendige kredittopplysninger som i dag tilbys.

Lovutvalget mener at fordelene med en slik ordning gjør at registreringen kan forsvares ut fra et personsverns synspunkt.»

Finansnæringens Hovedorganisasjon og Sparebankforeningen uttala:

«FNH og Sparebankforeningen finner det svært positivt at det tidligere forslaget om registreringer av utleggspant, utleggstrekk og «intet til utlegg» i løsøreregistret nå foreslås iverksatt. En mer fullstendig registrering av utleggsforretninger og utleggsforretninger som avsluttes med resultat «intet til utlegg» vil være av stor betydning for kreditorerne. En slik registrering vil bedre mulighetene for å foreta en god kredittvurdering av kundene og kunne bidra til å forhindre at personer som ikke er kredittverdige får lån. Dersom fordringshavere og potensielle kredittgivere gis muligheter for enkelt og rimelig å skaffe seg riktigere informasjon om tidligere namsutlegg der skyldneren har vært saksøkt, vil dette kunne bidra til å redusere betalingsmislighold. Slik informasjon vil også kunne bidra til reduserte kostnader for kreditor ved at resultatløs pågang unngås i tilfeller hvor det ikke er midler å hente hos debitor. En registreringsordning vil i tillegg kunne virke betalingsfremmende. Det er etter vår vurdering også et viktig hensyn at resultatet av en avholdt utleggsforretning ikke bør være avgjørende for om saksøkte skal skjermes mot registrering eller ikke.»

Gjeldsoffer-Alliansen uttala:

«GOA har ikke store motforestillinger mot forslaget. Riktignok vil forslaget medføre en raske «svartelisting» av dårligere betalere, men dette vil i de fleste tilfeller være en fordel for vedkommende. I denne sammenheng mener vi at hensynet til personvern bør tones noe ned.»

Gjeldsoffer-Alliansen meinte at òg utlegg i realregistrerte formuesgode bør registrerast i Lausøyreregisteret.

Norges Lensmannslag uttala:

«Lensmennene har lenge sett at den utviklingen vi har hatt gjennom over 20 år når det gjelder adgangen til tvangstrekk i lønn har hatt en del uheldige sider. Det har utviklet seg en praksis som har ført til at en rekke skyldnere som fra før har en vanskelig og anstrengt økonomi har blitt påført ekstra byrder ved at forskjellige namsmyndigheter på hver sin kant har nedlagt trekk i lønn. Det har dessuten blitt fremmet en rekke utleggsforretninger som kunne vært unngått dersom vi hadde hatt et bedre system for å gi kreditorer og inkassatorer tilgang på et bedre beslutningsgrunnlag før utlegg begjæres. Dette har blitt spesielt merkbart etter at lensmennene etter 1992 ikke lenger har adgang til å gi kredittopplysninger.»

Kirke- utdannings- og forskningsdepartementet, Statens innkrevjingsentral, Kommunenes sentralforbund og NKK – Forbund for kommunal økonomiforvaltning og skatteinnfordring gjekk mot forslaget om registrering av utleggspant, utleggstrekk og inkje til utlegg i Lausøyreregisteret.

Kirke- utdannings- og forskningsdepartementet uttala:

«Vi er særlig ut i fra personvernensyn skeptisk til forslaget om at alle utleggspant, utleggstrekk og beslutninger om intet til utlegg skal registreres i Løsøreregisteret. I mange tilfeller er utleggstrekk i lønn en praktisk begrunnet betalingsordning, f.eks. ved bidrag og skatt. Utgiftsdekningen gjennom gebyr medfører ytterligere administrasjon for det offentlige.»

Statens innkrevjingsentral uttala:

«Det kan også reises innvendinger mot selve nytteverdien for kreditor av å ha et slikt register tilgjengelig. Departementet fremhever på s. 5 at kreditor kan benytte registeret for å undersøke om skyldneren er en sikker betaler. SI vil påpeke at registeret ikke vil si noe mer enn at skyldner har hatt utleggsforretninger mot seg eller at han ikke har hatt det. Selv om personen ikke er registrert i registeret, betyr det nødvendigvis ikke at han er en god betaler. Registeret vil heller ikke ha fullgod negativ troverdighet for utleggsforretninger, idet utlegg i objekter som får rettsvern ved registrering i et realregister ikke skal registreres her.»

Kommunenes sentralforbund uttala:

«KS vil ikke anbefale at registreringsplikten for utleggspant, utleggstrekk og «intet til utlegg» utvides i forhold til i dag.

Eventuell utvidet registreringsplikt vil ha negative økonomiske og administrative konsekvenser for innfordringsarbeidet de kommunale skatteoppkrevdere utfører, herunder at skatteoppkreverne må bygge opp omfattende on-line-løsninger som gjør det mulig å kommunisere direkte med Løsøreregisteret. Arbeidet med å registrere og å endre opplysningene vil dessuten kreve betydelige personalressurser.

Registreringen vil ikke gi nevneverdige nye opplysninger til hjelp i innfordringsarbeidet i forhold til dagens løsninger.

Den eventuelle gevinsten ved forslaget synes i størst grad å komme private lånegivere til gode. Offentlige myndigheter bør derfor ikke betale kostnadene ved en eventuell slik ordning.»

NKK – Forbund for kommunal økonomiforvaltning og skatteinnfordring uttala:

«Vår hovedkonklusjon om forslaget er at

- private kredittopplysningsselskaper og kreditorer får bedre grunnlag for sine kredittvurderinger uten å betale for det, og at de alminnelige namsmennene får bedre grunnlag for å vurdere om trekk i lønn bør besluttes i forbindelse med utleggsforretning. I siste instans kommer forslagene kredittsøkerne og skyldnere til gode.
- kemnere, kommunekasserere og skattekreditorer påføres kostnader som ikke står i forhold til nytteverdien.

Vi mener derfor at kemnere og kommunekasserere må fritas fra de foreslåtte undersøkelses- og meldeplikter. Dersom dette ikke aksepteres må kostnadene plasseres hos dem som i siste instans vil få størst nytte av et slikt regime: Kredittsøkere og debitorer.»

3.1.3 Departementets vurderingar

Departementet foreslår at framlegget i høyringsnotatet om at alle utleggspant med unntak av dei som skal registrerast i eit realregister, samt utleggstrekk og avgjerder om «inkje til utlegg» skal registrerast, vert gjennomført. Departementet viser til dei argumenta som er nemnde til fordel for å gje reglar om slik registrering i Ot.prp. nr. 77 (1992–93), jf. punkt 2.1.1 ovanfor. Fleirtalet av høyringsinstansane har stilt seg positive til å innføre ei slik registreringsordning. Regjeringa si hovudmålsetning er å få til ei samordning av utleggstrekk som omfattar alle namsmaktene. Det er difor klårt at utleggstrekk frå alle særnamsmaktene må registrerast. Lausøyreregisteret vil ikkje gje full oversikt over trekka mot ein skyldnar om ikkje òg utleggstrekk

frå skattefutane og skatteoppkrevjarane vert registrerte. Av omsyn til at det ikkje skal verte lagt ned høgare trekk enn det er høve til etter dekningslova § 2-7, er det òg viktig at desse særnamsmaktene gjer undersøkingar av andre trekk før dei legg ned nye trekk. Av ulike praktiske årsaker må ein vente noko før ordninga kan setjast i kraft for andre særnamsmakter enn Statens innkrevjingssentral.

Departementet meiner at utleggspant i fast eigedom ikkje bør registrerast i Lausøyreregisteret. For kreditorar og kredittytarar vil det vere enkelt å få tilgang til elektroniske opplysningar om utleggspant i fast eigedom. Norsk Eiendomsinformasjon sitt eigedomsregister EDR inneheld all eigedomsinformasjon frå grunnboka og GAB-registeret. I EDR vert alle tinglysingar som er gjort hos dei enkelte domstolane og hos Statens Kartverk, registrerte. I EDR kan det søkjast på matrikelnummer, heimelshavarens namn og på eigedomens adresse. Det vil då straks gå fram om det er registrert utleggspant på ein eigedom, og kven som er eigar. Departementet kan ikkje sjå at det er naudsynt med ytterlegare registrering av utleggspant i fast eigedom i tillegg til registreringane i grunnboka og hos Norsk Eiendomsinformasjon. Rett nok gjev ikkje EDR moglegheit for å søkje etter utlegg mot saksøkjaren i fast eigedom som ein annen har grunnboksheimelen til, men opplysningar om slike utlegg kan ein som oftast få frå et kredittopplysningsbyrå.

3.2 Særskilt om registrering av utleggspant

For enkelte formuesgode kan ein få rettsvern for utleggspant berre ved tinglysing i Lausøyreregisteret. Dette gjeld driftstilbehør og varelager, jf. pantelova (pantel.) § 5-4, og registrert motorvogn, jf. pantel. § 5-5. Vidare gjeld det for immaterialrettar som det ikkje finst eit særskilt register for, jf. pantel. § 5-9, og andre formuesgode enn dei som er nemnde i pantel. §§ 5-2 til 5-9, jf. pantel. § 5-10.

For ei anna gruppe av formuesgode kan rettsvern for utleggspant både fåast ved tinglysing i Lausøyreregisteret og på anna vis. Dette gjeld for det første utleggspant i anna lausøyre enn driftstilbehør, varelager og registrerte motorvogner, som òg kan få rettsvern etter handpantregelen, jf. pantel. § 5-6. For den andre gjeld det utleggspant i verdipapir, innløysingspapir, aksjar og enkle krav, som kan få rettsvern etter reglane i pantel. § 5-7 første til fjerde ledd. For det tredje gjeld det utleggspant i tilkomstdokument til leigerett til husrom, som òg kan

få rettsvern etter regelen i pantel. § 4-3, jf. pantel. § 5-8. For alle desse formuesgoda gjeld at registrering i Lausøyreregisteret gjev rettsvern berre andsynes kreditorane, medan den alternative rettsvernsakta gjev rettsvern og andsynes godtruande omsetningsservervarar.

For ei tredje gruppe av formuesgode kan utleggspant ikkje få rettsvern ved registrering i Lausøyreregisteret. Dette gjeld finansielle instrument som er registrerte i eit verdipapirregister, jf. pantel. § 5-7 sjette ledd, og immaterialrettar som det finst eit særskilt register for, jf. pantel. § 5-9 første punktum. Rettsvern for utleggspant kan her berre fåast ved registrering i høvesvis verdipapirregisteret og det særskilte registeret for den immaterielle retten.

Ved endringslova 11. juni 1993 nr. 83 vart ein regel om at alle utleggspant i anna enn realregistrerte formuesgode skal registrerast i Lausøyreregisteret, tatt inn i tvangsl. § 7-20 tiande ledd.

For lausøyre som nemnt i pantel. § 5-6 er hovudregelen at rettsvern for utleggspant skal etablerast ved tinglysing i Lausøyreregisteret. Etter tvangsl. § 7-20 andre ledd skal namsmannen som hovudregel berre etablere rettsvern etter handpantregelen dersom saksøkjaren krev det, og det er grunn til å frykte for at den saksøkte vil forføye over lausøyret i strid med saksøkjarens panterett. I utkastet til § 7-20 andre ledd i proposisjonen her, er vilkåret om at saksøkjaren må krevje slik overlevering, foreslått oppheva.

Den foreslåtte endringa i tvangsl. § 7-20 tiande ledd vil medføre at utleggspantet må registrerast i Lausøyreregisteret og dersom rettsvern allereie er etablert etter handpantregelen. Prioriteten for utleggspantet må då reknast frå tidspunktet for den første rettsvernsakta. Det kan òg vere at utleggspantet vert registrert i Lausøyreregisteret etter tvangsl. § 7-20 tiande ledd før namsmannen òg sikrar rettsvern etter handpantregelen. I eit slikt tilfelle vil rettsvernet andsynes den saksøkte øvrige kreditorar vere etablert allereie ved tinglysinga, sjølv om tinglysing berre er skjedd av omsyn til kredittopplysing. Rettsvernsverknaden av tinglysinga kan ikkje i eit slikt tilfelle vere avhengig av om tinglysinga i den konkrete saka var naudsynt for å sikre rettsvern for utleggspantet. Når det gjeld dei formuesgoda som er nemnde i den tredje gruppa foran, vil tinglysinga i Lausøyreregisteret ikkje ha rettsvernsverknad.

Under høyringa har nokre av høyringsinstansane kommentert spørsmålet om det bør gjerast merknad i Lausøyreregisteret om at tinglysing etter tvangsl. § 7-20 tiande ledd i nokre tilfelle ikkje har rettsvernsverknad. *Brønnøysundregistra* tilrår at det ikkje skal merkast av i registeret om utleggs-

pantet er tinglyst av omsyn til rettsvernet eller ikkje. Dei meiner at tinglysing av utleggspant uansett tinglygingsårsak bør følgje reglane i tinglygingslova og tinglygingsforskrifta, men at tinglysing av utleggstrekk og «inkje til utlegg» ikkje skal følgje desse reglane. *Oslo byfogdembete* uttaler:

«Man bør vurdere om det ikke hadde vært hensiktsmessig å skille rettsvernsregistrering og den foreslåtte registrering fullt ut. Vi er av den oppfatning at den registrering som er foreslått føres inn i et eget register i Løsøyreregisteret, og at rettsvernsakten registreres som før i det ordinære registeret. Ved å skille mellom disse vil man få klarere linjer mellom rettsvern og den informasjonsbase som dette er snakk om.»

Finansnæringens Hovedorganisasjon uttaler:

«Vi minner om at ved utlegg i bl.a. ikke-realregistrerbart løsøre, verdipapirer eller aksjer som ikke er registrert i VPS, får utlegget rettsvern mot saksøkte kreditorer også ved registrering i Løsøyreregisteret, jfr. panteloven §§ 5-6 og 5-7 (5). For slike registreringer i Løsøyreregisteret vil registreringen også ha betydning for rettsvernet og dermed ha et dobbelt formål. Det vil være en merkelig og uheldig forskjellsbehandling av registrerte opplysninger om utlegg dersom man skulle skille mellom registreringer av utleggspant som har rettsvernsvirkninger og registreringer som ikke har slike virkninger. Det vil dessuten kunne være praktisk vanskelig å avgjøre fra sak til sak hva som er formålet med registreringen.»

Departementet meiner at det ikkje er naudsynt å etablere eit system der det blir gjort merknad i Lausøyreregisteret om registreringa har rettsvernsverknad eller ikkje. Kor vidt tinglysinga i Lausøyreregisteret gjev rettsvern for utleggspantet, vil vere av interesse for den saksøkte øvrige kreditorar. Kreditorane vil normalt vere profesjonelle partar som ein må kunne gå ut frå gjennom lovverket vil kunne gjere seg kjende med om registreringa har rettsvernsverknad eller ikkje. Det vil gå fram av reglane i pantelova kapittel 5 på kva måte det kan etablerast rettsvern for utleggspant i forskjellige typar formuesgode. For å klargjere dette foreslår departementet ein regel om at registrering i Lausøyreregisteret berre gjev rettsvern dersom det følgjer av pantelova kapittel 5. Sjå framlegg til ny § 34 a i tinglygingslova og merknadane til denne paragrafen.

Regelen om at alle utleggspant i anna enn realregistrerte formuesgode skal registrerast i Lausøyreregisteret, er i lovframlegget i proposisjonen her tatt inn i tvangsl. § 7-20 tiande ledd.

Etter tingl. § 35 første ledd bokstav a er staten

erstatningsansvarleg for tap som nokon uforskyldt lir på grunn av tinglysingsfeil, såframt tapet skyldast at vedkommande har stolt på ein pantattest eller tinglysingsattest. Det er i Ot.prp. nr. 63 (1978–79) på s. 19 lagt til grunn at denne regelen òg gjeld for Lausøyreregisteret, iallfall når det gjeld registrert pant i motorvagner. Departementet legg til grunn at regelen i tingl. § 35 ikkje vil kunne føre til ansvar for staten i tilfelle av manglande registrering av utleggspant som ikkje får rettsvern ved registreringa. Generelt har Lausøyreregisteret svært avgrensa negativt truverde. Det kan mellom anna vere registrert heftingar på det aktuelle formuesgodet hos ein tidlegare eigar, som ikkje kjem fram ved søk på noverande eigar. Det kan òg vere heftingar i det aktuelle formuesgodet som har rettsvern utan tinglysing. Når det gjeld utleggspant i formuesgode som ikkje får rettsvern ved registreringa, vil utleggspanthavarens rett ikkje vere avhenging av tinglysinga i Lausøyreregisteret. At utleggspanthavaren går framfor etterkommande panthavarar, vil følgje av rettsvernsreglane for det aktuelle rettsvernsregisteret som utleggspantet òg skal registrert i. Utleggspanthavarens rett er med andre ord ikkje avhengig av tinglysinga i Lausøyreregisteret. Om ein etterfølgjande panthavar lir tap som følgje av at han har stolt på ein pantattest frå Lausøyreregisteret der vedkommande utleggspant ikkje går fram, kan man difor ikkje si at tapet skyldast ein tinglysingsfeil.

3.3 Særskilt om registrering av utleggstrekk

3.3.1 Forslaget i høyringsnotatet

I departementets høyringsnotat heiter det:

«For utleggstrekk bør registreringen omfatte størrelsen på hvert trekk og hvilken periode trekket skal gjelde for. Det kan også skje endringer av et trekk i løpet av trekkperioden. For eksempel kan trekkperioden bli forkortet eller trekkets størrelse redusert fordi det kommer et nytt trekk med bedre prioritet som skyver ut det løpende trekket. Trekkets størrelse kan også bli endret som følge av endringer i skyldnerens inntekts- eller formuesforhold. For at registeret skal fungere best mulig, både av hensyn til koordinering i forholdet mellom ulike namsmyndigheter og i forhold til allmennheten, må endringer som foretas i utleggstrekk, registreres. Det er derfor nødvendig at alle endringer av et trekk som namsmyndighetene gjør, registreres i Løsøyreregisteret.

I tillegg bør det fremgå av registeret hvilken

namsmyndighet som har nedlagt trekket. Dette foreslås fordi en annen namsmyndighet som har tenkt å nedlegge et trekk med bedre prioritet, lett skal kunne kontakte den namsmyndighet som har nedlagt det første trekket etter tvangsfullbyrdelsesloven § 7-21. Det bør også fremgå hvilken prioritet trekket har i forhold til bestemmelsene i dekningsloven § 2-8.»

I høyringsnotatet vart det foreslått at reglar om kva for opplysningar som skulle registrerast om utleggstrekk, skulle tas inn i ei forskrift om registrering av utleggsforretningar i Lausøyreregisteret. Det vart foreslått at opplysning om kva for prioritet utleggstrekket har, berre skulle vere tilgjengeleg for namsmaktene.

3.3.2 Høyringsfråsegnene

Nærings- og handelsdepartementet uttaler at registeret må innehalde opplysningar om storleiken på trekka og trekkperioden, og at opplysningar om kva for namsmakt som har lagt ned trekket og kva for prioritet trekket har, av personvernomsyn berre bør vere tilgjengelege for namsmaktene.

Brønnøysundregistra uttaler at det må vurderast om saksøkjaren skal haldast hemmeleg når det er Statens innkrevjingsssentral eller Trygdeetatens innkrevjingsssentral (TI) som står som saksøklar. Opplysningar om at TI eller SI er saksøklar kan indirekte identifisere kravet og prioriteten.

Datatilsynet meiner at det av omsyn til personvernet er sentralt at alle opplysningar som registrerast er korrekte, og gjev eit riktig bilete av den registrerte. Opplysningar om utleggstrekk må endrast når det skjer endringar i trekket. Opplysningane må slettast når trekkperioden har gått ut.

Skattedirektoratet uttaler:

«I høyringsnotatet sies det også at hvis registeret skal fungere best mulig og ha den ønskelige funksjonen, må alle endringer av lønnstrekket som foretas av namsmannen registreres. I denne forbindelse bør eventuelle sanksjonsmuligheter vurderes. Dersom registreringsplikten ikke overholdes, vil dette ha store konsekvenser i forhold til registerets «notoritet».»

Trygdeetatens innkrevjingsssentral uttaler:

«Det påpekes også at trekkperioden for de trekk som nedlegges av Trygdeetatens innkrevjingsssentral i medhold av bidragsinnkrevingsloven § 8 første ledd, ikke kan ses å være underlagt noen tidsmessig begrensning. Det kan nedlegges trekk også for uforfalte bidragskrav, og vi kan ikke se at tvangsfullbyrdelsesloven § 7-21 første ledd kommer til anvendelse i disse sakene. Det må derfor også være adgang til å regi-

strere trekk uten at det angis noen trekkperiode.»

Oslo byfogdembete uttaler:

«Vi er enig i at utleggstrekkets størrelse, hvor lenge det løper, prioritet etter dl § 2-8 og hvem som besluttet utleggstrekket bør fremgå av registeret. Men vi mener det ikke bør opplyses hvem som er arbeidsgiver. Dette ville innebære at man legger ut opplysninger som ikke bør være offentlig tilgjengelig. Det er en del personer, spesielt kvinner som av forskjellige grunner må ha hemmelig adresse. Det vil her være uheldig om arbeidsgiverforhold røpes i disse tilfellene.»

Lillehammer Politistasjon uttaler at registreringa bør omfatte namsmakt, arbeidsgjevar, storleiken på trekket, trekkperiode og prioriteten.

Ulstein og Hareid lensmannsdistrikt peikar på at rutinane for kven som skal syte for melding til registeret om at trekk er stansa, til dømes grunna byte av arbeidsgjevar, må klargjerast. Dei spør òg om kva ein skal gjere dersom eit trekk må setjast i 0 for ei tid, til dømes på grunn av nye utleggstrekk med betre prioritet. Dersom registeret ikkje viser dette, ser dei ein moglegheit for at trekk frå andre saksøkjjarar kan kome før utleggstrekket som vart stansa.

Den Norske Advokatforening uttaler:

«Lovutvalget tiltrer standpunktet om at grunnlag for trekk ikke bør opplyses til andre enn namsmennene. Dersom en imidlertid skal anmerke prioriteten, vil man ved å sammenholde disse opplysningene [med] bestemmelse i dekningsloven § 1-8, litra a-b, kunne se hvilken kategori som ligger til grunn for trekket. Detaljene vil man imidlertid kunne unndra innsyn fra kreditorene.»

Gjeldsoffer-Alliansen uttaler:

«GOA støtter departementets forslag om at registeret bør inneholde opplysninger om hvilken namsmyndighet som har nedlagt trekket. Registeret bør imidlertid ikke gi opplysning om hva trekket gjelder. SI trekker bl. a. for bøter og erstatninger. Slike opplysninger bør ikke være tilgjengelige.

Registeret bør heller ikke opplyse hvem som er kreditor eller hvem som er arbeidsgiver. Dersom kreditor er for eksempel sosialkontoret, vil opplysning om dette medføre en ekstra og unødvendig belastning for skyldner. En opplysning om at det foreligger et utleggstrekk fra en angitt dato, bør være nok informasjon.»

Finansnæringens Hovedorganisasjon og Sparebankforeningen uttaler:

«FNH og Sparebankforeningen er enige med departementet i forslaget om at registreringen av utleggstrekk bør omfatte trekkets størrelse,

trekkperiode, endringer i trekket i trekkperioden samt hvilken namsmyndighet som har nedlagt trekket. Registreringen må også omfatte hvilken prioritet trekket har etter bestemmelsen i dekningsloven § 2-8. Det er imidlertid avgjørende for alle kreditorer at man kan gjøre seg kjent med prioriteten til allerede løpende lønnstrekk, bl.a. for å kunne ta stilling til om kravene er korrekt registrert. Opplysninger om foranstående heftelser er av avgjørende betydning for kreditorene. Det kan ikke sees at det er grunn til at slike opplysninger ikke skal være tilgjengelige ved registrering i Løsøreregisteret, mens tilsvarende informasjon fremgår av andre registre. I en del tilfeller er slik kunnskap viktig for å kontrollere om angitt prioritet er i overensstemmelse med de prioritetsregler som følger av dekningsloven § 2-8. Etter FNH og Sparebankforeningens oppfatning er det derfor helt sentralt at opplysninger om prioritetsrekkefølgen er tilgjengelig for alle kreditorer.»

3.3.3 Departementets vurderingar

Framlegget i høyringsnotatet bygde på at opplysningane berre skulle registrerast i Lausøyreregisteret. Når det i proposisjonen her vert lagt til grunn at dei ulike namsmaktene skal få tilgang til opplysningane hos Statens innkrevjingssentral, opnar det for å gje forskjellige reglar om kva som skal registrerast om utleggstrekk i Lausøyreregisteret og kva for opplysningar namsmennene skal ha tilgang til hos Statens innkrevjingssentral.

Departementet meiner at det ikkje bør stillast opp skrankar i lova for kva slags opplysningar om utleggstrekk frå det sams sakshandsamingssystemet som skal vere tilgjengelege for dei andre namsmaktene. Dei vil ha behov for fulle opplysningar, mellom anna om kva for namsmakt som har lagt ned trekket, trekkets storleik og prioritet, og trekkperioden samt eventuelle endringar i trekket. Opplysning om kva for namsmakt som har lagt ned trekket vil vere naudsynt for at namsmaktene lett skal kunne kontakte kvarandre. Av omsyn til at reglane om registrering av utleggstrekk skal sikre at prioritetsreglane i dekningslova § 2-8 vert etterlevde, må det gå fram kva for prioritet trekket har. Namsmaktene vil då verte kjende med prioriteten til eventuelle løpande trekk når dei undersøker i sakshandsamingssystemet for nye trekk vert nedlagte.

Når det gjeld trekkperioden er situasjonen spesiell for krav på underholdstilskot, fordi det ikkje er krav om at det skal fastsetjast ein trekkperiode. Det følgjer av dekningslova § 2-7 tredje ledd, jf. tvangsfullføringslova § 7-21 første ledd første punktum, at trekkperioden skal vere to år. Unntak gjeld etter

dekningslova § 2-7 tredje ledd andre og tredje punktum for bøtekrav og skattekrav, der trekkperioden vil vere fem år. Etter dekningslova § 2-7 tredje ledd siste punktum gjeld det ingen trekkperiode for krav på underhaldstilskot. Av omsyn til dei andre namsmaktene sitt behov for opplysning, bør det gjerast merknad i sakshandsamingssystemet om at trekkperioden er uavgrensa i saker om trekk for underhaldstilskot.

Det neste spørsmålet er kva for opplysningar som skal registrerast i Lausøyreregisteret, og dermed verte tilgjengelege for fleire. Dette må avgjerast ut frå ei vurdering av omsynet til kva for opplysningar kreditorane og potensielle kredittytarar særleg har nytte av, og omsynet til skyldnarens personvern. Spørsmålet om innsynsrett for skyldnaren sjølv er omhandla i kapittel 5 nedanfor.

Det er klårt at Lausøyreregisteret må innehalde opplysningar om at trekk er lagt ned, og om storleiken på trekket. Derimot er det omsyn som taler mot at fordringshavarar, inkassobyrå mv. skal kunne få opplysningar om trekkas prioritet og om kva for namsmakt som har lagt ned trekket. Om prioriteten for krava vert opplyst, vil det gå fram om kravet er eit underhaldstilskot, erstatning eller oppreisning for straffbar handling eller bot eller eit anna krav, jf. dekningslova § 2-8 første ledd bokstav a til c. Dette er svært sensitive opplysningar. Departementet meiner at personvernomsyn tilseier at slike opplysningar ikkje vert gjort tilgjengelege for andre enn namsmaktene. Personvernomsyn må her vege tyngre enn omsynet til fordringshavarens behov for å kontrollere om prioriteten er korrekt. Namsmaktene vil få informasjon om prioriteten i sakshandsamingssystemet. Departementet legg til grunn at med den auka moglegheita for kontroll av utleggstrekk som lovframlegget inneber for namsmaktene, vil faren for trekk med urett prioritet uansett verte redusert. Departementet foreslår difor at opplysningar om kva for prioritet trekket har, ikkje skal gå fram av Lausøyreregisteret.

Opplysningar om kva for namsmakt som har lagt ned trekket, kan òg vere sensitive. Statens innkrevjingssentral driv inn bøter og krav på erstatning for straffbare forhold. Dei krev rett nok inn andre typar krav med, mellom anna studielån. Ei opplysning om at Trygdeetatens innkrevjingssentral har lagt ned trekket, vil avsløre at skyldnaren har plikt til å betale underhaldstilskot eller har underhaldstilskotsgjeld. Opplysning om kven som er namsmakt vil i første rekke vere av interesse for dei andre namsmaktene i samband med deira plikter etter tvangsfullføringslova § 7-21 og § 7-24. Departementet foreslår difor at opplysningar om kva for

namsmakt som har lagt ned trekket, berre skal vere tilgjengeleg for namsmaktene, og ikkje gå fram av Lausøyreregisteret.

Eit anna spørsmål er om opplysning om trekkperioden bør gå fram av Lausøyreregisteret. Det er av nytte for fordringshavarar som sjølv planlegg å krevje utlegg, å kjenne til når eit nedlagt utleggstrekk kjem til å stanse. Personvernomsyn kan tale for at opplysningar om trekkperiode ikkje bør gjevast ut. Dersom det ikkje er fastsett nokon trekkperiode, vil det for den som er kjend med regelen i dekningslova § 2-7 tredje ledd, vere klårt at det dreier seg om eit krav på underhaldstilskot. Er trekkperioden fem år, vil det gå fram at trekket gjeld ei bot eller eit skattekrav. Men denne samanhengen vil berre vere kjend for dei brukarane som kjenner reglane om trekkperiode i dekningslova § 2-7 tredje ledd. Departementet legg vekt på at det er ei viktig opplysning for kreditorane kva tid trekkperioden går ut, og foreslår difor at trekkperioden skal registrerast i Lausøyreregisteret.

Når det gjeld spørsmålet om kven som skal sørge for melding til registeret om at trekk er stansa på grunn av byte av arbeidsgjevar, finner departementet det klårt at denne plikta må påleggje den namsmakta som har lagt ned det trekket som vart stansa. Det følgjer av tvangsfullføringslova § 7-22 andre ledd at den trekkpliktige skal gje underretning til namsmannen og den som beløpet skal utbetalt til, dersom den saksøkte sitt krav mot den trekkpliktige fell bort i trekkperioden. Dersom trekket vert stansa som følgje av at saksøkte sitt krav mot den trekkpliktige fell bort, må namsmannen ha plikt til å nedteke dette i sakshandsamingssystemet. Rutinane må leggjast opp slik at trekket då vert sletta frå Lausøyreregisteret.

I høyringsrunden er det reist spørsmål om kva som skal skje dersom trekket må «setjast i 0» for ei tid, på grunn av seinare trekk med høgre prioritet. Det følgjer av tvangsfullføringslova § 7-24 at dersom det vert lagt ned eit nytt trekk med høgre prioritet, skal den namsmakta som har lagt ned det første trekket, av eige tiltak ta opp spørsmålet om regulering av trekket når namsmakta vert merkam på forholdet. Etter at partane har fått høve til å uttale seg, avgjer namsmakta om trekket skal verte oppretthaldt, nedsett, utsett, eller falle bort. Alternativet «utsettes» inneber at den trekkpliktige vert beden om å setje i verk trekket først på eit seinare tidspunkt, dvs. etter at trekket med høgre prioritet har falle bort. Det må leggjast til grunn at namsmakta kan gje trekkpålegg som først skal tre i kraft når eit anna trekk er opphøyr, og då for den resterande del av trekkperioden etter dekningslova § 2-7 tredje ledd, jf. Falkanger, Flock, Waaler, Tvangs-

fullbyrdelsesloven med kommentarer, 3. utg., Oslo 2002 s. 429. Dersom eit tidlegare trekk vert utsett på grunn av eit mellomkommande trekk med høgare prioritet, meiner departementet at dette bør avmerkast i sakshandssamingssystemet. Det vil då gå fram at det første trekket vil kunne tre inn på nytt i løpet av trekkperioden.

Ordninga vil verte basert på automatiske rutinar slik at opplysningar om nedlagte trekk automatisk vert tilgjengelege for dei namsmaktene som er knytt til det sams sakshandssamingssystemet, og automatisk vert formidla vidare til Lausøyreregisteret. Spørsmålet om sanksjonar mot namsmakter som ikkje oppfyllar plikta til å registrere utleggstrekk, og spørsmålet om unntak frå registreringsplikta for heilt kortvarige trekk, kjem difor i eit anna lys enn i 1992 og under høyringa i 2000. Departementet kan ikkje sjå at det er behov for sanksjonsreglar når ein baserer seg på automatiske rutinar. Når det gjeld registrering av heilt kortvarige trekk, foreslår departementet at ein for tryggleiks skuld likevel bør ha ein heimel til å gjere unntak frå registreringsplikta, jf. utkastet til ny § 34 a i tinglysingslova.

3.4 Særnamsmaktenes avgjerder om «inkje til utlegg»

3.4.1 Innleiing. Forslaget i høyringsnotatet

Etter tvangsfullføringslova § 7-25 skal ei tvangsforretning som endar med at det ikkje vert tatt utlegg, avsluttast ved at namsmannen gjev begge paratar utskrift av namsboka som syner utfallet og kva som er gjort. Avslutning av saka etter § 7-25 har mellom anna som verknad at namsmannen ikkje av eige tiltak kan ta saka opp att, jf. tvangsfullføringslova § 5-15. I namsboka skal det kortfatta gjerast greie for kva undersøkingar namsmannen har foretatt for å utgreie skyldnarens formuestilhøve, og på kva måte namsmannen har vore eller har søkt å kome i kontakt med skyldnaren. Saksøkjaren kan klage på ei avgjerd om «inkje til utlegg».

Ved endringa ved lov 11. juni 1993 nr. 83 vart det presisert i tvangsl. § 7-25 første punktum at paragrafen gjeld når utlegg ikkje vert tatt av di den saksøkte ikkje har formuesgode eller lønn eller andre pengekrav som nemnt i dekningslova § 2-7 som det kan takast utlegg i. Føresegna gjeld til dømes ikkje dersom utlegg ikkje vert tatt av di den saksøkte oppfyller kravet under utleggsforretninga. Vidare vart det fastsett i andre punktum at utskrift av namsboka utan ugrunna opphald skal sendast til registrering i Lausøyreregisteret. I tredje punktum vart det fastsett at plikten til oversending til Laus-

øyreregisteret ikkje gjeld for særnamsmaktene. Bakgrunnen for regelen i tredje punktum var mellom anna at Statens innkrevjingsssentral i si høyringsfråsegn hadde uttalt at innkrevjingsssentralen normalt ikkje hadde noka formell avslutning av utleggsforsøk i saker der det ikkje er funne verdiar å ta utlegg i. Departementet la òg vekt på at den avgrensa namskompetansen som mange særnamsmakter har, gjer at konklusjonen «inkje til utlegg» ikkje alltid vil vere dekkjande for skyldnarens formuesstilling, jf. Ot.prp. nr. 77 (1992–93) på s. 20.

Særnamsmaktene har varierende kompetanse til å ta utleggspant.

Skattefutane kan i medhald av lov 21. juli 1894 nr. 5 om delvis Omordning av det civile Embedsværk § 5 treffe avgjerd om tvangsfullføring etter reglane i skattebetalingslova. Dei kan altså leggje ned utleggstrekk. Dei kan òg ta utleggspant dersom departementet har fastsett dette. Finansdepartementet har gjeve alle skattefutar kompetanse til å ta utleggspant.

Dei kommunale skatteoppkrevjarane kan etter skattebetalingslova § 33 nr. 1 treffe avgjerd om utleggstrekk etter reglane i dekningslova § 2-7. Etter skattebetalingslova § 36 kan skatteoppkrevjarane òg få delegert kompetanse til å ta utleggspant for krav som er omhandla i skattebetalingslova.

Statens innkrevjingsssentral kan i medhald av straffeprosesslova § 456 tredje ledd ved inndring av bøter og andre pengekrav som er tilkjende i ei offentleg straffesak, treffe avgjerd om utleggstrekk etter reglane i dekningslova § 2-7. Sentralen kan òg stifte utleggspant for kravet dersom panteretten kan få rettsvern ved registrering i eit register eller ved underretning til ein tredjeperson, og forretninga i medhald av tvangsfullføringslova § 7-9 kan haldast på innkrevjingsssentralen sitt kontor. For andre krav som innkrevjingsssentralen har kompetanse til å krevje inn, kan den stifte utleggspant i den utstrekning det finst heimel for det i særskilt lovføresegn. Mange av dei aktuelle lovene har same regulering på dette punktet som straffeprosesslova. I andre høve må innkrevjingsssentralen setje fram krav om utleggspant for dei alminnelege namsmaktene.

Trygdeetatens innkrevjingsssentral (TI) kan i medhald av lov 9. desember 1955 nr. 5 om innkrevjing av underholdsbidrag (tilskotsinnkrevjingslova) § 8 første ledd treffe avgjerd om utleggstrekk etter dekningslova § 2-7. TI kan òg i medhald av § 8 tredje ledd stifte utleggspant for kravet dersom panteretten kan få rettsvern ved registrering i eit register eller ved underretning til ein tredjeperson, og utleggsforretninga kan haldast på TI sitt kontor etter tvangsfullføringslova § 7-9 første ledd. I andre

høve må TI setje fram krav om utleggspant for dei alminnelege namsmaktene, jf. tilskotsinnkrevjingslova § 9 første punktum.

Utgangspunktet er at tvangsfullføringslova berre gjeld for dei alminnelege namsmaktene, med mindre noko anna er fastsett i særlovgevinga, jf. Ot.prp. nr. 65 (1990–91) på s. 71. Det følgjer av skattebetalingslova § 40 a at for skatteoppkrevjarane gjeld reglane i tvangsfullføringslova om gjennomføring av utleggsforretninga, herunder reglane om klage, bortfall og oppheving av utlegg, om ikkje anna er fastsett i skattebetalingslova. Regelen i skattebetalingslova § 40 a med tilvisning til reglane i tvangsfullføringslova gjeld tilsvarende for skattefutane, med heimel i 1894-lova § 5 tredje ledd. For Trygdeetatens innkrevjingssentral er same regel fastsett i tilskotsinnkrevjingslova § 15 første ledd, og for Statens innkrevjingssentral i straffeprosesslova § 456 tredje ledd tredje punktum. I Ot.prp. nr. 65 (1990–91) på s. 317 heiter det at det følgjer av formuleringa «tvangsfullbyrdeslovens regler om gjennomføring av utleggsforretninga» at mellom anna reglane i tvangsfullføringslova §§ 7-9 til 7-28 gjelder for særnamsmaktene. Ut frå ordlyden gjeld då regelen i tvangsfullføringslova § 7-25 om avslutning av forretning om «inkje til utlegg» for særnamsmaktene. Men her må ein truleg leggje til grunn ei innskrenkande tolking. Av di dei fleste særnamsmaktene ikkje har høve til å halde forretning for utleggspant i alle formuesgodar som skyldnaren eig, har dei oftast ikkje grunnlag for å fastslå at det ikkje finst noko å ta utlegg i. Dei kan berre konstatere at det ikkje finst noko å leggje ned utleggstrekk i, og at det heller ikkje finst beslagbare formuesgode som dei sjølv har kompetanse til å ta utleggspant i. Tilskotsinnkrevjingslova § 9 fastset at særnamsmakta i saker der den finn at kravet bør søkjast innkravd ved forretning for utleggspant den sjølv ikkje kan halde, skal sende krav om utlegg til den alminnelege namsmannen. Ein må truleg tolke denne regelen og tilsvarende reglar for andre særnamsmakter som særreglar som inneber at reglane i tvangsfullføringslova § 7-25 ikkje gjeld.

I saker der til dømes ein kommunal skatteoppkrevjar har heimel til både å leggje ned utleggstrekk og å ta utleggspant i alle skyldnarens formuesgodar, må det leggjast til grunn at tvangsfullføringslova § 7-25 gjeld.

I høyringsnotatet 9. juni 2000 heiter det:

«Det må også vurderes i hvilken utstrekning beslutning om at det ikke er noe å ta utlegg i hos skyldneren, bør registreres. Tvangsfullbyrdesloven § 7-25 tredje punktum (etter endringsloven i 1993) medfører at særnamsmyndighetens beslutninger om intet til utlegg er unntatt

fra registrering i Løsøreregisteret. Begrunnelsen for dette er at særnamsmyndighetene sjelden holder en formell utleggsforretning. Særnamsmyndighetene er vanligvis både kreditor og tvangsmyndighet. De foretar derfor undersøkelser i forhold til skyldneren som ledd i sin innkreving, men utformer sjelden en formell beslutning om «intet til utlegg». En slik beslutning blir vanligvis bare truffet der det er tale om å avbryte foreldelse. Samtidig vil det være mange slike avgjørelser som ikke foretas formelt, men som vil kunne ha stor verdi for kreditorer og potensielle kredittytere. Det er likevel viktig at registrering i Løsøreregisteret ikke pålegger særnamsmyndighetene nye plikter i forhold til å avholde formelle forretninger for intet til utlegg. Disse hensynene bør avveies mot hverandre. Departementet ber om høyringsinstansenes synspunkter på dette spørsmålet.»

3.4.2 Høyringsfråsegnene og Skatteoppkreverutvalgets utgreiing

Fleirtalet av høyringsinstansane som uttaler seg om spørsmålet, ønskjer at særnamsmaktens forretningar med resultat «inkje til utlegg», skal registrerast.

Sosial- og helsedepartementet uttaler:

«De aktuelle registreringer i Løsøreregisteret vil trolig bedre muligheten til å kunne innhente kredittopplysninger effektivt og med større troverdighet. Imidlertid begrenses nytten av dette ved at saker mot skyldnere med svært svak økonomi ikke får registrert «intet til utlegg» fra særnamsmennene. Det dreier seg her om høyt prioriterte krav som ville tjene som særdeles verdifull informasjon for kreditorer og potensielle kredittytere.

I enkelte bidragssaker benytter TI den ordinære namsmann for å ta utlegg i formuesgoder som TI selv ikke har adgang til å foreta fra kontorpulten. I slike tilfelle antar vi det er meningen at det skal sendes melding om «intet til utlegg» til Løsøreregisteret. Vi synes da etter omstendighetene man bør ta skrittet fullt ut og la også forgjeves utlegg foretatt av TI selv og andre særnamsmenn bli omfattet av registreringsplikt ved Løsøreregisteret. Som det framgår dreier det seg sjelden om en formell utleggsforretning. Vi mener som utgangspunkt imidlertid at dette ikke er en tilstrekkelig grunn for å unnta særnamsmennene fra kravet om registrering av «intet til utlegg», jfr. tvfbl. § 7-25 siste punktum. Det bør være avgjørende å øke Løsøreregisterets troverdighet som kredittopplysningssentral og for ytterligere å hindre unødige kostnader ved forgjeves forsøk på tvangsfullbyrdelse. Vi antar derfor at man bør vurdere lovendringer

med sikte på likestilling av særnamsmyndighetene med andre namsmenn på dette punkt, eventuelt ved å likestille særnamsmennenes forenklede beslutninger med en formell utleggsforretning.»

Bergen byfogdembete uttaler:

«I en rekke tilfeller fatter særnamsmennene beslutninger om intet til utlegg. I mange av disse tilfellene er utleggsforretning avholdt som et første steg mot å fremme konkursbegjæring mot skyldneren. Dette synes å være opplysninger av så vesentlig betydning for andre fordringshaveres kredittvurdering, at dersom de vanligste særnamsmenns beslutninger om «intet til utlegg» ikke registreres, vil registeret vanskelig sies å være fullstendig. Kemner og skattefut er de største rekvirenter av konkursbegjæring, og de fleste begjæring er etter konkursloven § 62, etter forutgående negativ utleggsforretning. I en rekke tilfeller har vi registrert innkomne saker fra både skattefut og kemner mot samme personer/selskaper samtidig, og da etter at de respektive særnamsmenn omtrent samtidig har avholdt utleggsforretninger. Det er derfor vår oppfatning at en registrering også av særnamsmennenes beslutninger kan hindre en del dobbeltarbeid hos de samme særnamsmenn. Vår konklusjon blir derfor at også særnamsmennenes beslutninger om «intet til utlegg» bør registreres.»

Oslo byfogdembete uttaler:

«Etter vår oppfatning bør alle avholdte utleggsaker registreres, uavhengig av om det er særnamsmenn eller alminnelige namsmenn som holder saken. Den dobbeltrolle særnamsmennene oftest har ved både å være kreditor/inkassator og namsmann tilsier at det bør være ryddighet i behandlingen av disse sakene. Dette er ikke minst viktig for å kunne dokumentere fristavbrudd ved foreldelse. Slik mange særnamsmenn behandler disse sakene i dag, er det vanskelig å kunne fastslå hva som faktisk er kravets størrelse (særlig for krav på renter), når man kommer til realisering.

Det er også viktig for registerets troverdighet at det er mest mulig komplett. Dersom man fritar et betydelig omfang av sakene fra registrering i tilfeller hvor resultatet er intet til utlegg, så innebærer det at man svekker registerets verdi som redskap for kredittverdighet.»

Trondheim byfogdembete uttaler:

«Det savnes dog en tydeligere begrunnelse for forslaget § 7-25 tredje punktum om at registreringen av «intet til utlegg» ikke gjelder for særnamsmyndighetene.

Dersom det skal være slik reiser vi spørsmå-

let om dette ikke også bør gjelde for saker som normalt skulle vært behandlet av en særnamsmyndighet, men som overlates til de ordinære namsmenn.

(...)

Vi kan ikke se noen gode grunner for at særnamsmyndigheten skal være fritatt for å avholde formell forretning og sette opp protokoll. Ordensmessig bør det være det beste for alle parter at det er notoritet over hva som foretas.»

Ulstein og Hareid lensmannsdistrikt uttaler:

«Jeg har vanskelig for å se at argumentet med at særnamsmennene ikke avholder forretninger der det konkluderes med «intet til utlegg» skal hindre en god utnyttelse av ordningen. Selv om det ikke avholdes en forretning bør det etter min oppfatning være mulig å registrere en 'erklæring' med innhold tilnærmet det som fremgår i en utleggsforretning.»

Brønnøysundregistra uttaler at kredittopplysningsmyndigheten taler for at òg forretninger med resultat «inkje til utlegg» frå særnamsmakter bør registrerast.

Husbanken uttaler at for dei vil det vere ein fordel at òg avgjerder om «inkje til utlegg» frå særnamsmakter vert registrerte. Ofte har særnamsmaktene betre tilgang på opplysningar om skyldnaren enn dei alminnelege namsmaktene. Registrering av «inkje til utlegg» frå særnamsmakter kan difor føre til færre krav om utlegg.

Skattedirektoratet uttaler:

«Direktoratet stiller seg (...) uforstående til både begrunnelsen for og selve forslaget om at saker fra særnamsmyndighetene med resultatet intet til utlegg ikke skal registreres (...) Vi er av den oppfatningen at også denne informasjon er av vesentlig betydning både for andre fordringshavere og for særnamsmyndighetene selv, og registeret bør derfor inneholde slik informasjon. (...) Dersom særnamsmyndighetenes «intet til utlegg» ikke skal registreres, mener direktoratet at registeret vil bli svært mangelfullt. Statistikk for året 1999 viser at skattefogdkontorene alene hadde ca. 38.000 utleggsbegjæringer, hvorav ca 16.000 resulterte i en utleggsforretning. I tillegg kommer skatteoppkreverens utleggsforretninger og alle administrativt nedlagte påleggstrekk både hos skattefogdkontorene og skatteoppkreverene. Direktoratet er av den oppfatning at registrering eller «trussel» om registrering vil ha en preventiv effekt, og at særnamsmennenes forretninger med resultatet «intet til utlegg» av den grunn også bør registreres. (...)

Begrunnelse som er gitt for at disse utleggene ikke skal registreres, er at særnamsmenn

sjelden avholder en slik formell beslutning om «intet til utlegg». Direktoratet er usikker på hva departementet mener med «formelle utleggsforretninger». Det er i praksis de samme saksbehandlingsregler som gjelder for særnamsmyndighetene. I den grad særnamsmyndighetenes utleggsforretninger ikke holder tilfredsstillende «kvalitet» er dette noe man må gjøre noe med. Løsningen er etter vår oppfatning i så fall ikke å unnlate å registrere disse.»

Statens innkrevingsentral peiker på at SI som særnamsmann ofte held forretning med resultatet «inkje til utlegg».

Statens lånekasse for utdanning uttaler:

«Lånekassen er uenig i departementets vurdering av om og i hvilken utstrekning særnamsmyndighetene avholder formelle forretninger der resultatet er intet til utlegg.

Lånekassen har siden 1996 samarbeidet med Statens innkrevingsentral (SI). SI har to funksjoner i forhold til Lånekassens innkrevingsarbeid; SI er den sentrale namsmann for Lånekassen, samtidig som saker overføres fra Lånekassen for permanent oppfølging. Per i dag er i overkant av 30 000 saker oversendt SI som namsmann. Fra 1997 og frem til dags dato har SI avholdt nærmere 8 000 utleggsforretninger med intet til utlegg som resultat.

Etter Lånekassens oppfatning vil registrering i Løsøreregisteret ikke pålegge særnamsmyndighetene nye plikter i forhold til å avholde formelle forretninger med intet til utlegg.

Lånekassen mener at særnamsmyndighetenes avholdte forretninger med intet til utlegg bør registreres i Løsøreregisteret på lik linje med øvrige namsmenns avgjørelser.

Dersom unntaket for særnamsmyndighetene opprettholdes, vil dette innebære en svekkelse av ordningen totalt sett.

Lånekassen mener at begrunnelsen for registrering i Løsøreregisteret gjør seg i like stor grad gjeldende for særnamsmyndighetenes avgjørelser som for øvrige namsmenns avgjørelser.»

Trygdeetatens innkrevingsentral peiker på at dei ikkje har heimel for å foreta formelle forretningar med «inkje til utlegg» som resultat, og meiner det ikkje bør gjevast reglar om formell utleggsforretning og registreringsplikt. Innkrevingsentralen uttaler:

«Trygdeetatens innkrevingsentral har hjemmel i bidragsinnkrevingsloven til å nedlegge påleggstrekk og til å stifte utleggspant i enkelte formuesgoder. Da vi ikke kan se å ha hjemmel til å avholde formelle utleggsforretninger med «intet til utlegg» som resultat, eller stifte ut-

leggspant i løsøre som ikke er registrert i et realregister, oversendes et stort antall utleggsbegjæringer til lokale namsmenn, bl a for på den måten å avbryte foreldelsesfrister. Dette vil vi etter vår oppfatning måtte fortsette med, selv om et evt register ville vise at det nylig var avholdt utleggsforretning med intet til utlegg som resultat.

Vi er enig i departementets uttalelse om at en registrering i Løsøreregisteret ikke må medføre at særnamsmyndighetene blir pålagt nye plikter i forhold til å avholde formelle forretninger for intet til utlegg. Trygdeetatens innkrevingsentral har som særnamsmann ingen mulighet for å vurdere hvorvidt en skyldner er eier av eventuelle tjenlige dekningsobjekter, dersom dette ikke fremgår av noen av de registre vi har tilgang til. Hvorvidt skyldneren er eier av objekter som er registrert på andre, eller om han eier uregistrert løsøre, vil være ukjent for Trygdeetatens innkrevingsentral. Det vil derfor kunne være misvisende i forhold til andre kreditorer dersom det i slike tilfeller ble avholdt en formell forretning for intet til utlegg, og dette ble registrert i Løsøreregisteret.»

Finansnærings Hovedorganisasjon og Sparebankforeningen uttaler:

«Formålet med registreringsordningen og hensynet til en bedre kredittvurdering tilsier at registreringen bør være så fullstendig som mulig. Særnamsmenns avgjørelser om å ikke avholde utleggsforretning vil ha betydning for kreditorer og potensielle kredittgivere på linje med utleggsforretninger som avsluttes med resultat «intet til utlegg». Det bør derfor ikke gjøres unntak for særnamsmyndighetene, når det gjelder registrering av utleggsforretninger som avholdes med «intet til utlegg».

(..)

Der det treffes en beslutning om å avholde utleggsforretning bør forretningen også avsluttes på en korrekt måte ved at det utformes en formell beslutning om «intet til utlegg». I denne forbindelse kan vi nevne at i forhold til plikten til å gi namsmannen opplysninger om midler som saksøkte eier, jfr. tvangsfullbyrdelsesloven § 7-12, anser bankene det naturlig at det fra namsmyndighetenes side bør være truffet en beslutning om å avholde utleggsforretning før taushetsbelagte opplysninger om bankens kunder gis.»

NKK – Forbund for kommunal økonomiforvaltning og skatteinnfordring har som hovudsynspunkt at kemnarane og kommunekasserarane generelt bør fritakast frå undersøkings- og meldepliktene som er omhandla i høyringsnotatet. Om «inkje til utlegg» uttaler forbundet:

«En eventuell registreringsplikt vil ikke påføre oss nye plikter i forhold til å avholde formelle forretninger for intet til utlegg. Oslo kemnerkontor avholder 12–13 000 utleggsforretninger i året, hvorav ca 70 % av disse ender med intet til utlegg. Disse beslutningene er formelle og følger reglene om gjennomføring av utleggsforretningen i tvfbl, jf sktbl § 40 a.

(...)

Opplysninger om intet til utlegg er relevant både ved kredittvurderinger og spørsmålet om tvangsinnndrivelse skal begjæres. Hensynet til den troverdighet som søkes oppnådd ved registreringsplikten i Løsøreregisteret tilsier derfor at alle namsmyndigheter har registreringsplikt.

En eventuell registreringsplikt vil medføre økonomiske og administrative konsekvenser for det innfordringsarbeidet vi gjør både for stat og kommune. Oslo kemnerkontor avholder mellom 8 og 9 000 saker i året hvor resultatet er intet til utlegg. Spørsmålet om særnamsmyndighetene skal unntas registreringsplikt bør vurderes opp mot det totale kostnadsnivå og i sammenheng med det som søkes oppnådd ved registreringsplikten.

Dersom det ansees for kostbart å innføre registreringsplikt for særnamsmyndighetene, er spørsmålet om ordningene i sin helhet kan sies å gi noe særlig mer troverdighet enn de oppslagsmuligheter som finnes gjennom registre i dag.»

Norges Lensmannslag vil skilje mellom dei tilfella der ein særnamsmann foretar ei formell forretning om «inkje til utlegg» og andre tilfelle. Dei uttaler:

«Spørsmålet om hvorvidt særnamsmennenes beslutninger om «intet til utlegg» skal registreres er av stor betydning for hvorvidt registreringen skal ha sin fulle verdi med tanke på kredittopplysninger. Vi mener at de forretningene som særnamsmennene formelt holder med «Intet til utlegg» bør registreres på lik linje med alle andre. Når det gjelder de sakene hvor særnamsmennene etter en nærmere vurdering avstår fra å holde forretningen, vil grensegangen mellom det som tidligere normalt ville bli sendt til den ordinære namsmannen for utlegg og de undersøkelserne som foretas som et ledd i innkrevningen bli vanskelig. Vi mener det både vil føre til ulik praksis, og i tillegg pålegge innkrevningsmyndighetene oppgaver hvor ressursknapphet også kan bli avgjørende for praksis. Til tross for at det vil redusere betydningen av registerets verdi for kredittopplysningene, mener vi derfor det ikke bør pålegges særnamsmennene noen plikter med hensyn til å formalisere sine innkrevningstiltak gjennom ellers verdiløse utleggsforretninger.»

Posten Norge BA meiner at ut frå eit innfordrings- og kredittsynspunkt er registrering av «inkje til utlegg» frå særnamsmaktene av interesse.

I NOU 2004: 12 på s. 52–53 uttaler Skatteoppkreverutvalget:

«Den form for offentlighet det blir omkring et betalingsmislighold gjennom at utlegg som tas for kravet blir registrert enten i et realregister eller i Løsøreregisteret, må generelt antas å ha en forebyggende effekt. Det gjelder også misligholdte skatte- og avgiftskrav, spesielt fordi kredittopplysningsforetakene henter opplysninger fra disse registrene til bruk i sin kredittopplysningsvirksomhet og at det derfor normalt vil bli registrert en betalingsanmerkning på vedkommende skyldner som en konsekvens av at det tas utlegg for det misligholdte kravet.

I saker der det avholdes utleggsforretning overfor en skyldner, men det ikke blir funnet eiendeler som kan tjene til utlegg for kravet, skjer det derimot etter gjeldende regelverk ikke noen form for registrering. I henhold til gjeldende § 7-25 i tvangsfullbyrdelsesloven avsluttes slike saker ved at «namsmannen gir begge parter utskrift av namsboken som viser hva som er utfallet og hva som er foretatt.»

Utvalget ser det som uheldig at utfallet av utleggsforretningen på denne måten blir avgjørende for hvorvidt det skjer en registrering av utleggsforretningen, og at dette er avgjørende for at skyldforholdet blir offentlig kjent. Ut fra hensynet til forebygging av mislighold av skatte- og avgiftskrav burde det således også skje en registrering i de saker hvor det er avholdt såkalte «intet til utlegg»-forretninger.

(...)

Under henvisning til at en ordning med registrering av utleggsforretninger med intet til utlegg i Løsøreregisteret antas å kunne ha en forebyggende effekt for mislighold av skatte- og avgiftskrav, og under henvisning til at dagens ordning kan medføre et tilleggsmotiv for skyldnere til å skjule sine formuesgoder, vil utvalget anmode om at Justisdepartementet viderefører arbeidet med å legge til rette for slik registrering. Den forebyggende effekt av utleggsforretninger for skattegjeld vil imidlertid være avhengig av at samtlige slike forretninger registreres, uavhengig av om forretningen er avholdt av de ordinære namsmennene eller av særnamsmyndighetene. Utvalget viser til at særnamsmennene i skatteforvaltningen avholder mange utleggsforretninger. Den administrative merbelastningen ved å registrere disse forretningene, antas å være beskjeden. Det bør således ikke gjøres unntak for registrering i saker som er avholdt av skatteoppkreveren eller andre særnamsmyndigheter.»

3.4.3 Departementets vurderingar

Høyringa tyder på at praksis er varierende med omsyn til om særnamsmaktene held formelle forretningar om «inkje til utlegg». Det ser ut til at skattefutane, dei kommunale skatteoppkrevjarane og Statens innkrevjingssentral ofte held formelle forretningar, medan Trygdeetatens innkrevjingssentral ikkje gjer det.

Det avgjerande for om ei avgjerd om «inkje til utlegg» frå ei særnamsmakt skal registrerast, må, slik departementet ser det, vere om særnamsmakta har full kompetanse til å ta utleggspant i tillegg til utleggstrekk, og at det er halde ei formell forretning. Der til dømes ein kommunal skatteoppkrevjar med heimel til både å leggje ned utleggstrekk og å ta utleggspant i alle skyldnaren sine formuesgode gjennomfører ei formell utleggsforretning etter tvangsfullføringslova § 7-25 med «inkje til utlegg» som konklusjon, bør forretninga etter departementet sitt syn registrerast i Lausøyreregisteret. Alle skattefutane har no fått full kompetanse i utleggssaker. Etter det departementet kjenner til, treffer skattefutane ofte formelle avgjerder om «inkje til utlegg». Det er då ingen grunn til at deira avgjerder ikkje skal vere omfatta av registreringsplikta.

Departementet har merka seg at fleirtalet av høyringsinstansane ønskjer at alle avgjerder om «inkje til utlegg» frå særnamsmaktene skal registrerast, særleg ut frå kredittopplysningsomsyn. Departementet meiner likevel det ikkje bør innførast registreringsplikt for slike avgjerder frå sær-

namsmakter som ikkje har kompetanse til å ta utleggspant i alle formuesgode. Ei namsmakt som berre har kompetanse til å treffe avgjerd om utleggstrekk og enkelte former for utleggspant, vil ikkje kunne konstatere at det finst «inkje til utlegg» hos skyldnaren. Som Trygdeetatens innkrevjingssentral peiker på, har innkrevjingssentralen som særnamsmakt ikkje moglegheit for å vurdere kor vidt ein skyldnar eig eventuelle tenlege dekningsobjekt som ikkje er registrerte, til dømes lausøyregjenstandar. Det vil då vere misvisande å registrere ei avgjerd om at det finst «inkje til utlegg» hos skyldnaren. Dersom ein særnamsmakt i eit slikt tilfelle, basert på at det ikkje finst rom for utleggstrekk eller formuesgode som særnamsmakta sjølv kan ta utlegg i, treffer ei formell avgjerd om «inkje til utlegg», meiner departementet at avgjerda ikkje bør registrerast.

Heller ikkje i dei tilfella der særnamsmaktene som ledd i si kreditorrolle undersøker skyldnaren si formuesstilling, og på bakgrunn av undersøkinga finn at det ikkje bør haldast utleggsforretning, bør det etter departementets syn innførast ei plikt til formalisering og registrering. Det er grunn til å tru at ei slik plikt vil verke fordyrande og kompliserande for særnamsmaktene. I slike tilfelle treng ikkje særnamsmaktas konklusjon om at det ikkje bør haldast utleggsforretning, innebere anna enn at namsmakta vil sjå tida an før det vert gjort nye undersøkingar av skyldnarens formuestilhøve. Personvernomsyn taler sterkt mot at slike uformelle undersøkingar vert registrerte.

4 Forholdet til personopplysningslova

4.1 Forslaget i høringsnotatet

I departementets høringsnotat heiter det:

«Lov 9. juni 1978 nr. 48 om personregistre m.m. § 14 bestemmer at et foretak som driver kredittopplysning, må ha konsesjon. Kredittopplysning er etter § 13 virksomhet som består i å gi meddelelser som belyser kredittverdighet eller økonomisk vederheftighet. Forskrift 21. desember 1979 nr. 22 om personregistre § 4-1 angir en del virksomheter som ikke regnes som kredittopplysningsvirksomhet. Etter § 4-1 nr. 1 er meldinger fra offentlige registre om rettigheter og heftelser i fast eiendom eller løsøre ikke regnet som kredittopplysning. Løsøreregisteret registrerer etter gjeldende rett bare ulike typer panteheftelser. Dette gjør at Løsøreregisteret ikke er å anse som kredittopplysningsvirksomhet. Utvidet registrering av utleggspant vil trolig ikke få innvirkning i forhold til personregisterloven. Dersom Løsøreregisteret også skal opplyse om løpende utleggstrekk og beslutning om «intet til utlegg», vil dette gå ut over det som er angitt etter personregisterforskriften § 4-1 nr. 1. Det synes imidlertid lite hensiktsmessig at noen av registreringene i Løsøreregisteret skal reguleres av personregisterloven, mens andre faller utenfor. Av den grunn foreslås å gjøre en endring i omfanget av hva som omfattes [av] denne lovgivningen slik at registrering av utleggstrekk og «intet til utlegg» i Løsøreregisteret ikke blir å betrakte som kredittopplysningsvirksomhet. Det må imidlertid tas hensyn til personregisterlovens bestemmelser når regler for registrering av en del utleggstrekk og «intet til utlegg» skal utformes.

Personregisterloven vil bli opphevet ved ikrafttredelsen av ny lov om behandling av personopplysninger. Samtidig oppheves også forskriften om personregistre. Inntil videre vil imidlertid de reguleringer som gjelder kredittopplysningsvirksomhet videreføres til det er foretatt en bredere gjennomgang av rettsområdet. Bestemmelsene om kredittopplysningsvirksomhet i gjeldende personregisterlov og tilhørende forskrift vil bli tatt inn i en ny forskrift med hjemmel i den nye personopplysningsloven og må derfor fortsatt legges til grunn. På grunnlag av dette vil det være nødvendig å endre området for gjeldende lovgivning når det gjelder hva som regnes som kredittopplysningsvirksomhet.»

Lov 14. april 2000 nr. 31 om behandling av personopplysninger (personopplysningslova) vart sett i kraft 1. januar 2001. Med heimel i personopplysningslova § 3 tredje ledd er det gjeve ei forskrift 15. desember 2000 nr. 1265 (personopplysningsforskrifta). Forskrifta har i kapittel 4 reglar om kredittopplysningsverksemd. Omgrepet kredittopplysningsverksemd er definert i forskrifta § 4-2. Etter § 4-2 andre ledd bokstav a reknast meldingar frå offentlege register om rettar og heftingar i fast eigedom eller lausøyre framleis ikkje som kredittopplysningsverksemd. Hovudregelen er elles at som kredittopplysningsverksemd vert rekna verksemd som «belyser kredittverdighet eller økonomisk vederheftighet».

4.2 Høringsfråsegnene

Brønnøysundregistra uttaler:

«Etter Brønnøysundregistrenes oppfatning er Løsøreregisterets arbeidsoppgaver grunnleggende forskjellig fra kredittopplysningsforetakenes virksomhet. Et slikt unntak er en naturlig konsekvens av dette.

(...)

Brønnøysundregistrene er enig med departementet i at det er uheldig at deler av Løsøreregisterets virksomhet skal falle innunder regelverket for kredittopplysningsvirksomhet, mens andre deler faller utenfor. Unntaket i personregisterforskriften (personopplysningsforskriften) bør således utvides til også å omfatte registrering av utleggstrekk og intet til utlegg. Hvis det for disse registreringene er nødvendig med særskilte regler som ivaretar personvernet bør dette reguleres i særforskriften.»

Datatilsynet uttaler:

«Registrering og utgivelse av opplysninger om rettigheter og heftelser i fast eiendom og løsøre fra offentlige registre er i dag ikke å anse som ledd i konsesjonspliktig kredittopplysningsvirksomhet. Dette følger av hovedforskrift § 4-1 nr. 1 til lov om personregistre m.m. av 09.06.78 nr. 48. Datatilsynet har ved flere anledninger gitt uttrykk for at vi er av den oppfatning at også utgivelse av opplysninger av denne typen fra offentlige registre bør være underlagt reglene om kredittopplysningsvirksomhet i og i medhold av

personregisterloven (med unntak av selve konsesjonspliktsbestemmelsen).

Vi erkjenner imidlertid at tiden ikke er inne for å ta opp denne diskusjonen nå, da personregisterloven om kort tid skal erstattes av personopplysningsloven (lov om behandling av personopplysninger 14.04.00 nr. 31). I medhold av personopplysningsloven er det foreslått å videreføre gjeldende regler om kredittopplysningsvirksomhet i påvente av en større gjennomgang av regelverket for denne type virksomhet. Også reglene om unntak fra kredittopplysningsreglene foreslås videreført. Datatilsynet anser det derfor som hensiktsmessig at man i denne omgang også velger å unnta offentlige registres registrering og utgivelse av opplysninger om utleggstrekk og «intet til utlegg» fra de konkrete reglene om kredittopplysningsvirksomhet. En grundigere vurdering av om dette er et system som bør være varig, bør eventuelt foretas i forbindelse med en total gjennomgang av regelverket for kredittopplysningsvirksomhet.»

Finansnæringens Hovedorganisasjon og Sparebankforeningen uttaler:

«FNH og Sparebankforeningen er enige med departementet i at det er lite hensiktsmessig at noen av registreringene i Løsøreregisteret skal reguleres av personregisterloven, mens andre faller utenfor. En bestemmelse om at registre-

ring av utleggstrekk og «intet til utlegg» heller ikke skal regnes som kredittopplysningsvirksomhet bør derfor inntas i någjeldende forskrift om personregistre § 4-1 og videreføres i utkast til forskrift med hjemmel i ny personopplysningslov, § 3-1.»

Norske Kredittopplysningsbyråers Forening uttaler:

«Etter vår oppfatning er det liten grunn til å behandle denne type behandling av personopplysninger annerledes enn behandling av kredittopplysninger for øvrig og forholdet bør revurderes ved forberedelsen av en eventuell ny lov om kredittopplysningsvirksomhet.»

4.3 Departementets vurderingar

Departementet foreslår å føre vidare forslaget i høyringsnotatet. Dette inneber at det vert innført eit unntak i personopplysningsforskrifta, om at registrering av utleggstrekk og avgjerder om «inkje til utlegg» i Lausøreregisteret og utlevering av opplysningane frå registeret ikkje vert rekna som kredittopplysningsverksemd. Forskriftsendringa må skje i samband med ikraftsetjinga av lovendringane som vert foreslått i proposisjonen her.

5 Skyldnaren sin rett til innsyn i registrerte opplysningar

5.1 Innleiing

I høringsnotatet frå departementet heiter det:

«Etter edbtinglysningsforskriften § 23 har enhver rett til å få vite hvilke opplysningar som er registrert om en selv. Etter tredje ledd i denne bestemmelsen er innsynsrett i Løsøreregisteret regulert av de alminnelige regler i personregisterloven. Tilsvarende bestemmelse foreslås å gjelde for rett til innsyn i utleggstrekk og beslutning om «intet til utlegg». Bestemmelsen må videreføres i etbtinglysningsforskriften når personregisterloven oppheves.»

Tinglysningsforskrifta er endra etter at personopplysningslova trådte i kraft. Forskrifta § 23 tredje ledd fastset no at for innsynsrett i Lausøreregisteret gjeld dei alminnelige reglane, jf. lov om behandling av personopplysningar 14. april 2000 nr. 31 med forskrifter. Personopplysningslova § 18 har nærmare reglar om innsynsretten etter lova. Mellom anna fastset § 18 andre ledd bokstav a at dersom den som ber om innsyn i personopplysningar er registrert, skal den «behandlingsansvarlige» opplyse om kva for opplysningar om den registrerte som vert handsama. Det følgjer av personopplysningslova § 24 at informasjonen kan krevjast skriftleg. Det følgjer av personopplysningslova § 17 at det ikkje kan krevjast vederlag for å gje ut informasjon etter § 18.

5.2 Høringsfråsegnene

Datatilsynet uttaler:

«Utøvelse av innsynsrett ut over det man får gjennom tilsendte gjenparter, må slik det legges opp til i høringsnotatet punkt 4.4, være gratis for de registrerte. Kostnadsfritt innsyn er i samsvar med personopplysningsloven § 17. Det er her verdt å merke seg at Stortinget, under behandling av personopplysningsloven, fjernet forslag til forskriftshjemmel som ville gitt departementet myndighet til å gi forskrift om betaling for bruk av innsynsrett. Dette må tolkes som et tegn på at Stortinget anser muligheten til å benytte innsynsretten som helt grunnleggende i personvernssammenheng. Stortingets syn

bør legges til grunn også i utarbeidelse av annet regelverk.»

Statens lånekasse for utdanning støt forslaget om at skyldnaren skal ha innsynsrett i registrerte opplysningar i Lausøreregisteret.

Gjeldsoffer-Alliansen uttaler at dei forutset at innsynsretten skal vere vederlagsfri for skyldnaren. Praksisen hos kredittopplysningsbyråa med å krevje gebyr for dette, er etter alliansens mening lite tilfredsstillande. Gjeldsoffer-Alliansen uttaler vidare:

«Derimot støtter vi ikke forslaget om at opplysninger om prioritet bare skal gis til namsmyndighetene. Tvert imot må det inn i loven at slike opplysninger kan gis til skyldner eller deres fullmektig. Dette må være en naturlig del av skyldners innsynsrett. Både kommunale rådgivere og GOA har legitimt behov for disse opplysningene. Mange skyldnere vet ikke hva de blir trukket for.»

5.3 Departementets vurderingar

Departementet foreslår å videreføre forslaget i høringsnotatet om at skyldnaren skal ha gratis innsynsrett i Lausøreregisteret. Retten til gratis innsyn vil følgje av tinglysningsforskrifta § 23 tredje ledd om innsynsrett i Lausøreregisteret samanheldt med personopplysningslova §§ 17 og 18. Det er difor ikkje gjort framlegg om lovendring på dette punktet i proposisjonen her.

Eit anna spørsmål er kva for reglar som skal gjelde for skyldnaren sin rett til innsyn i opplysningar i det sams sakshandsamingssystemet hos Statens innkrevjingsentral. Dette systemet vil innehalde fleire opplysningar enn Lausøreregisteret, mellom anna ulike opplysningar om inntekts- og formuestilhøve og meir detaljerte opplysningar om utleggstrekk.

Gjeldande reglar gir ikkje skyldnaren krav på innsyn i dei opplysningane Statens innkrevjingsentral har lagra om vedkommande til bruk i si eiga eller andre namsmenn si tvangsfullføring. Personopplysningslova gjeld ikkje for saker som vert handsama eller avgjort i medhald av rettspleielovene (mellom anna tvangsfullføringslova og straffe-

prosesslova), sjå personopplysningsforskrifta § 1-3. Reglane i tvangsfullføringslova gjev ikkje rett til innsyn i anna enn namnboka hos kvar enkelt namsmann og dokumenta knytt til kvar enkelt sak hos den einskilde namsmannen. Innsyn i eit sams sakshandsamingssystem fell utanfor denne retten. Personvernomsyn talar sterkt for at den det gjeld, må ha rett til innsyn i dei til dels omfattande opplysningane som Statens innkrevjingssentral vil ha lagra om vedkommande. Ei mogleg løysing ville vere å justere personopplysningsforskrifta slik at personopplysningslova gjaldt. Etter departementet si meining er det ei betre løysing i staden å fastsetje innsynsretten i straffeprosesslova § 456. Av di innsynsretten vil vere direkte knytt opp mot dei opplysningane som Statens innkrevjingssentral har lagra, vil

retten til innsyn gjelde uavhengig av kva for ei kjelde opplysningane kjem frå i utgangspunktet.

Departementet viser til framlegget til endring av straffeprosesslova § 456 nytt sjettede ledd andre punktum og merknadane til framlegget.

Når det gjeld kommunale økonomiske rådgjevarar og andre som skyldnaren har bede om hjelp, meiner departementet at det ikkje er naudsynt å fastsetje særskilde reglar om deira innsynsrett. Dei kan eventuelt innhente opplysningane etter skriftleg fullmakt frå skyldnaren. Dei økonomiske rådgjevarane kan òg innhente opplysningar i medhald av sosialtenestelova § 8-5 andre ledd. Etter denne regelen er det eit hovudprinsipp at opplysningar kan innhentast etter samtykke frå skyldnaren.

6 Melding til skyldnaren om registrering

6.1 Forslaget i høringsnotatet

I departementets høringsnotat heiter det:

«Skyldneren bør få melding fra namsmyndighetene om at et utleggstrekk eller beslutning om «intet til utlegg» blir registrert i Løsøreregisteret. På denne måten sikres det at opplysningene registreres på riktig person og at de for øvrig er korrekte. En slik melding til skyldneren bør også opplyse om at innsyn kan kreves kostnadsfritt ved henvendelse til Løsøreregisteret. Opplysningen bør gis samtidig med at beslutningen om utleggspant, utleggstrekk eller «intet til utlegg» meddeles skyldneren. Se nærmere utkast til endringer i tvangsfullbyrdelsesloven §§ 7-19, 7-21 og 7-25.»

I høringsnotatet vart det foreslått eit nytt fjerde punktum i tvangsl. § 7-19 første ledd om at saksøkte skal få melding om at utlegget vil verte registrert på den saksøkte sitt blad i Lausøreregisteret, og at den saksøkte har innsynsrett i opplysningar som er registrert på vedkomande. Slik melding skal den saksøkte få samstundes med at han får utskrift av namsboka etter at utleggspant er tatt. Det vart vidare foreslått ei endring i tvangsl. § 7-21 andre ledd, om at den saksøkte skal få slik melding som nemnt i § 7-19 første ledd fjerde punktum samstundes med at han får underretning om eit utleggstrekk ved utskrift av namsboka. Vidare vart det foreslått ei endring i tvangsl. § 7-25 om at melding som nemnt i § 7-19 første ledd fjerde punktum skal gjevast til den saksøkte samstundes med at han får utskrift av namsboka etter ei utleggsforretning med resultat «inkje til utlegg».

6.2 Høringsfråsegnene

Barne- og familiedepartementet uttaler:

«Vi finner grunn til å understreke betydningen av at skyldneren gis melding om at et utleggstrekk eller en beslutning om «intet til utlegg» er registrert på vedkommende (...). Dette sikrer at opplysningene ikke er feilaktige eller mangelfulle, noe som har vært et problem i forbindelse med registrering av slike opplysninger.»

Bergen byfogdembete uttaler:

«En registrering av en beslutning om «intet til utlegg» vil kunne få vidtrekkende konsekvenser for skyldneren, ikke bare i forholdet til denne kreditor, men også andre kreditorer kan benytte registreringen som insolvenspresumsjon for en konkursbegjæring. Det synes derfor åpenbart at skyldneren må varsles om registreringen, og om gitte kredittopplysninger – særlig gjelder dette for slike opplysninger som kan brukes som insolvenspresumsjon etter konkursloven § 62. Når kreditor kan hente insolvenspresumsjonen ut av registeret i stedet for først å igangsette enkeltforfølging ved først å skaffe seg tvangsgrunnlag og deretter begjære utleggsforretning, kan skyldner risikere at det første varsel fra en kreditor, er innkalling til skifteretten. De videre konsekvenser av en negativ utleggsforretning kan i dag ofte avverges ved at forholdet til denne kreditor ordnes eventuelt ved et låneopptak, mens en registrering av negative utleggsforretninger vil kunne medføre konkurspågang fra samtlige øvrige kreditorer med forfalte krav. Varslingsplikten er derfor særlig viktig i disse tilfellene. Både varsling om registreringen, og varsling om oppslag i registeret.»

Oslo byfogdembete uttaler:

«I forbindelse med utleggsforretningen sendes alltid resultat i saken til skyldner. Det burde være tilstrekkelig at det samtidig opplyses at registrering i Løsøreregisteret vil skje.»

Statens lånekasse for utdanning og Gjeldsoffer-Alliansen støt forslaget om at skyldnaren får melding frå namsmaktene om at utleggstrekk eller avgjerd om inkje til utlegg er registrert.

Norske Kredittopplysningsbyråers Forening uttaler:

«Kredittopplysningsbyråene støtter forslaget om plikt til forhåndsvarsling ved registrering av de nevnte opplysningstyper i Løsøreregisteret. Tiltaket vil bidra til å forebygge feilregistreringer. Opplysningene registreres med sikte på levering til andre og kredittopplysningsbyråene er selv en stor avtaker av opplysninger fra Løsøreregisteret. Kredittopplysningsbyråene mottar i dag en del henvendelser som følge av feil-

registreringer i Løsøreregisteret. Byråene retter i slike tilfeller eget register men den registrerte må i tillegg kontakte Løsøreregisteret for retting der. Varsling direkte fra Løsøreregisteret sikrer at eventuelle feil meldes til, og rettes, der feilen har oppstått. Kredittopplysningsbyråene mottar rutinemessig oppdateringer og feilrettinger fra registeret. Tiltaket vil være til fordel for den registrerte.

Med personopplysningsloven blir det innført varslingsplikt for behandling av personopplysninger som er samlet inn fra andre enn den registrerte. Det er videre gitt anvisning på hva varselet skal inneholde, jfr personopplysningsloven § 19. Forhåndsvarsel om utleggspant, utleggstrekk og intet til utlegg som registreres i Løsøreregisteret som foreslått bør innholdsmessig følge reglene for varsel etter personopplysningsloven. Dette både av hensyn til den opplysningen gjelder, som lettere vil kunne orientere seg når meldingene er ens, og av hensyn til muligheten for koordinering av varslingsplikten mellom ulike databehandlere, i dette tilfellet Løsøreregisteret og mottakere av opplysningene.»

Posten Norge BA uttaler:

«Det bør ikke innføres meldingsplikt verken ved registrering eller ved oppslag mot Løsøreregisteret. Skyldner er i utgangspunktet kjent med at det er krav rettet mot ham og bør dermed også være klar over at opplysninger om trekk og «intet til utlegg» kan bli registrert. Registreringen i Løsøreregisteret er offentlig tilgjengelig, men ved å innføre betaling for utskrift vedrørende utleggstrekk og «intet til utlegg» antas dette å sikre at opplysninger bare innhentes når det er et faktisk behov. Gis opplysninger i forbindelse med at det er bedt om kredittopplysning på vedkommende, vil ved-

kommende få en gjenpart som viser hvilke opplysninger som er gitt.»

6.3 Departementets vurderingar

Departementet går inn for at det innførast plikt for namsmaktene til å gje melding til skyldnaren om at forretning om utleggspant, utleggstrekk eller «inkje til utlegg» vil verte registrert i Lausøyreregisteret. Departementet fører vidare forslaget i høyringsnotatet om at den saksøkte skal få meldinga samstundes med at han får utskrift av namsboka. Sidan ei slik opplysning kan takast inn i namsboka og den saksøkte uansett skal få tilsendt utskrift av namsboka, vil det ikkje føre til meirarbeid for namsmaktene å underrette om at utleggsforretninga vil verte registrert i Lausøyreregisteret. Slik melding vil kunne førebygge feilregistreringar. Departementet viser til utkastet til tvangsl. § 7-19 første ledd nytt andre punktum, § 7-21 andre ledd nytt andre punktum og § 7-25 første ledd nytt andre punktum, der det går fram at når utleggsforretninga skal registrerast i Lausøyreregisteret, skal namsboka opplyse om dette.

Når skyldnaren mottek utskrift av namsboka som syner kva for opplysningar som vil verte registrerte i Lausøyreregisteret, vil det etter departementet si vurdering ikkje vere naudsynt å krevje at det jamvel skal gjevast opplysning om rett til innsyn i Lausøyreregisteret. Det følgjer direkte av framlegget til endring av straffeprosesslova § 456 at skyldnaren òg vil ha rett til innsyn hos Statens innkrevjingssentral.

7 Tilgang til opplysninger om utleggstrekk og avgjerder om «intet til utlegg» og melding til skyldnaren

7.1 Forslaget i høringsnotatet

I høringsnotatet frå departementet heiter det:

«I utgangspunktet bør enhver kunne innhente opplysninger om registrering av utleggstrekk og «intet til utlegg» på lik linje med opplysninger om utleggspant. Spørsmålet er om slike opplysninger bør kunne gis i medhold av edbtinglysningforskriften 3. november 1995 nr. 875 § 21, eller om det bør innføres begrensninger i adgangen til å innhente opplysninger. Etter personregisterloven § 18 skal kredittopplysninger meddeles skriftlig, og prinsippet er foreslått videreført i utkast til forskrifter om kredittopplysningsvirksomhet med hjemmel i personopplysningsloven. Kravet om skriftlighet bør også gjelde for opplysninger om utleggstrekk og «intet til utlegg» fra Løsøreregisteret. Løsøreregisteret bør ikke ha anledning til å gi slike opplysninger over telefon. Det vil også si at opplysninger fås ved utskrift. Dette vil være en bekreftet utskrift som gis mot betaling av det rettsgebyr som er fastsatt i rettsgebyrloven. Det vil bidra til å forhindre at opplysninger blir innhentet i andre tilfeller enn der det er et faktisk behov.

Etter edbtinglysningforskriften § 21 er det adgang til å kunne foreta direkte oppslag mot registeret. Spørsmålet er om en slik adgang bør gjelde for opplysninger om utleggstrekk og «intet til utlegg».

Etter personregisterloven § 19 og utkastet til regulering i medhold av personopplysningsloven skal kredittopplysningsforetaket sende melding til den det blir gitt opplysninger om samtidig som kredittopplysning blir gitt. Spørsmålet er om en slik ordning også bør gjelde for opplysninger om utleggstrekk og utleggspant fra Løsøreregisteret. Det kan dessuten stilles spørsmål om det bør kreves gjenpart til skyldner etter direkte oppslag mot registeret. Det vil i tilfelle si at Løsøreregisteret må sende utskrift av oppslaget der det er gjort direkte oppslag i registeret for opplysninger som omfatter utleggstrekk og beslutning om intet til utlegg.»

7.2 Høringsfråsegnene

Nærings- og handelsdepartementet uttaler:

«Av hensyn til skyldneren finner vi det også rimelig at opplysningene fra registeret skal gis skriftlig, at det skal betales gebyr, og at skyldneren får informasjon om utskrifter som er gjort. Når det gjelder informasjon om direkte-søk i registeret for tilknyttede abonnenter, er vi noe mer usikre på hvor aktuelt det er med informasjon til skyldneren. Vi antar at de fleste slike søk vil være resultatløse, idet personene det søkes om opplysninger etter overhodet ikke vil finnes i Løsøreregisterets database.»

Sosial- og helsedepartementet uttaler:

«Vi er i utgangspunktet skeptiske til at enhver skal kunne foreta direkte oppslag mot registeret via edb. Det kan bli for enkelt å avdekke f.eks. naboens økonomiske forhold av ren nysgjerrighet eller i sjikanøs hensikt selv om skyldneren selv får melding om dette i ettertid. For å sikre at opplysninger i størst mulig utstrekning benyttes etter formålet bør opplysningene gis i form av bekreftet avskrift og evt. mot betaling når andre enn namsmennene ber om kredittopplysninger.

Vi mener prinsipielt at alle oppslag mot en skyldner skal følges opp med en melding til vedkommende, uansett på hvilken måte oppslaget er foretatt. Selv om Løsøreregisterets utlevering av opplysninger om utleggspant og utleggstrekk formelt sett ikke anses som kredittopplysning etter personregisterloven, bør personvern hensyn slå igjennom her. Jo mer effektivt personers økonomiske forhold blir tilgjengelig for en hver, jo viktigere blir det at personene det gjelder orienteres om at de er gjenstand for undersøkelse, ikke minst for å sikre at eventuell feilaktig informasjon ikke blir benyttet til deres disfavør. Vi er likevel i tvil om skyldneren bør ha krav på melding om *namsmannens* elektroniske kommunikasjon med Løsøreregisteret. Det er vel neppe tungtveiende personvern hensyn som tilsier dette.»

Brønnøysundregistra uttaler:

«Brønnøysundregistrene er av den klare oppfatning at opplysninger om utleggstrekk og intet til utlegg bør følge samme regler som for de

resterende heftelser som er tinglyst i Løsøreregisteret. Selv om de omhandlede opplysninger er å anse som kredittopplysninger er det likevel forskjeller mellom Løsøreregisteret og kredittopplysningsforetakenes behandling av opplysninger som nevnt. To grunnleggende forskjeller er at Løsøreregisteret ikke sammenstiller informasjon fra flere kilder og heller ikke foretar rating av kredittverdighet. Det er også organisatoriske forskjeller mellom en statlig registeretat som driver lovbestemte registre og private selskaper som driver kommersiell kredittopplysningsvirksomhet. Som det fremgår av departementets forslag er heller ikke kredittopplysningsformålet det eneste hensyn som ligger til grunn for registrering av utleggsforretninger som omhandlet i høringsbrevet. På den bakgrunn foreslår vi at det ikke gis særskilte bestemmelser som forbud mot muntlig avgivelse og gjenpartsplikt.»

Under føresetnad av at framlegget om forbod mot å gje ut opplysningar munnleg kombinert med gjenpartsplikt vert gjennomført, har *Brønnøysundregistra* følgjande kommentarar:

«Opplysningene må kunne avgis både ved papirbasert utskrift og direkte oppslag. Kredittopplysningsforetak som har konsesjon for sin virksomhet må også kunne abonnere på periodiske utskrifter i elektronisk form (jfr. tinglysingsforskriften § 21 syvende og åttende ledd). Periodisk utskrift til kredittopplysningsforetak bør ikke utløse gjenpartsplikt. En ordning hvor det ikke åpnes for periodiske utskrifter til kredittopplysningsforetak vil undergrave deler av formålet bak registreringen, det faktum at kredittopplysningsforetakene selv er pålagt gjenpartsplikt er årsaken til at dette ikke bør pålegges mellom Løsøreregisteret og kredittopplysningsforetakene.»

Datatilsynet uttaler:

«Vi finner det gledelig at departementet foreslår å underlegge registrering og utgivelse av opplysninger om utlegg/»intet til utlegg» gode regler om informasjon til de registrerte. Dette gjelder både informasjon på registreringstidspunktet og ved utgivelse av opplysningene. De foreslåtte reglene korresponderer godt med reglene om informasjon i personopplysningsloven § 20 og reglene om gjenpartsplikt i kredittopplysningsvirksomhet som foreslås videreført i personopplysningsforskriften. Hensynene bak disse reglene gjør seg gjeldende også for opplysninger om utleggstrekk og «intet til utlegg».

Når det gjelder utkast til forskrift om registrering av utleggsforretninger i Løsøreregisteret § 2, vil Datatilsynet foreslå en endring av bestemmelsens annet ledd. Bestemmelsen fore-

slår gjenpartsplikt til omspurte ikke-næringsdrivende. Gjenparten skal gi «melding om innholdet av meddelelsen.» Dette er bra. For at den registrerte skal ha mulighet til å ha oversikt over flyten av informasjon om seg selv, bør melding om utlevering av opplysninger også inneholde informasjon om spørres identitet. Dette er informasjon som skal fremkomme i en gjenpart etter personregisterloven § 19. Bestemmelsen foreslås videreført i personopplysningsforskriften. Hensynet til den registrertes kontroll med flyt og bruk av opplysninger om seg selv tilsier således at vedkommende får informasjon om hva som er utlevert til hvem.»

Skattedirektoratet uttaler:

«Når det gjelder tilgang til opplysninger fra registeret, er Skattedirektoratet av den oppfatning at namsmennene bør kunne foreta direkte oppslag mot registeret. Vi kan ikke se at det vil være nødvendig å sende melding til den det er gitt opplysninger om, eller at det må sendes gjenpart til skyldner etter direkte oppslag i registret. Direktoratet er av den oppfatning at det ikke er de samme hensynene som gjør seg gjeldende i dette tilfellet som ved kredittopplysning.»

Statens Lånekasse for utdanning uttaler:

«Lånekassen mener at opplysninger om utleggstrekk og utleggspant/intet til utlegg bør kunne innhentes elektronisk ved direkte oppslag mot registeret.

Lånekassen antar at dersom tjenesten gelyrbelegges vil det kunne bidra til å forhindre at opplysninger blir innhentet i andre tilfeller enn der det er et faktisk behov. Lånekassen antar imidlertid ikke at det vil gjøre vesentlig forskjell om tjenesten utføres ved bekreftet utskrift eller ved elektronisk oppslag mot registeret.

Etter Lånekassens oppfatning bør debitor motta gjenpart av oppslag på lik linje med melding fra kredittopplysningsforetak. Melding må sendes av Løsøreregisteret til skyldneren/den det er gitt opplysninger om samtidig med at opplysningene blir gitt. Hensynet til personvernet blir da ivarettatt.»

Trygdeetatens innkrevjingsentral uttaler:

«Når det gjelder notifikasjon til skyldner om oppslag i registeret er Trygdeetatens innkrevjingsentral av den oppfatning at det må vurderes hvorvidt en slik notifikasjon kan utelates. Vi foretar pr i dag et stort antall oppslag i de registre vi har tilgang til, herunder Løsøreregisteret og Eiendomsregisteret, bl a i forbindelse med vurdering av tvangsinnkreving og uerholdelige saker. Hver måned får vi ca 900 nye misligholdssaker som ligger på oppfølging innen tre måneder, og som i stor grad vil være aktuelle

for oppslag mot de registre vi har tilgang til. I tillegg kommer et stort antall eldre misligholdssaker og uerholdelige saker, hvor det vil bli foretatt undersøkelser av registrene med jevne mellomrom. Dersom det gis adgang til det, vil oppslag mot registrerte opplysninger om intet til utlegg også bli gjort i stort omfang, bl a ved vurdering i forhold til konkurslovgivningens regler om presumpsjon for insolvens. Vi kan ikke se at det skulle foreligge et behov for at skyldneren blir varslet om dette i hvert enkelt tilfelle.

Dersom det likevel er ønskelig at slik notifikasjon skal gis, anser vi at den beste løsning vil være at Løsøreregisteret sender skyldneren en utskrift av oppslaget.»

Bergen byfogdembete meiner at det må vere openbart at skyldnaren må varslast om kva for opplysningar som er gjevne ut, særleg gjeld dette for slike opplysningar som kan nyttast som insolvenspresumpsjon etter konkurslova § 62. Bergen byfogdembete uttaler vidare:

«Hva gjelder forslaget til forskrift om registrering av utleggsforretninger i Løsøreregisteret vil en av hensyn til de store konkursrettslige konsekvenser en slik registrering kan få for skyldneren, tillate seg å foreslå at også næringsdrivende sendes melding om utskrifter som inneholder opplysninger om negative utleggsforretninger som er under tre måneder gamle.»

Oslo byfogdembete uttaler:

«Embetet mener at det bør være en viss terskel for å få tilgang til opplysninger om utleggstrekk og «intet til utlegg». Behovet for hurtighet i næringslivet som skal benytte denne informasjonen innebærer at man bør gi tilgang for direkte oppslag online.

En effektiv måte å begrense unødig bruk av informasjonen er at det i alle tilfeller hvor det gjøres oppslag mot registeret, sendes informasjon om dette til skyldneren. Vi støtter derfor de synspunkter som fremkommer i høringsnotatet her. Alle oppslag mot registeret bør meddeles skyldner, også hvor det er namsmannen som foretar oppslaget.»

Trondheim byfogdembete er ikkje einig i at ein kvar skal kunne innhente opplysningar om registrerte utleggstrekk og «inkje til utlegg» frå Lausøreregisteret, og meiner denne moglegheita bør avgrensast til namsmenn, kredittopplysningsverksemder og bankar. Embetet peiker på at det vert ein del meirarbeid om Lausøreregisteret må sende utskrift av alle oppslag til dei det gjeld når det er foretatt direkte oppslag i registeret.

Finansnæringens Hovedorganisasjon og Sparebankforeningen uttaler:

«FNH og Sparebankforeningen er av den oppfatning at Løsøreregisteret er et offentlig register som bør være tilgjengelig for enhver som har saklig behov for de opplysninger som registreres der. Beslutninger om å foreta utleggspant og utleggstrekk er offentlige forretninger og informasjon om dette bør derfor være tilgjengelig på linje med opplysninger i andre offentlige registre. Ved oppslag eller forespørsel om informasjon i realregistre eller dagens Løsøreregister vil den det søkes opplysninger om ikke motta noen form for melding om at det er søkt om opplysninger om ham. Det kan ikke sees at opplysninger om utleggsforretninger som registreres i Løsøreregisteret skulle stille seg i en annen stilling. Rent prinsipielt bør derfor ikke resultatet av en utleggsforretning være av en slik karakter at det forutsetter melding til skyldner når slik informasjon gis til andre. FNH og Sparebankforeningen ser ikke nødvendigheten av at det sendes melding til skyldneren når dette ikke gjøres for tilsvarende informasjon som utleveres fra tilsvarende registre.

Dersom skyldneren skal motta melding om at det er gitt opplysninger om ham, oppstår spørsmålet om det skal gis slik melding der det er søkt i registeret etter informasjon, uten at opplysninger er funnet. Det kan også spørres om det skal sendes melding til skyldneren hver gang det foretas direkte oppslag mot registeret. Departementets forslag innebærer videre en plikt for namsmennene til å undersøke registeret for å se om det foreligger andre lønnstrekk for nye lønnstrekk nedlegges. Dersom en ordning med melding til skyldner skal gjennomføres konsekvent, bør det også ved slike undersøkelser av registeret og ved endringer av tidligere trekk sendes melding. Både på prinsipielt grunnlag og hensett til de økonomiske sidene av en omfattende meldingsordning, er FNH og Sparebankforeningen av den oppfatning at melding til skyldner ved søk og oppslag i registeret må kunne unnlates.»

Om tilgang til registrerte opplysningar uttaler foreningane:

«FNH og Sparebankforeningen er enige med departementet i at i utgangspunktet må enhver kunne innhente opplysninger om utleggstrekk og intet til utlegg på lik linje med opplysninger om utleggspant. Som hovedregel bør dette også medføre at opplysningene kan gis i den form som anses hensiktsmessig. Foreningene innser likevel at kravet om at opplysninger skal gis skriftlig eller ved direkte oppslag mot registeret kan bidra til å forhindre at opplysninger blir innhentet i andre tilfeller enn der det er et faktisk behov og har derfor ikke innvendinger mot forslaget om at Løsøreregisteret ikke bør ha anled-

ning til å gi opplysninger om utleggstrekk og «intet til utlegg» over telefon.

Det er ellers av avgjørende betydning at tilgangen på opplysninger i Løsøreregisteret ikke reduseres i forhold til slik det er i dag. De opplysninger som i dag gis gebyrfritt over telefon bør fremdeles være tilgjengelige på samme måte selv om det foretas en «dobbelregistrering» av utleggspant, både av rettsvernsformål og i kredittopplysningshensikt.»

Gjeldsoffer-Alliansen uttaler:

«For å bidra til at opplysninger ikke blir innhentet i andre tilfeller enn der det er et faktisk behov, mener GOA at ved alle oppslag mot registeret, skal det sendes gjenpart til skyldneren. Dette skal også gjelde der namsmannen får opplysninger. Det bør ikke gis opplysninger over telefon.»

NKK – Forbund for kommunal økonomiforvaltning og skatteinnfordring uttaler:

«Skyldner vil få melding om at utleggsforretning blir registrert i Løsøreregisteret. Det er derfor etter vår oppfatning ikke nødvendig å sende gjenpart av oppslag i hvert enkelt tilfelle såfremt skyldner er orientert om adgangen for andre til å innhente opplysningene.»

Norske Kredittopplysningsbyråers Forening uttaler:

«Det er også fremmet forslag om gjenpartsplikt ved utlevering av opplysning om utleggstrekk og intet til utlegg. Vi kan imidlertid ikke se at det er foreslått gjenpartsplikt for utleggspant (som ikke har betydning for rettsvernet). Dette bør etter vår oppfatning innføres dersom gjenpartsplikten for kredittopplysning ellers opprettholdes. Det er utelukkende kredittopplysningshensyn som begrunner denne registreringen.»

Departementet bør også vurdere om ikke Løsøreregisteret bør underlegges de samme krav som kredittopplysningsbyråene når det gjelder å vurdere om det foreligger saklig behov for opplysningen. Departementets uttalelse om at betaling av gebyr alene ivaretar dette hensyn er neppe i overensstemmelse med den vurdering som er gjort for kredittopplysning for øvrig.

Det fremgår av utkastet til forskrift om registrering av utleggsforretninger i Løsøreregisteret at tilgang til registrert opplysning skal skje etter reglene i forskrift om tinglysning ved bruk av edb § 21. Kredittopplysningsforetak som har konsesjon for sin virksomhet kan etter forskriften § 21 nest siste ledd abonnere på periodiske utskrifter fra Løsøreregisteret i elektronisk form. Vi antar at registrering av utleggstrekk og

intet til utlegg i Løsøreregisteret omfattes av § 21 nest siste ledd, bokstav a) «tvangsforretninger». Om så ikke skulle være tilfelle ber vi om at forskriften oppdateres slik at utleggstrekk og intet til utlegg også omfattes av adgangen til periodiske utskrifter. Det bemerkes at kredittopplysningsbyråenes konsesjon omfatter adgang til å registrere de aktuelle opplysningstyper.»

7.3 Departementets vurderinger

Departementet foreslår ikkje nye reglar om utlevering av opplysningar om utleggspant. Opplysningar om utleggspant må som i dag kunne utleverast munnleg, eller skriftleg etter gjeldande gebyrreglar. Den tidlegare § 21 i tinglysingsforskrifta vart oppheva ved forskrift 12. desember 2003 nr. 1544. Reglar om tilgang til opplysningane som i dag er registrerte i Lausøyreregisteret, finst no i forskrift 16. desember 2003 nr. 1551 om gebyr for tjenester fra Brønnøysundregistrene § 2. Departementet meiner at det heller ikkje bør fastsetjast særskilte reglar for utlevering av opplysningar om utleggspant som ikkje kan få rettsvern ved registrering i Lausøyreregisteret, dvs. utleggspant i finansielle instrument registrerte i eit verdipapirregister og immaterielle rettar som det finst eit særskilt register for. Det vil gje eit enklare system for Lausøyreregisteret når alle utleggspant følgjer same reglar, i staden for at registeret i kvart tilfelle må undersøkje kva slags formuesgode det er tatt utleggspant i. Det er dessutan snakk om ei nokså avgrensa gruppe formuesgode. Sjølv om registreringa i Lausøyreregisteret her berre skjer av omsyn til kredittopplysning, vil ikkje den omspurde kome i ei særleg anna stilling enn skyldnarar som har andre formuesgode med utleggspant. Utlevering av opplysningar om utleggspant frå til dømes verdipapirregisteret, vil til dømes ikkje utløyse gjenpartsplikt. Departementet meiner det er liten grunn til å innføre gjenpartsplikt når opplysninga om det aktuelle utleggspantet i staden vert utlevert frå Lausøyreregisteret.

Når det gjeld opplysningar om utleggstrekk og «inkje til utlegg», er det første spørsmålet kven som bør ha tilgang til desse opplysningane direkte frå Lausøyreregisteret. Framlegget i høyringsnotatet gjekk ut på at ein kvar skulle ha tilgang til slike opplysningar, men at dei berre kunne gjevast ut skriftleg mot gebyr. Lovendringane som vart vedtekne ved lov 11. juni 1993 nr. 83 inneheldt heller inga avgrensing med omsyn til kven som skulle få opplysningane. Få av høyringsinstansane har tatt til orde for at tilgangen skal vere avgrensa. Namsmaktene vil etter det systemet ein legg opp til, få tilgang til opplysningane hos Statens innkrevjingsentral slik

at dei nå fell utanfor spørsmålet om innsyn i opplysningane i Lausøyreregisteret.

Dei grupper som i særleg grad vil ha nytte av opplysningar frå Lausøyreregisteret om utleggstrekk og «inkje til utlegg», er advokatar, finansinstitusjonar, inkassobyrå, kredittopplysningsbyrå og andre offentlege organ enn namsmaktene. Det er klårt at denne gruppa brukarar må få tilgang til opplysningane. Spørsmålet er om også andre bør få slik tilgang, eller om tilgangen av omsyn til skyldnarens personvern bør avgrensast til denne gruppa. Det er klårt at til dømes eit privat føretak som har eit uteståande krav, vil ha nytte av opplysningane. Om føretaket vert kjent med at skyldnaren er registrert med ein forretning om «inkje til utlegg», vil det kunne avverje at føretaket går til namsmannen og sett i verk nok ei resultatlaus utleggssak. Dette vil vere kostnadssparande. Risikoen for at privatpersonar eller private føretak som ikkje har sakleg behov for opplysningane, vender seg til Lausøyreregisteret, vil kunne reduserast ved at opplysningar berre vert gjevne ut mot gebyr, og med gjenpartsplikt til den registrerte med opplysning om kven som har spurt. Det kan òg fastsetjast at Lausøyreregisteret skal foreta ei avgrensa undersøking av om spørjaren har sakleg behov for opplysningane. Alternativet er at andre enn dei gruppene som er nemnde foran, berre får tilgang til opplysningane ved å vende seg til eit kredittopplysningsbyrå. Kredittopplysningsbyråa vil tilby langt fleire opplysningar om den omspurde enn det som vil verte registrert i Lausøyreregisteret, mellom anna rating av kredittverde. Særleg for ein kreditor som vurderar å innkrevje eit uteståande krav, vil opplysningar om tidlegare utleggsforretningar kunne vere tilstrekkelege for å vurdere kva for innfordringstiltak det er grunn til å setje i verk. Omsynet til i størst grad å sikre mot at uvedkommande får tilgang til opplysningane, talar likevel for å avgrense tilgangen for andre enn dei gruppene som er nemnde foran. Departementet foreslår at tilgangen avgrensast til desse gruppene, slik at andre må vende seg til kredittopplysningsbyrå for å få tilgang til dei registrerte opplysningane om utleggstrekk og «inkje til utlegg». Dei som må vende seg til eit kredittopplysningsbyrå må ha eit «saklig behov» for å få opplysningane, jf. forskrift 15. desember 2000 nr. 1265 om behandling av personopplysningar § 4-3 første ledd. Storparten av dei som kan ventast å ofte ha behov for opplysningane, vil vere omfatta av dei

gruppene som får direkte tilgang hos Lausøyreregisteret. Dette er profesjonelle grupper som har røynsle med å handsame sensitive personopplysningar, og som i stor utstrekning vil ha teieplikt etter ulike reglar.

Opplysningar om utleggstrekk og «inkje til utlegg» bør berre kunne utleverast skriftleg. Departementet meiner det bør opnast for at opplysningane i Lausøyreregisteret kan fåast både ved utskrift og gjennom direkte oppslag mot databasen. Regelen om kven som kan få tilgang til opplysningar om utleggspant og avgjerder om «inkje til utlegg» og skriftlegheitskravet er foreslått tatt inn i tinglyingslova ny § 34 a tredje ledd.

Departementet meiner det er naturleg at meir detaljerte reglar, til dømes om gjenpartsplikt til den omspurde ved utlevering av opplysningar, vert fastsett i forskrift. Forskriftsheimelen vil vere tinglyingslova § 34 femte ledd.

For opplysningar som vert gjeve ut ved utskrift, bør det i forskrift fastsetjast reglar om gjenpartsplikt til skyldnaren dersom denne ikkje er næringsdrivande. Om det òg skal vere gjenpartsplikt overfor næringsdrivande, vil verte vurdert i samband med forskriftsarbeidet. Gjenparten bør, som for kredittopplysningar elles, innehalde opplysning om kven som har etterspurt opplysningane. Det må òg vurderast om det skal innførast gjenpartsplikt ved elektroniske oppslag i registeret. Ein føresetnad for slik gjenpartsplikt må vere at gjenpartane kan genererast automatisk i datasystemet. Der søka er resultatlause av di det ikkje er registrert nokon utleggsforretning på den omspurde, er det neppe grunn til å innføre plikt til å informere den omspurde.

Kredittopplysningsbyråa bør kunne abonnere på alle registreringar av utleggstrekk og «inkje til utlegg» og endringar i registreringane samla. Sidan utlevering av opplysningane frå kredittopplysningsbyrå til kundane deira utløyser gjenpartsplikt, er det verken naudsynt eller naturleg at Lausøyreregisteret sender gjenpart til skyldnaren når byråa oppdaterer sine register frå Lausøyreregisteret.

Reglar om gebyr for utlevering av opplysningar om utleggstrekk og «inkje til utlegg» må òg fastsetjast i forskrift. Munnleg utlevering av opplysningar om utleggspant som får rettsvern ved tinglysinga i Lausøyreregisteret, må framleis vere gebyrfritt. Departementet meiner det heller ikkje bør innførast gebyr for slik utlevering av opplysningar om den avgrensa gruppa utleggspant som ikkje vil få rettsvern ved registreringa i Lausøyreregisteret.

8 Sletting av opplysningar

8.1 Forslaget i høyringsnotatet

I departementets høyringsnotat heiter det:

«Utleggstrekk må slettes automatisk når trekkperioden er utløpt. Dersom trekket endres ved at trekkperioden forkortes eller forlenges, vil dette få betydning for hvor lenge trekket skal stå registrert i Løsøreregisteret. Registrering av beslutning om «intet til utlegg» slettes når det er gått tre år siden beslutningen ble registrert, jf. tvangsfullbyrdelsesloven § 7-29. I begge disse tilfellene må sletting gjøres av Løsøreregisteret av eget tiltak. Alternativt kan det tenkes at sletting av beslutning om «intet til utlegg» bør gjøres før det er gått tre år, for eksempel etter ett år. Ofte vil ikke en slik opplysning ha spesiell verdi ut over en slik periode, og da er det ikke naturlig at den blir stående i registeret. Et annet alternativ er at opplysningen i utgangspunktet står registrert i tre år, men at skyldneren kan få opplysningen slettet der kravet er oppgjort. Departementet ber om høyringsinstansenes synspunkter på spørsmålet om hvor lenge «intet til utlegg» bør være registrert.»

8.2 Høyringsfråsegnene

Nærings- og handelsdepartementet uttaler:

«Når det gjelder registreringstiden for «intet til utlegg», tror vi at en registreringsperiode på ett år vil være tilstrekkelig. Dette spørsmålet må imidlertid ses i sammenheng med hvilke rutiner som etableres for de namsmyndigheter som jevnlig foretar maskinelle søk etter lønnsmidler og andre aktiva. Dersom informasjon om mislykkede innkrevingsforsøk fra disse myndigheter kommer inn i registeret, vil det antagelig være relativt få «intet til utlegg» som står uten fornyelse etter ett år. Dersom det sendes dokumentasjon til registeret om at krav som har resultert i «intet til utlegg» er innfridd, bør skyldneren etter vår mening ha rett til å få slettet registreringen.»

Sosial- og helsedepartementet meiner avgjerder om «inkje til utlegg» bør slettast etter 3 år.

Brønnøysundregistra uttaler:

«Hvis opplysninger om intet til utlegg skal stå registrert i tre år før de slettes automatisk bør det finnes særskilte slettingsregler ved f. eks. oppgjør. I motsatt fall vil opplysninger om intet til utlegg kunne stå lenger enn en utleggsforretning hvor det er tatt utleggspant og som senere slettes som oppgjort. Det er mulig at tvangsfullbyrdelsesloven § 7-28 gir tilstrekkelig regulering og at det ikke er behov for ytterligere bestemmelser om dette.»

Datatilsynet uttaler:

«Når det gjelder registreringer av opplysninger om «intet til utlegg», foreslås flere ulike slettealternativer. Departementet åpner for å vurdere en tre års slettefrist med mulighet for den registrerte til å få opplysningen slettet når kravet er oppgjort. Det er Datatilsynets oppfatning at det ved innføring av en slik ordning, kan bli svært tilfeldig hva som blir stående registrert i tre år og hva som blir slettet tidligere. Mange registrerte vil ha relativt liten kunnskap om hvordan systemet fungerer. De vil ikke ha kunnskap eller ressurser til å sørge for sletting av oppgjorte saker i Løsøreregisteret. Det er derfor vår oppfatning at opplysninger om «intet til utlegg» bør slettes ett år etter registrering. På dette tidspunktet vil ofte situasjonen for den registrerte ha forandret seg, slik at opplysningen ikke lenger gir et korrekt bilde av den registrerte. En uriktig/foreldet opplysning kan gi grunnlag for en urimelig negativ og avvisende holdning til den registrerte, noe som må unngås.»

Husbanken uttaler at sletting av opplysning om «inkje til utlegg» etter eitt år er for kort tid. Husbanken meiner eit alternativ kan vere to år, som er maksimalperioden for utleggstrekk.

Skattedirektoratet uttaler:

«Direktoratet er enig i departementets betraktning om at opplysninger om «intet til utlegg» ikke har noen spesiell verdi utover en periode. Direktoratet mener likevel at utleggsforretningen i utgangspunktet bør stå registrert i tre år, men at skyldner bør kunne få opplysningen slettet når kravet er oppgjort. Dette vil i så fall kunne være et insitament for debitor til å ordne opp i sin økonomiske situasjon.»

Statens lånekasse for utdanning uttaler:

«Registrering av beslutninger om intet til utlegg bør etter Lånekassens oppfatning være registrert i tre år, tilsvarende den alminnelige foreldelsesfrist. Hensynet til debitor tilsier likevel at det bør være adgang til å slette registreringen tidligere dersom kravet gjøres opp.»

Trygdeetatens innkrevjingsentral uttaler:

«Trygdeetatens innkrevjingsentral mener at av de alternativer som foreslås i høringsnotatet, vil den beste løsningen være at denne opplysningen i utgangspunktet skal være registrert i tre år, men at skyldneren kan begjære den slettet dersom kravet dokumenteres oppgjort. Vår erfaring tilsier at det ofte er lite hensiktsmessig å begjære ny utleggsforretning allerede ett år etter at en forretning er avholdt med intet til utlegg som resultat. Det vil således være en fordel at en slik forretning er registrert i minst to år.»

Bergen byfogdembete uttaler:

«Hvor lenge en beslutning om «intet til utlegg» skal stå registrert, vil være en avveining av hensynet til skyldneren og kredittopplysningshensynet. Som insolvenspresumsjon vil en negativ utleggsforretning kun ha betydning i tre måneder. Tidligere tvangsforretninger kan imidlertid også brukes som ordinære insolvensbevis (...). Opplysninger om negative utleggsforretninger eldre enn tre måneder vil være nødvendig av kredittopplysningshensyn. Mye kan imidlertid skje med en persons økonomi i løpet av årene, og uten sammenligning for øvrig er det et tankekors om en person skal måtte «henge med» en registrert negativ utleggsforretning lenger enn en bot for en forbrytelse i en politiattest (to år, jfr. strafferegisterloven § 6 nr. 4). En slik registrering bør derfor etter vårt skjønn ikke bli stående lenger enn ett år.»

Oslo byfogdembete uttaler:

«Når en sak er avholdt med intet til utlegg, vil kreditor normalt vente i 3 år før han begjærer utlegg på nytt. Dermed vil kreditor sikre seg at renter ikke foreldes. Dersom registeret er ment å fungere som et effektivt kredittopplysningsregister er det relevant for den som ønsker å yte kreditt at det faktisk er sak på debitor fra før som ikke er oppgjort. Vi er derfor av den oppfatning at saker med «intet til utlegg» bør være registrert i 3 år før de slettes.»

Trondheim byfogdembete uttaler:

«Det må være en klar hovedregel at alle krav skal slettes straks de er betalt.

Vi mener det ikke er nødvendig å ha opplysninger om at det er registrert «intet til utlegg»

så lenge som 3 år. Slike registreringer bør kunne slettes allerede etter ett år.»

Lensmannen i Asker uttaler:

«Vi mener at registrering av intet til utlegg bør slettes etter 1 år, og at saksøkte kan få det slettet når kravet er betalt. Slettingen må kreditor gjøre etter begjæring fra debitor.

Opplysninger om intet til utlegg har liten verdi utover ett år. Saksøktes økonomiske situasjon endrer seg ofte i løpet av kort tid, og registrering utover 1 år har liten hensikt og kan gi et galt bilde av saksøktes økonomiske situasjon.»

Underfogden i Fredrikstad uttaler at om eit krav er registrert med «inkje til utlegg», men kreditor får utlegg for same krav etter eit nytt forsøk eit halvt år seinare, må det kravet som er registrert med «inkje til utlegg», slettast.

Lillehammer politistasjon uttaler:

«Utleggstrekk må slettes automatisk når trekkperioden er utløpt. Endringer i trekk i perioden kan medføre en kortere trekkperiode, men dette vil da medføre automatisk sletting når den nye perioden er utløpt.

«Intet til utlegg» bør slettes når det er gått 1 år. Endringer i saksøktes økonomiske situasjon endrer seg så raskt at en informasjon om «intet til utlegg» kun har gyldighet i maksimalt 1 år. Oppfølgingsrutiner hos inkassobyråene synes også å være basert på 1 års intervaller.»

Lillehammer politistasjon meiner slettinga må skje automatisk i Lausøyreregisteret, og at dersom skyldnaren gjer opp kravet, bør han på eige tiltak kunne få opplysninga sletta.

Ulstein og Hareid lensmannsdistrikt uttaler:

«I løpet av 3 år kan situasjonen for saksøkte endre seg på mange områder. Den økonomiske situasjonen kan endre seg til det bedre, forretning/-er som lå til grunn for «intet til utlegg» kan ha blitt gjort opp, osv.

Jeg tror derfor at en ordning med at registreringen kan slettes før de tre årene er omme er en nødvendighet. Departementets forslag om at registreringen kan slettes når forretningen/-ene er gjort opp bør være en mulighet til å få kortet ned tiden.

På den andre siden ser jeg også muligheten for at enkelte skyldnere ønsker at «intet til utlegg» blir stående lengst mulig. Dette i håp om å unngå pågang fra kreditorer. Det må derfor etter min oppfatning også åpnes for andre måter å få slettet registreringen på.»

Den Norske Advokatforening meiner opplysningar om «inkje til utlegg» bør slettast etter tre år.

Finansnæringens Hovedorganisasjon og Sparebankforeningen i Norge uttaler:

«Det vil ha stor informasjonsverdi for potensielle kredittgivere at opplysninger om utleggsforretninger, utleggstrekk og «intet til utlegg» står registrert i en lengre periode. Selv om en skyldner kan ha gjort opp fordringer i mellomtiden vil en registrering av tidligere avholdte utleggsforretninger gi kreditorene en foranledning til å foreta en grundigere undersøkelse av hvordan skyldnerens økonomiske situasjon har utviklet seg. Av hensyn til en bedre og mer fullstendig kredittvurdering og mulighetene for å redusere betalingsmislighold er det FNH og Sparebankforeningens oppfatning at slik informasjon, herunder utleggsforretninger som er avholdt med resultat «intet til utlegg», bør stå registrert i tre år. Under enhver omstendighet bør slike opplysninger ikke slettes tidligere enn kredittopplysninger i andre registre.»

NKK – Forbund for kommunal økonomiforvaltning og skatteinnfordring uttaler:

«Et alternativ er at opplysningene slettes når skyldneren har gjort opp kravet dersom dette inntreffer før tre år etter at opplysningene er registrert. En slik ordning er etter vår oppfatning ikke heldig. Dette vil etablere et system hvor det er rent tilfeldig hvor lenge opplysningene er registrert. Det bør derfor være regler som er konstant og angir et spesielt tidsrom.

Et annet alternativ er at opplysningene er registrert konstant, men i et tidsrom som er lavere enn tre år. Vi er ikke enige i [at] opplysninger om intet til utlegg ikke har noen spesiell verdi utover et år. Både andre namsmyndigheter og kredittyttere vil kunne ha bruk for slike opplysninger utover et år.

Vi anbefaler på denne bakgrunn at bestemmelsen blir stående.»

NKK uttaler videre:

«Det er foreslått at lønnstrekk skal slettes etter at trekkperioden er utløpt/opphørt. Det betyr at lønnstrekk kan være registrert fra få måneder til fem år. Dersom dette er det eneste utfallet av innfordringen, vil det være tilfeldig om kredittselskaper eller lignende vil få opplysningene innen den tid det kan være relevant å benytte disse.

Vi kan ikke se at det er gitt eller foreslått regler om hvor lenge opplysninger om utleggspant skal stå i registeret. Dersom reglene i tinglysningsforskriften skal gjelde for alle utleggspant som registreres i Løsøreregisteret – også der det ikke er nødvendig for å oppnå rettsvern – så vil disse opplysningene være registrert i fem år. Vi har ikke funnet omhandlet i notatet

om man tenker seg sletting av opplysningene ved betaling av kravet.

Til sammen synes reglene om registrering å virke lite samordnet. Dette kan bety at utfallet av tvangsfullbyrdelse blir tilfeldig tilgjengelig. Dette kan ikke være i tråd med de hensyn som ligger til grunn for ordningene.

Etter vårt skjønn bør derfor en eventuell samordning vurderes noe nærmere.»

Norges Lensmannslag meiner at registrering av «inkje til utlegg» bør stå i registeret i tre år, og at det bør gå fram om det er halde fleire slike utleggsforretningar. Lensmannslaget uttaler:

«Både av hensyn til de namsmennene som ønsker å bruke opplysningene og av hensyn til verdien av det i kredittopplysningssammenheng er det viktig at opplysningene gjenspeiler skyldnerens situasjon over noe tid.»

Næringslivets Hovedorganisasjon uttaler:

«På bakgrunn av at kreditorinformasjon etter vår oppfatning er det vesentlige ved registreringen, vil det imidlertid også begrunne at intet til utlegg bør registreres i mer enn et år. Det vil etter vår oppfatning klart være en relevant opplysning for kreditor om den aktuelle debitor 13 eller 18 måneder tidligere hadde et eller flere krav mot seg som resulterte i intet til utlegg. Det vil etter vår oppfatning da være naturlig å forholde seg til den alminnelige foreldelsesfrist.»

Posten Norge BA uttaler:

«Registrering av «intet til utlegg» bør imidlertid ikke bli stående lenger enn ett år da vedkommendes situasjon kan endre seg relativt raskt og medføre at registeret gir villedende opplysninger ved bruk av lengre registreringsperioder.»

8.3 Departementets vurderingar

Reglar om sletting av utleggspant som er registrert av omsyn til rettsvern finst i tinglysningslova og pantelova. Utleggspant skal generelt slettast frå Lausøyregisteret når det er openbart at heftinga har falle bort, jf. tinglysningslova § 34 tredje ledd jf. §§ 31 og 32. Utleggspantet skal difor slettast frå registeret når kravet det er tatt utlegg for, er gjort opp. For utleggspant som ikkje er registrert i eit realregister, fastset pantelova § 5-13 første ledd som hovudregel at panteretten materielt sett fell bort som forelda etter tre år. Når utlegget har falle bort som forelda, kan det slettast frå Lausøyregisteret i medhald av tinglysningslova § 34 tredje ledd jf. § 31 and-

re ledd. Etter pantelova § 5-14 har ein kreditor som er offentlig myndigheit, og som har utleggspant for sitt krav, plikt til å sørge for sletting av pantet innan ein måned etter at kravet er opphøyrd. Etter pantelova § 5-13 andre ledd gjeld ikkje regelen i første ledd om bortfall etter tre år for utlegg som sikrar krav på skatt eller offentlig avgift. Utleggspant for slike krav vil bestå til kravet vert oppgjort eller fell bort av andre grunnar. For utleggspant i fast eigedom er regelen etter tinglysingslova § 30 at verkna den av tinglysinga fell bort etter fem år. Når verkna den av tinglysinga har falle bort, skal registerføra ren av eige tiltak slette heftinga, jf. tingl. § 31 første ledd.

Departementet meiner at slettingsreglane for utlegg som får rettsvern på annan måte enn ved registrering i Lausøyreregisteret, men som likevel er registrert der av omsyn til kredittopplysning, bør vere dei same som for andre utleggspant. Utlegget må for det første slettast når kravet er oppgjort eller har falle bort av andre grunnar, og for det andre når utlegget har falle bort etter pantelova § 5-13 første ledd. Det er mogleg ein kan si at eit slikt resultat vil følgje av ordlyden i dei alminnelege reglane i tingl. § 34 tredje ledd jf. §§ 31 og 32 og pantelova § 5-13. Men det må vere meir naturleg å tolke føresegnene i tingl. §§ 31 og 32 slik at dei berre gjeld utleggspant som får rettsvern ved tinglysinga, sidan dette til no har vore det einaste aktuelle. Departementet meiner det bør presiserast i forskrift kva for reglar som skal gjelde om sletting frå registeret av utleggspant som ikkje får rettsvern ved tinglysinga der. Det er difor gjort framlegg om ein forskriftsheimel i utkastet til § 34 a første ledd andre punktum i tinglysingslova.

Når det gjeld utleggstrekk, foreslår departementet å føre vidare framlegget i høyringsnotatet om at utleggstrekket skal slettast frå Lausøyreregisteret når trekkperioden er gått ut, eller når utleggstrekket av andre grunnar har falle bort. Ved lov 11. juni 1993 nr. 83 om endringer i rettergangslovgivningen m.m. vart det vedtatt ein heimel i tvangsl. § 7-21 for Kongen til ved forskrift å gje reglar om sletting av registreringar. Departementet meiner no at hovudprinsippet for sletting av utleggstrekk i staden bør gå fram av tinglysingslova, og viser til framlegget til ny § 34 a fjerde ledd i tinglysingslova.

Høyringsinstansane er delte i synet på kor lenge avgjerder om «inkje til utlegg» bør vere registrerte.

Departementet meiner at ei avgjerd om «inkje til utlegg» bør slettast frå registeret når kravet som var bakgrunnen for utleggsforretninga er gjort opp eller av andre grunner har falle bort. Utleggstrekk

og utleggspant skal òg slettast når kravet er gjort opp. At skyldnaren har gjort opp kravet, eller at kravet av andre grunnar har falle bort, er ein indikasjon på betring i økonomien som tilseier at utleggsforretninga bør slettast.

Utkastet til ny § 7-29 i tvangsfullføringslova regulerer situasjonen der det er registrert ei utleggsforretning med resultat «inkje til utlegg». Dersom kravet er dekkja eller falle bort eller dersom tvangsgrunnlaget er oppheva, falle bort eller kjent ugyldig, skal forretninga etter lovframlegget slettast frå Lausøyreregisteret.

Ved vurderinga av kor lenge ei avgjerd om «inkje til utlegg» skal stå registrert når kravet ikkje er gjort opp, må det leggjast vekt på omsynet til skyldnaren og omsynet til at registeret skal gje tilstrekkelig gode kredittopplysningar.

Til fordel for å slette avgjerda om «inkje til utlegg» etter eitt år taler det at skyldnarens økonomiske situasjon gjerne endrar seg i løpet av kort tid. Registrering for lenger tid enn eitt år kan dermed gje eit galt bilete av den økonomiske situasjonen. For skyldnaren vil det vere uheldig om ei avgjerd om «inkje til utlegg» står registrert lenge, dersom den økonomiske situasjonen har endra seg til det betre etter utleggsforretninga. Registreringa vil kunne føre til at skyldnaren ikkje får innvilga ny kreditt. På den andre sida vil skyldnaren på anna vis kunne dokumentere betringa i økonomien overfor ein potensiell kredittutar, i tilfeller kor økonomien er betra utan at kravet som var grunnlag for utleggsforretninga er gjort opp.

For skyldnarar som ikkje søker ny kreditt, kan det at forretninga står registrert lenge, vere ein fordel i den forstand at den kan skjerme mot pågang frå andre kreditorar.

For dei som søker kredittopplysning er det interessant å vite om det er ei sak på skyldnaren som ikkje er gjort opp. Dersom slettefristen vert satt til eitt år, kan det vere uoppgjorte saker som ikkje er registrerte. Tidligere utleggsforretningar kan gje fordringshavarane ei oppmoding til å foreta ei grundigare undersøking av korleis den økonomiske situasjonen til skyldnaren har utvikla seg. Det kan gje kredittutarar betre moglegheiter for å sikre seg mot betalingsmisleghald. Dette taler for å la forretningar om «inkje til utlegg» vere registrerte i tre år.

Ved å begjære ny utleggsforretning innan tre år sikrar fordringshavaren seg mot at rentene på kravet vert forelda. Ofte vil nok difor ein fordringshavar som ønskjer å «holde liv i» kravet begjære ny utleggsforretning kvart tredje år. Å begjære ny utleggsforretning før det er gått tre år kan vere aktuelt dersom fordringshavaren har fått kjennskap til at skyldnarens økonomi er betra.

For kredittopplysningsbyråa fastset kredittopplysningskonsesjonen reglar om sletting av opplysningar. Etter konsesjonsvilkåra punkt 2.6 skal det påses at det ikkje vert brukt opplysningar som kan danne grunnlag for ei ugrunna eller urimelig avvissande haldning til den registrerte. Konsesjonsvilkåra punkt 2.6.2 fastset at ei opplysning som ved utgangen av kalenderåret vil vere tre år gamal eller meir, berre kan brukast dersom det er openbart at forholdet er vesentlig for vurderinga av den registrerte. Bruk av opplysningar ut over treårsgrensa skal alltid bero på ei individuell vurdering av saka. Dersom ei fordring vert ordna eller gjort opp, skal registreringa slettast etter eitt år. I utkastet til ny kredittopplysningskonsesjon som for tida er til handsaming, er det foreslått at forhold som er gjort

opp, skal slettast omgåande. For øvrig er det foreslått at opplysningar som hovudregel ikkje skal brukast i kredittopplysningsverksemd lenger enn fire år.

Etter departementets syn vil ein regel om at avgjerder om «inkje til utlegg» skal stå registrert i tre år, kombinert med ein regel om at registreringa skal slettast når kravet er oppgjort, gje best samsvarende med dei øvrige reglane for kredittopplysningar. At registreringa skal slettast når kravet vert gjort opp, sikrar mot at registeret gjev eit galt inntrykk i saker kor det er klart at skyldnarens økonomi er betra.

Departementet viser til utkastet til tvangsfullføringslova ny § 7-29 og til tinglysningslova ny § 34 a fjerde ledd andre punktum.

9 Krav om undersøking og underretning til andre namsmakter før nytt utleggstrekk vert lagt ned

Framlegget i departementets høyringsnotat 9. juni 2000 bygde på at namsmaktene måtte halde seg til Lausøyreregisteret når det gjaldt opplysningar om utleggstrekk som andre namsmakter hadde lagt ned. For å oppnå ei samordning av utleggstrekk var det i høyringsnotatet foreslått at namsmaktene skulle undersøkje i Lausøyreregisteret før nytt utleggstrekk vart lagt ned. I høyringsnotatet heiter det:

«For å forhindre at en skyldner blir utsatt for at det løper flere trekk samtidig som overstiger det som kan inndrives etter dekningslovens bestemmelser og for at ulike namsmyndigheter kan samordne sine trekk, foreslås en endring i tvangsfullbyrdesloven som pålegger en namsmann å undersøkje Løsøyreregisteret før et trekk nedlegges. På denne måten kan en forholde seg til om det løper trekk fra før og om disse trekkene har dårligere eller bedre prioritet enn det trekket som namsmyndigheten har tenkt å nedlegge.

(...)

Dersom det trekket som allerede løper, har dårligere prioritet enn det trekket som namsmyndigheten er i ferd med å nedlegge, er det viktig at det ikke løper flere trekk samtidig som overstiger det skyldneren trenger til sitt eget og husstandens livsopphold. Etter tvangsfullbyrdesloven § 7-21 annet ledd annet punktum har namsmyndigheten plikt til å underrette den namsmyndighet som har nedlagt det tidlige trekket om det nye trekket. Den namsmyndighet som har fått opplysning om et nytt trekk med bedre prioritet, må etter tvangsfullbyrdesloven § 7-24 av eget tiltak vurdere om det dårligere prioriterte trekket fortsatt skal løpe eller eventuelt endres, utsettes eller bortfalle.»

Samtlige av høyringsinstansane som uttaler seg om spørsmålet, stiller seg positive til at namsmakterne skal ha slik undersøkings- og underretningsplikt, med unntak for *Statens innkrevjingsentral* som stiller spørsmål ved nytta av å hente inn opp-

lysningar. *Kommunenenes Sentralforbund (KS)* og *NKK – Forbund for kommunal økonomiforvaltning og skatteinnfordring* meinte at kemnarane og kommunekasserarane måtte fritakast frå undersøkingsplikta.

Det må leggjast til grunn at namsmaktene alle-reie etter gjeldande rett har plikt til å undersøkje om det er lagt ned trekk mot skyldnaren før dei sjølv legg ned eit nytt trekk. For det første er kjennskap til løpande trekk naudsynt for å avgjere kor mye av skyldnarens inntekter som med «rimelighet trengs» til underhald av skyldnaren og hans husstand etter dekningslova § 2-7 første ledd. For det andre følgjer det av tvangsl. § 7-21 andre ledd andre punktum at dersom trekket får betre prioritet enn eit tidlegare nedlagt trekk frå ei anna namsmakt, skal denne namsmakta gjerast kjend med det nye trekket. Regelen forutset at namsmakta undersøker om det finst tidlegare trekk med dårlegare prioritet enn det nye. Arbeidsgjevarar har etter tvangsl. § 7-12 første ledd tredje punktum plikt til å gje opplysningar om pålagte trekk i saksøkte lønn.

Det skjer likevel i praksis at det ikkje vert gjort undersøkingar om tidlegare trekk, og at det samla beløpet for fleire trekk er satt for høgt. Departementet finn difor grunn til å presisere i tvangsfullføringslova at namsmaktene må undersøkje om det allereie er lagt ned trekk før nytt trekk vert lagt ned. Ein slik regel er foreslått inntatt i tvangsl. § 7-21 tredje ledd nytt første punktum. Framlegget i proposisjonen her bygger på det sams elektroniske sakshandsamingssystemet som er under utvikling og som alle namsmaktene etter kvart skal ha tilgang til. Det er då meininga at namsmaktene skal undersøkje i dette systemet. Sakshandsamingssystemet vil innehalde opplysningar om prioriteten til tidlegare nedlagte trekk. Med innføringa av det nye sakshandsamingssystemet er det grunn til å tru at talet på førespurnader til arbeidsgjevarane i medhald av tvangsl. § 7-12 første ledd tredje punktum vert redusert.

10 Utveksling av opplysningar namsmaktene imellom – forholdet til teieplikta

Det har vore eit ynskje frå Statens innkrevjingssentral og dei alminnelege namsmaktene at dei alminnelege namsmaktene gjennom Statens innkrevjingssentral skal få tilgang til registerinformasjon frå andre etatar om skyldnarens inntekts- og formuestilhøve. Det er snakk om ei teknisk vidareformidling av informasjonen. Sakshandsamarar hos SI vil verken ta del i vidareformidlinga eller sjå opplysningane før dei vert vidareformidla. Det er mellom anna aktuelt å vidareformidle opplysningar frå arbeidsgjevar- og arbeidstakarregisteret, trygdeutbetalingsfiler og ulike formuesregister. Nokre av desse registra vil innehalde informasjon som er underlagt teieplikt.

Lovframlegga i proposisjonen her bygger vidare på ein føresetnad om at namsmaktene skal ha tilgang til eit sams sakshandsamingssystem der dei kan gå inn og sjå kva for utleggsforretningar som har vore nedlagt mot ein aktuell skyldnar. Det er då ein føresetnad at namsmaktene uavhengig av teieplikt må ha tilgang på opplysningar om utleggsforretningar frå andre namsmakter.

Spørsmålet er i det følgjande korleis formidling av opplysningar om inntekts- og formuestilhøva til skyldnaren og om dei utleggsforretningar som har vore nedlagt, kan bli avpassa til reglar om teieplikt.

For at andre namsmakter skal kunne søkje etter opplysningar hos Statens innkrevjingssentral, må dei gje opplysningar om den saksøkte namn og personnummer. Det følgjer av tvangsl. § 2-6 at domstollova § 63 a gjeld tilsvarende for dei alminnelege namsmennene og andre som gjer teneste eller arbeid for namsmannen. Domstollova § 63 a andre ledd fastset mellom anna at forvaltningslova §§ 13 til 13 e gjeld tilsvarende. Etter forvaltningslova § 13 b nr. 5 kan eit forvaltningsorgan gje andre forvaltningsorgan opplysningar som er naudsynte for å fremje avgjevarorganets oppgåver etter lov, instruks eller oppnemningsgrunnlag. Etter forvaltningslova § 13 b nr. 2 er teieplikta heller ikkje til hinder for at opplysningane vert brukt for å oppnå det formålet dei er gjeve eller innhenta for. Departementet finn på denne bakgrunnen at det er på det reine at dei alminnelege namsmaktene etter gjeldande rett kan gje opplysning om saksøkte namn og personnummer til Statens innkrevjingssentral for å innhente informasjon om inntekts- og formuestilhøve.

Statens innkrevjingssentral er eit forvaltningsorgan, og teiepliktreglane i forvaltningslova § 13 gjeld for sentralen. Det er tvilsamt om utleveringa av opplysningar om inntekts- og formuestilhøva til skyldnaren frå Statens innkrevjingssentral kan einast med teieplikta i forvaltningslova § 13. Utgjevinga av opplysningar fremmer ikkje Statens innkrevjingssentral sine oppgåver som innkrevjar av visse statlege fordringar. Lovavdelinga i Justisdepartementet meinte difor i ei tolkingsuttale 22. september 2003 at teieplikta hindra innkrevjingssentralen i å formidle teiepliktige opplysningar vidare til andre namsmakter. Det er difor naudsynt med ei særskilt regulering av teieplikta for slik vidareformidling.

Når det gjeld tilgang til opplysningar om utleggsforretningar frå andre namsmakter vurderer departementet det slik at teiepliktreglane som gjeld for den einskilde namsmakta ikkje er til hinder for at opplysningar om forretningane vert utlevert til Statens innkrevjingssentral. Ei utveksling av opplysningar vil dels vere naudsynt for å oppfylle dei enkelte namsmaktene sine oppgåver og dels vil det falle inn under unntaket frå teieplikt for opplysningar om avgjerder som er trefte, jf. forvaltningslova § 13 b første ledd nr. 5. Departementet viser òg til at når det gjeld utleggstrekk er det ein føresetnad for samordning at det må skje ei formidling av opplysningar.

Det kan på den andre sida reisast tvil om Statens innkrevjingssentral kan formidle opplysningane vidare utan hinder av teieplikta. Når ein likevel må ha ein regel som tillet vidareformidling av andre opplysningar, kan ein like godt fjerne eventuell tvil ved å fastsette uttrykkeleg at opplysningar om utleggsforretningar kan vidareformidlast.

Departementet foreslår på denne bakgrunnen eit nytt sjetle ledd i straffeprosesslova § 456 som går ut på at Statens innkrevjingssentral kan hente inn og vidareformidle opplysningar både om skyldnaren sine inntekts- og formuesforhold og utleggsforretningar mot skyldnaren. Opplysningane kan då vidareformidlast til andre namsmakter til bruk for deira tvangsfullføring. Føremålet med regelen vil vere at dei andre namsmaktene skal kunne ha fordel av dei tekniske mogleghetene som ligg føre for innhenting av informasjon frå register m.v. hos Statens innkrevjingssentral. Departementet viser til merknadane til paragrafen.

Ikkje alle lokale namsmannskontor har eige utstyr for skanning. Det er difor eit behov for at dei sender innkomne dokument i tvangssaker til Statens innkrevjingsentral for skanning. Etter at dokumenta er skanna, skal berre dei lokale namsmaktene ha tilgang til innhaldet av dokumenta i sakshandsamingssystemet. Dokumenta vil innehalde opplysningar underlagt teieplikt. Etter forvaltningslova § 13 b nr. 2 er teieplikt etter § 13 ikkje til hinder for at opplysningane vert brukt for å oppnå «det formål de er gitt eller innhentet for, bl.a. kan de brukes i forbindelse med saksforberedelse ...». Før-

resegna gjev heimel for å gje opplysningar til andre organ, når det skjer som eit ledd i saksførebuinga, og kommunikasjonen skjer for å oppnå det føremålet opplysningane er innhenta for. Departementet legg til grunn at når det først er etablert eit samarbeid mellom dei alminnelege namsmennene og Statens innkrevjingsentral om skanning av innkomne dokument i utleggssakar, vil forvaltningslova § 13 b nr. 2 gje tilstrekkeleg heimel for at dei som skal arbeide med sjølve skanninga hos SI, kan sjå innhaldet av dokumenta. Desse sakshandsamarane vil då sjølv ha teieplikt om innhaldet.

11 Økonomiske og administrative konsekvensar

11.1 Innleiing

Lovforslaget inneheld fleire ulike element. Eit sams trekk ved forslaga er at dei legger til rette for effektiv bruk i forskjellige samanhengar av opplysningar som allereie finst.

Praktisk sett bygger forslaga på det sams saks-handsamingssystemet som Statens innkrevjings-sentral utviklar for seg og dei alminnelege namsmennene. Dette systemet skal avløyse det gamle systemet NAMSAK som dei alminnelege namsmennene bruker i dag. NAMSAK er forelda og det er eit stort behov for avløyning. Det nye systemet skal dessutan understøtte alle dei oppgåvene innanfor den sivile rettspleia på grunnplanet som frå 1. januar 2006 skal ivareta kast av politi- og lensmannen i heile landet, jf. lov 25. juni 2004 nr. 53 om endringar i rettergangslovgivingen m.m. (organiseringen av den sivile rettspleie på grunnplanet).

Meirkostnadene forbundne med utvikling av dei tilleggssystema som forslaga i proposisjonen her krevjar, er av moderat storleik samanlikna med dei utviklingskostnadene som er knytt til det sams sakshandsamingssystemet.

11.2 Konsekvensar for dei private

Sett frå fordringshavarsida vil den utvida registreringa av utleggsforretningar i Lausøyreregisteret innebere fordelar på to måtar. For det første vil den gje fordringshavarsida eit betre grunnlag for å avgjere kor store ressursar ein bør leggje i innkrevjinga av uteståande krav. For det andre vil den gje fordringshavarsida eit betre grunnlag for kredittvurdering. Det er ikkje mogleg å berekne kor store tap fordringshavarsida vil unngå ved at ein i større utstrekning unngår å gje kreditt til folk som ikkje kan gjere opp for seg, og unngår å leggje ned for store ressursar i innkrevjinga av uteståande krav. Det kan likevel ikkje vere tvilsamt at tapsreduksjonen vil vere så stor at den utvida registreringa samfunnsøkonomisk er ei lønnsam ordning.

Skyldnarane er som hovudregel ansvarlege for dei kostnadene ein kreditor har ved å drive inn kravet. Også for skyldnarane er det difor ein stor fordel at fordringshavarsida får eit betre grunnlag for

å avgjere kva for skritt ein skal ta for å drive inn eit mislegheldt krav. Skyldnarar som ikkje har formuesgode som det kan bli tatt utlegg i, vil ofte sleppe belastninga med ei utleggsforretning.

Den betre tilgangen til opplysningar om inntekts- og formuestilhøva til saksøkte som namsmennene vil få under gjennomføringa av utleggsforretningar, vil auke sjansen for at namsmannen finn tenelege utleggsobjekt. Det er ein fordel for fordringshavarane.

Den betre informasjonstilgangen vil også gje namsmennene kjennskap til lønnstrekk som allereie er nedlagte hos skyldnarane. Ein vil då unngå at det vert lagt ned fleire trekk hos same skyldnar slik at han ikkje har att det han treng til underhald av seg og sin husstand. For skyldnarane er det ein stor fordel. Også for skyldnarans arbeidsgjevar, som skal gjennomføre trekket i lønnen, er dette ein monaleg fordel. Dersom det vert trekt for mykje, vil arbeidsgjevaren i praksis verte trekt inn i skyldnarane sine økonomiske problem.

11.3 Konsekvensar for det offentlege

For namsmaktene vil den betre tilgangen til informasjon føre til ei meir effektiv gjennomføring av utleggsforretningar. For dei særnamsmaktene som representerer det offentlege si kreditorinteresse, vil den betre informasjonstilgangen også gje eit betre grunnlag for å vurdere korleis kravet bør innkrevjast. Offentlege organ som låner ut pengar eller driv inn krav utan å ha namskompetanse, vil ha dei same fordelane av forslaga i proposisjonen her som private fordringshavarar, sjå punkt 11.2 ovanfor.

For Statens innkrevjingsentral og dei alminnelege namsmennene vil kostnader knytt til utvikling og drift som følgje av forslaga i proposisjonen her verte finansiert under det sams sakshandsamingssystemet, jf. punkt 11.1 ovanfor. Det er for augeblikket noko uklårt i kva mon forslaga i proposisjonen her vil føre med seg tilleggskostnader med tanke på Statens innkrevjingsentral og dei alminnelege namsmennene isolert sett.

Tilknyttinga av dei andre namsmaktene til systemet og den utvida registreringa av utleggsforretningar i Lausøyreregisteret vil føre med seg egne

kostnader. Det dreier seg om systemutviklingskostnader og kostnader til drift, inkludert kostnader ved Statens innkrevjingsentral på grunn av økt volum av informasjonsmengda i systemet.

For *Brønnøysundregistra*, som Lausøyreregisteret hører under, vil systemutviklingskostnaden truleg verte på mellom 1,5 og 2 mill kroner. Denne kostnaden vil dels verte finansiert under finansieringa av det sams sakshandsamingssystemet og dels ved innsparingane den første tida ved at Lausøyreregisteret no også vil få overført elektronisk dei nødvendige opplysningane om dei utleggsforretningane hos dei alminnelege namsmennene som allereie i dag skal registrerast. Driftskostnadene ved Lausøyreregisteret vil verte dekt ved betaling frå brukarane. Sett frå staten si side kan utviklingskostnaden over noe tid verte inntent gjennom prisinga av informasjonen.

For *skattefutane*, dei kommunale skatteoppkrevjarane og *Trygdeetatens innkrevjingsentral* vil utvik-

lingskostnadene ved å knyte seg til systemet truleg verte omkring henholdsvis 1 mill kroner, 2 mill kroner og 1,5 mill kroner. I tillegg kjem eventuelle kostnader knytt til behovet for utvida kapasitet hos Statens innkrevjingsentral. Desse er anslått til 450 000 i etableringskostnadar og 500 000 i årlege driftskostnadar. Det vil òg vere driftskostnadar for skatteoppkrevjarane. Driftskostnadane for skatteoppkrevjarane kan først reknast ut nøyaktig når det nye skatterekneskapssystemet ligg føre. Det ligg føre eit anslag på 1,5 mill. i årlege driftskostander, men det er altså knytta stor usikkerhet til talet.

Etter opplegget i proposisjonen her kan skattefutane, dei kommunale skatteoppkrevjarane og Trygdeetatens innkrevjingsentral fasast inn i systemet etter kvart. I den utstrekning kostnadene ikkje kan dekkast innanfor gjeldande rammer, vil spørsmålet verte tatt opp med Stortinget i samband med budsjettet.

12 Merknader til lovutkastet

12.1 Merknader til endringa i tinglysningslova

Til ny § 34 a

Departementet foreslår ein ny § 34 a i tinglysningslova om registrering av utleggspant, utleggstrekk og avgjerdar om «inkje til utlegg» i Lausøyreregisteret.

Første ledd første punktum avgjer at pantelova kapittel 5 er avgjerande for rettsvernet for utleggspantet. Det inneber at registrering i Lausøyreregisteret ikkje vil ha rettsvernsverknad med mindre det går fram av pantelova kapittel 5, sjå punkt 3.2 ovanfor. *Andre punktum* gjev heimel for forskrifter om sletting frå Lausøyreregisteret av utleggspant som ikkje får rettsvern ved registreringa der. Dette er nærmare drøfta i punkt 8.3.

Andre ledd første punktum fastset at departementet kan gje forskrift om kva for opplysningar som skal registrerast i Lausøyreregisteret i samband med utleggstrekk og avgjerd om «inkje til utlegg», sjå nærmare i punkt 3.3 og 3.4. Etter *andre punktum* kan det vidare i forskrift avgjerast at kortvarige utleggstrekk ikkje skal registrerast. Dette er omtala i punkt 3.3.3.

Tredje ledd omhandlar tilgangen til opplysningar om utleggstrekk og «inkje til utlegg». Regelen er nærmare omtala i punkt 7.3. Det er berre dei større brukarane som er nemnde i lova, som skal ha tilgang til desse opplysningane direkte hos Lausøyreregisteret. Dette er brukarar som regelmessig vil ha nytte av opplysningane i si verksemd. For dei fleste av desse brukarane vil det truleg vere mest aktuelt å inngå avtale om elektronisk oppslag hos Lausøyreregisteret. Det vil likevel òg vere høve til å gje ut opplysningar til slike brukarar som ikkje har avtale om elektronisk oppslag. Opplysningane må då gjevast ut skriftleg på papir. Andre brukarar, til dømes private firma og enkeltpersonar som har bruk for slike opplysningar, vil måtte vende seg til eit kredittopplysningsbyrå for å få opplysningane. Regelen i tredje ledd må sjåast i samband med § 34 femte ledd som gjev heimel for at departementet kan gje reglar om korleis informasjon i Laus-

øyreregisteret skal gjerast tilgjengeleg. Etter departementet sitt syn gjev denne føresegna heimel for at det i forskrift kan fastsetjast at dei brukarane som er nemnde, må ta på seg teieplikt med omsyn til dei opplysningane som dei hentar inn. Teieplikta må i tilfelle avgrensast slik at ein advokat som hentar inn opplysningar til bruk for ein klient, kan vidareformidle opplysningane til klienten.

Med heimel i § 34 femte ledd vil det verte fastsett at det skal betalast for informasjon frå Lausøyreregisteret om utleggstrekk og «inkje til utlegg».

Fjerde ledd regulerer sletting av registrering av utleggstrekk og avgjerd om «inkje til utlegg», jf. punkt 8. Lausøyreregisteret har plikt til å slette registreringa av eit utleggstrekk når trekkperioden er gått ut, jf. *første punktum*. Det er ikkje ein føresetnad at skyldnaren krev opplysninga sletta. Er trekket endra ved at trekkperioden er forkorta eller forlenga, vil dette avgjere kor lenge trekket skal stå registrert. Ved utleggstrekk for underholdstilskot vil det ofte ikkje vere fastsett nokon trekkperiode. Trekket vil då stå registrert så lenge det varer. Dersom kravet som gjev grunnlag for utleggstrekket vert dekt før den opphavleg fastsette trekkperioden er gått ut, skal utleggsforretninga òg slettast frå registeret. Nærmare reglar om erklæring om bortfall og om oppheving av utleggsforretninga finst i tvangsfullføringslova §§ 7-27 og 7-28.

Når det gjeld avgjerd om «inkje til utlegg» skal registreringa slettast tre år etter at utleggsforretninga vert heldt, jf. *andre punktum*. Det gjeld sjølv om det kravet som danna grunnlag for avgjerda om «inkje til utlegg» ikkje er gjort opp eller falt bort på anna vis. Regelen må sjåast i samband med framlegget om endring av tvangsfullføringslova § 7-29 som gjeld skyldnaren sin rett til å krevje registreringa sletta når det kravet som var grunnlag for utleggsforretninga er innfridd eller falle bort eller tvangsgrunnlaget er falle bort eller kjend ugyldig. Treårsfristen vil difor berre vere aktuell dersom forretninga ikkje allereie er sletta i samsvar med regelen i tvangsfullføringslova § 7-29.

Etter *tredje punktum* kan det vedtakast forskrift om tidspunktet for slettinga.

12.2 Merknader til endringa i straffeprosesslova

Til § 456

Straffeprosesslova § 456 nytt *sjette ledd* omhandlar vidareformidling av opplysningar frå det sams sakshandsamingssystemet hos Statens innkrevjings-sentral og retten til innsyn i dei lagra opplysningane for den som opplysningane gjeld. Reglar om kva rett skyldnaren har til innsyn i opplysningar om utleggsforretningar i Lausøyreregisteret, følgjer av tinglysingsforskrifta § 23 tredje ledd samanheldt med personopplysningslova §§ 17 og 18.

Første punktum gjev heimel for at Statens innkrevjings-sentral kan hente inn og vidareformidle opplysningar om skyldnarar sine inntekts- og formuesforhold, samt om utleggsforretningar som har vore heldt til andre namsmakter til bruk for deira tvangsfullføring, jf. punkt 10. Heimelen for vidareformidling vil både gjelde opplysningar som Statens innkrevjings-sentral sjølv hentar inn etter førespurnad frå andre namsmakter, og slike opplysningar som Statens innkrevjings-sentral av andre grunnar sit inne med frå før. Alternativet «innhente» er tatt med for å sikre at SI får heimel til å hente inn og vidareformidle opplysningar frå register m.v. sjølv om opplysningane ikkje skal brukast i SIs eigen tvangsfullføring. Ut over dette er endringa ikkje meint å gje SI tilgang til registeropplysningar m.v. som sentralen ikkje har tilgang til i dag. Namsmakter som på denne måten mottok opplysningar som er underlagt teieplikt, vil sjølv ha teieplikt om opplysningane. I kva grad dei alminnelege namsmaktene kan innhente opplysningar frå andre kjelder, vil framleis følgje av dei særskilte heimlane for innhenting av informasjon, mellom anna tvangsfullføringslova § 7-12.

Andre punktum slår fast at einkvar har rett til innsyn i dei opplysningane som finst lagra elektronisk om vedkommande hos Statens innkrevjings-sentral og som er tilgjengelige for andre namsmakter, jf. punkt 5.

12.3 Merknader til endringane i tvangsfullføringslova

Til § 7-19

I § 7-19 *første ledd* er det tatt inn eit *nytt andre punktum* om at det skal gå fram av namsboka at utleggspantet vil verte registrert på saksøkte sitt blad i Lausøyreregisteret. Etter tredje punktum skal skyldnaren få utskrift av namsboka. Han blir dermed varsla om registreringa i Lausøyreregisteret.

I § 7-19 *andre ledd* er det fastsett korleis saksøkjaren skal underrettast om utleggspantet. Det skjer ved at namsmannen gjev saksøkjaren utskrift av namsboka. Dersom utleggspant skal registrerast i eit anna register enn Lausøyreregisteret, til dømes i verdipapirregisteret, skal underretning til saksøkjaren i form av utskrift av namsboka med påteikning om registreringa framleis sendast frå dette registeret.

I dag vert saksøkjaren underretta om utleggspant som skal registrerast i Lausøyreregisteret ved at namsmannen sender namsboka til Lausøyreregisteret, som etter at utlegget er registrert, sender namsboka til saksøkjaren med opplysning om at utlegget er registrert. Samstundes får saksøkjaren beskjed om eventuelle heftingar. Innsending av namsboka til Lausøyreregisteret fell bort. I staden skal dei opplysningane Lausøyreregisteret trenger til registreringa, overførast elektronisk frå namsmannen via Statens innkrevjings-sentral. Ved lov 25. april 2003 nr. 24 om endringer i rettergangslovgivningen mv. (elektronisk kommunikasjon med domstolene) vart det gjeve ein ny § 4 a i tinglysingslova som opnar for at Kongen gir forskrifter om elektronisk kommunikasjon i samband med tinglysing. Det vil med heimel i den føresegna verte gjeve ei forskrift om elektronisk overføring frå Statens innkrevjings-sentral av opplysningar om utleggsforretningar som skal registrerast i Lausøyreregisteret. Frå Lausøyreregisteret vil saksøkjaren få ei melding om eventuelle heftingar som samstundes vil vere ei melding om at utlegget er registrert.

Til § 7-20

I § 7-20 *tiande ledd første punktum* er det fastsett at utleggspant i alle formuesgode som ikkje er realregistrerte, alltid skal registrerast i Lausøyreregisteret, jf. punkt 3.2. Det skal skje elektronisk via Statens innkrevjings-sentral, jf. under merknaden til § 7-19. For utleggspant som får rettsvern ved registrering i eit anna register, til dømes verdipapirregisteret, vil registreringa i Lausøyreregisteret ikkje ha noko å si for rettsvernet. Som følgje av endringa i tiande ledd, er det gjort tekniske endringar i *andre, tredje og femte til niande ledd*. Føresegnene i desse ledda om i kva tilfelle namsmannen skal sende utskrift av namsboka til registrering i Lausøyreregisteret, er oppheva og erstatta av den generelle regelen i tiande ledd. Gjennom tilvisinga i § 14-11 vil endringane òg gjelde ved arrest. (Tvangsfullføringslova § 14-11 er foreslått flytta til tvistelova § 33-7 i Ot. prp. nr. 51 (2004–2005) om lov om meklings og rettergang i sivile tvister (tvisteloven).)

I § 7-20 *andre ledd* er det foreslått endringar i

reglane om i kva tilfelle namsmannen har høve til å ta frå den saksøkte rådveldet over lausøyre som det er tatt utlegg i. Endringane er i samsvar med lovvedtaket 11. juni 1993 nr. 83. Det skal ikkje lenger vere eit vilkår for å ta frå saksøkte rådveldet, at saksøkjaren har bede om det. Det skal framleis vere eit vilkår at det er grunn til å frykte for at den saksøkte elles vil forføye over lausøyret i strid med panteretten. Saksøkjaren skal få underretning om at den saksøkte er fråtatt rådveldet ved at det vert tatt inn opplysning om dette i namsboka, jf. andre punktum. Som hovudregel må rådveldet fråtast den saksøkte ved at namsmannen tar lausøyret i forvaring. Saksøkjaren skal samstundes få ein frist på ein månad for å søke tvangsdekning før forvaringa kan avviklast. *Fjerde punktum* har som siktemål å ivareta den saksøktes interesse i at forvaringa ikkje vert oppretthaldt unødig lenge i tilfelle der det ikkje lenger er grunn til å frykte at utlegget ikkje vil verte respektert. Endringane er nærmare omtalt i Ot.prp. nr. 77 (1992–93) på s. 16–17 og på s. 54.

Til § 7-21

§ 7-21 omhandlar avgjerd og underretning om utleggstrekk.

Av *andre ledd andre punktum* går det fram at namsboka skal gje opplysning om at utleggstrekket vil verte registrert i Lausøyreregisteret. Dette svarar til ordninga når det gjeld utleggspant, sjå § 7-19 første ledd andre punktum.

I *fjerde punktum* er det fastsett at namsmannen skal sørgje for at utleggsforretninga omgåande vert registrert i Lausøyreregisteret. Dette skal skje elektronisk via Statens innkrevjingssentral, jf. under merknaden til § 7-19. Uttrykket «sørge for» inneber ikkje at den einskilde namsmann sjølv må sende opplysningane direkte til Lausøyreregisteret. Ved registrering av utleggstrekk i Lausøyreregisteret skal saksøkjaren ikkje få melding om registreringa frå Lausøyreregisteret.

Tredje ledd første punktum pålegg namsmannen å undersøkje om det allereie er lagt ned trekk mot skyldnaren. Regelen har til føremål å sikre at utleggstrekk frå ulike namsmakter vert samordna. Det vises elles til punkt 9 ovanfor.

Til § 7-25

I § 7-25 *første punktum* er det presisert at føresegna gjeld når det ikkje vert tatt utlegg av di den saksøkte ikkje har formuesgode, løn eller andre pengekrav som nemnt i dekningslova § 2-7 som det kan takast utlegg i. Om utlegg ikkje vert tatt til dømes av di den saksøkte under utleggsforretninga oppfyl-

ler kravet, eller påviser at kravet ikkje eksisterer, er det § 5-17 som regulerer avslutninga av saka.

I *andre punktum* er det fastsett at det skal opplysast i namsboka at utleggsforretninga med avgjerda om «inkje til utlegg» skal registrerast i Lausøyreregisteret, jf. punkt 3.4.

Tredje punktum fastset at namsmannen omgåande skal sørgje for at utleggsforretninga vert registrert i Lausøyreregisteret. Det skal skje elektronisk via Statens innkrevjingssentral, jf. under merknaden til § 7-19. Uttrykket «sørge for» inneber ikkje at den einskilde namsmann sjølv må sende opplysningane direkte til Lausøyreregisteret. Ved registrering av «inkje til utlegg» i Lausøyreregisteret skal saksøkjaren ikkje få melding om registreringa frå Lausøyreregisteret.

Etter *fjerde punktum* gjeld det unntak frå registreringsplikta for særnamsmakter som ikkje har kompetanse til å gjennomføre forretning for utleggspant i eitkvart formuesgode. Det er berre når ei særnamsmakt har full kompetanse til å både leggje ned utleggstrekk og å ta utleggspant i alle skyldnarens formuesgode, at ei avgjerd om «inkje til utlegg» frå vedkommande namsmakt skal registrerast. Og det er då ei føresetnad at namsmakta har halde ei formell utleggsforretning.

Til kapittel 7 avsnitt III overskrifta

I overskrifta er «mv.» tilføya. Innhaldet av § 7-29 er ikkje dekkja av overskrifta slik ho no lyder.

Til § 7-29

Paragrafen gjev reglar om avgjerder om sletting av registreringar av «inkje til utlegg» i Lausøyreregisteret, jf. punkt 8. Paragrafen må sjåast i samanheng med tinglysingslova § 34 a fjerde ledd andre punktum.

Paragrafen slår fast at ei utleggsforretning der resultatet vart «inkje til utlegg», kan krevjast sletta frå registeret når det kravet som gav grunnlag for avgjerda er innfridd eller falle bort eller dersom tvangsgrunnlaget er oppheva, falle bort eller kjent ugyldig. Sakshandsamingsreglane i § 7-28 andre ledd gjeld tilsvarande.

12.4 Merknader til endringa i tomtefestelova

Til § 15

Etter endringane i tomtefestelova ved lov 2. juli 2004 nr. 63 syner § 15 andre ledd nr. 2 tredje punk-

tum til høgstebeløpet i fyrste punktum. Høgstebeløpet går fram av andre punktum. Inkurien vert forelått retta opp.

12.5 Merknader til lovutkastet avsnitt V

Departementet har valt å gjere dei nye lovendringane direkte i tvangsfullføringslova, i staden for å gjere endringar i endringslova 11. juni 1993 nr. 83. Departementet meiner dette er den enklaste lovtekniske løysinga. Det følgjer difor av *avsnitt V* at lov 11. juni 1993 nr. 83 om endringer i rettergangslovgivningen m.m. avsnitt I nr. 51 om endringer i lov 26. juni 1992 nr. 86 om tvangsfullbyrdelse og midlertidig sikring § 7-19 andre ledd, § 7-20, § 7-21 nytt fjerde ledd, § 7-25 og § 7-29 vert oppheva.

12.6 Merknader til ikraftsetjings- og overgangsføresegnene

Lova skal gjelde frå den tid Kongen fastset, og det er heimel for delt ikraftsetjing. Det er òg heimel for at Kongen kan fastsetje at endringane i tvangsfullføringslova kapittel 7 kan tre i kraft til ulik tid for forskjellige namsmakter. Bakgrunnen er at mange av særnamsmaktene først kan inngå i registreringsordninga på et seinare tidspunkt enn dei alminnelege namsmaktene og Statens innkrevjingssentral. Det er heimel for at Kongen kan gje overgangsreglar.

Det sams sakshandsamingssystemet for Statens innkrevjingssentral og dei alminnelege namsmennene skal etter planen vere ferdig til 1. januar

2006, som er det tidspunktet ein tar sikte på når det gjeld ikraftsetjing av den nye organiseringa av den sivile rettspleie på grunnplanet. For desse namsmaktene vil ein frå dette tidspunktet få ei betre samordning av lønnstrekk og på annan måte ein betre informasjonstilgang under gjennomføringa av utleggsforretningar.

Når det sams sakshandsamingssystemet er på plass, kan ein gå over til elektronisk innrapportering via Statens innkrevjingssentral av dei utleggsforretningane som allereie no skal registrerast i Lausørregisteret.

Brønnøysundregistra vil neppe vere førebudd på å handtere den utvida registreringa av utleggsforretningar før nærmare 1. januar 2007. Lovføresegnene om den utvida registreringa vil difor truleg verte sette i kraft frå 1. januar 2007.

For skattefutane og Trygdeetatens innkrevjingssentral vil det truleg vere mogleg å knytte seg til systemet omlag samstundes med at den utvida registreringa av utleggsforretningar tek til. Når dei kommunale skatteoppkrevjarane kan verte tilknytt, må vurderast etter at det nye skatterekneskapssystemet ligg føre. Det nye skatterekneskapssystemet skal etter planen vere etablert innan utgangen av 2007.

Justis- og politidepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om lov om endringer i lov 26. juni 1992 nr. 86 om tvangsfullbyrdelse og midlertidig sikring og andre lover.

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til lov om endringer i lov 26. juni 1992 nr. 86 om tvangsfullbyrdelse og midlertidig sikring og andre lover i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til lov om endringer i lov 26. juni 1992 nr. 86 om tvangsfullbyrdelse og midlertidig sikring og andre lover

I

I lov 7. juni 1935 nr. 2 om tinglysning skal i kapittel 4 ny § 34 a lyde:

For utleggspant gir registrering i Løsøreregisteret bare rettsvern når det følger av panteloven kapittel 5. Departementet kan i forskrift gi regler om sletting fra registeret av utleggspant som ikke får rettsvern ved registreringen.

Departementet kan gi forskrift om hvilke opplysninger som skal tas inn i registeret når utleggstrekk og beslutninger om intet til utlegg skal registreres i Løsøreregisteret etter tvangsfullbyrdelsesloven §§ 7-21 og 7-25. Departementet kan i forskrift fastsette at kortvarige utleggstrekk ikke skal registreres.

Opplysninger om utleggstrekk og beslutninger om intet til utlegg kan bare gis til advokater, finansinstitusjoner, inkassobyråer, kredittopplysningsbyråer, samt offentlige myndigheter med taushetsplikt etter forvaltningsloven eller annen lov. Opplysningene kan bare gis ut skriftlig.

Løsøreregisteret skal av eget tiltak slette registreringen av et utleggstrekk når trekkperioden er utløpt. Registreringer av beslutninger om intet til utlegg skal slettes tre år etter at utleggsforretningen ble avholdt. Departementet kan i forskrift gi regler om det nærmere tidspunktet for slettingen.

II

Lov 22. mai 1981 nr. 25 om rettergangsmåten i straffesaker § 456 nytt sjette ledd skal lyde:

Innkrevingsentralen kan uten hinder av taushetsplikt innhente og utlevere opplysninger om skyldners inntekts- og formuesforhold og om avholdte utleggsforretninger til bruk for andre namsmyndigheters tvangsfullbyrdelse. Enhver kan kreve innsyn hos Innkrevingsentralen i de opplysninger som Innkrevingsentralen har lagret elektronisk om vedkommende som holdes tilgjengelig for andre namsmyndigheters.

III

Lov 26. juni 1992 nr. 86 om tvangsfullbyrdelse og midlertidig sikring vert endra slik:

§ 7-19 skal lyde:

§ 7-19 *Underretning om utleggspant*

Når det er tatt utleggspant, skal namsmannen gjøre saksøkte kjent med utlegget og med at det er forbudt å forføye over det utlagte formuesgodet i strid med saksøkerens panterett, og med at saksøkeren har rett til å begjære tvangsdekning to uker etter at utleggsforretningen er holdt. *Dersom utlegget skal registreres i Løsøreregisteret, skal det opplyses om det i namsboken.* Saksøkte skal gis utskrift av namsboken. I tilfeller som nevnt i § 7-14, skal namsmannen også gi slik underretning og utskrift av namsboken til vedkommende tredjeperson.

Namsmannen skal gi saksøkeren utskrift av namsboken. Dersom namsmannen etter § 7-20 skal sørge for at utlegget blir registrert i et annet register enn Løsøreregisteret, gis saksøkeren i stedet underretning om utlegget ved at registeret sender utskriften av namsboken med påtegning om registreringen til saksøkeren.

§ 7-20 skal lyde:

§ 7-20 *Avslutning av forretning for utleggspant*

Ved utlegg i et formuesgode som er registrert i et realregister, i en registrert særlig rett i et slikt formuesgode eller i en ideell andel i et slikt formuesgode eller en slik rett, sender namsmannen omgående utskrift av namsboken til registrering i realregisteret. Tilsvarende gjelder ved utlegg i utinglyst rettighet i fast eiendom. For tilbehør til fast eiendom, gjelder annet ledd *tilsvarende.*

Ved utlegg i løsøre som ikke er realregistrert, kan namsmannen ta løsøret i forvaring eller på annen måte *frata* saksøkte rådigheten over det som angitt i panteloven § 3-2 annet og tredje ledd, *dersom det* er grunn til å frykte at saksøkte vil forføye over det i strid med saksøkerens panterett. *Tiltak etter første punktum skal føres inn i namsboken. Dersom saksøkeren ikke har begjært tvangsdekning innen en måned etter å ha fått underretning om utlegget, kan namsmannen av eget tiltak oppheve tiltak etter første punktum. Dersom saksøkeren ikke har begjært tvangsdekning innen fristen etter tredje punktum, skal tiltaket oppheves dersom saksøkte begjærer det og det ikke lenger er grunn til å tro at saksøkte vil forføye over løsøret i strid med saksøkerens panterett.*

Ved utlegg i verdipapirer tar namsmannen papirene i forvaring eller fratar på annen måte saksøkte rådigheten over dem som angitt i panteloven § 3-2 annet og tredje ledd *dersom det lar seg gjøre*. Ved utlegg i penger tar namsmannen pengene i forvaring. Norske penger som er tatt i forvaring, plasseres til best mulig rente i norsk bank. Utenlandske penger veksles bare om til norske penger dersom saksøkte samtykker.

Ved utlegg i finansielle instrumenter som er registrert i et verdipapirregister, registrerer namsmannen omgående at bare namsmannen kan disponere kontoen.

Ved utlegg i aksjer som ikke er registrert i et verdipapirregister, underretter namsmannen, *dersom det lar seg gjøre*, snarest selskapet og forbyr selskapet å betale eller yte til saksøkte.

Ved utlegg i et innløsningspapir som ikke er verdipapir, underretter namsmannen snarest den forpliktete og forbyr denne å betale eller yte til saksøkte. Namsmannen tar dessuten innløsningspapiret i forvaring eller fratar på annen måte saksøkte rådigheten over papiret som angitt i panteloven § 3-2 annet og tredje ledd *dersom det lar seg gjøre*.

Ved utlegg i adkomstdokumenter til leierett til husrom underretter namsmannen vedkommende utleier eller selskap, jf. panteloven § 5-8. Namsmannen tar dessuten dokumentet i forvaring eller fratar på annen måte saksøkte rådigheten som angitt i panteloven § 3-2 annet og tredje ledd *dersom det lar seg gjøre*.

Ved utlegg i enkle krav underretter namsmannen *dersom det lar seg gjøre* snarest den forpliktete og forbyr denne å betale eller yte til saksøkte.

Ved utlegg i immaterialrettigheter som *det finnes særskilt register for*, sender namsmannen omgående utskrift av namsboken til registrering i registeret.

Ved utlegg i andre formuesgoder enn nevnt i første ledd, *sørger namsmannen omgående for at utlegget blir registrert i Løsøreregisteret*.

Dersom et formuesgode befinner seg hos en tredjeperson, kan namsmannen pålegge vedkommende å utlevere formuesgodet dersom ikke tredjepersonen har en rett til å sitte med formuesgodet som har bedre prioritet enn saksøkerens panterett.

§ 7-21 skal lyde:

§ 7-21 *Beslutning og underretning om utleggstrekk*

Når det tas utleggstrekk, skal namsmannen fastsette trekkets størrelse og i hvilken periode trekk skal gjennomføres. Trekkperioden kan ikke overstige to år regnet fra dagen for beslutningen om utleggstrekk dersom ikke annet følger av dek-

ningsloven § 2-7 tredje ledd. Beslutningen føres inn i namsboken sammen med en nøyaktig beregning av saksøkerens krav med sakskostnader og renter fram til utleggsdagen og nøyaktige opplysninger om beregningen av renter fra utleggsdagen.

Namsmannen underretter den trekkpliktige om plikten til å foreta trekk. *I namsboken skal det opplyses at utleggstrekket vil bli registrert i Løsøreregisteret*. Partene og den trekkpliktige gis utskrift av namsboken. *Namsmannen sørger omgående for at utleggstrekket blir registrert i Løsøreregisteret*. Før trekket bedre prioritet enn et trekk som allerede løper og som er besluttet av en annen namsmyndighet, skal denne namsmyndigheten underrettes.

Før utleggstrekk nedlegges, skal namsmannen undersøke om det allerede løper trekk mot skyldneren. Utleggstrekk kan ikke besluttes etter et alminnelig tvangsgrunnlag før grunnlaget er rettskraftig.

§ 7-25 skal lyde:

§ 7-25 *Avslutning av en sak der det ikke blir tatt utlegg*

Når det ikke blir tatt utlegg fordi saksøkte ikke har formuesgoder eller lønn eller andre pengekrav som nevnt i dekningsloven § 2-7 som det kan tas utlegg i, avsluttes saken ved at namsmannen gir begge parter utskrift av namsboken som viser utfallet og hva som er foretatt. *I namsboken skal det opplyses at utleggsforretningen vil bli registrert i Løsøreregisteret*. *Namsmannen sørger omgående for at utleggsforretningen blir registrert i Løsøreregisteret*. *Tredje punktum gjelder ikke for særnamsmyndigheter som ikke har kompetanse til å gjennomføre forretning for utleggspant i enhver type formuesgode*.

Kapittel 7 avsnitt III overskrifta skal lyde:

Klage, bortfall og opphevelse av utlegg mv.

Ny § 7-29 skal lyde:

§ 7-29 *Beslutning om opphør av registreringer av «intet til utlegg»*

Er det krav som ble søkt inndrevet i en sak som ble avsluttet ved intet til utlegg, dekket eller bortfalt på annen måte, eller er tvangsgrunnlaget opphevet, falt bort eller kjent ugyldig, skal namsmannen på begjæring treffe beslutning om at registreringen i Løsøreregisteret av beslutningen om intet til utlegg skal slettes. § 7-28 annet ledd gjelder tilsvarende.

IV

Lov 20. desember 1996 nr. 106 om tomtefeste § 15 andre ledd nr. 2 tredje punktum skal lyde:

Høgstebeløpet etter andre punktum er kr 9 000 justert ved kvart årsskifte etter 1. januar 2002 i samsvarende med endringa i pengeverdien.

V

Lov 11. juni 1993 nr. 83 om endringer i rettergangslovgivningen m.m. avsnitt I nr. 51 om endringer i lov 26. juni 1992 nr. 86 om tvangsfullbyrdelse og midlertidig sikring § 7-19 andre ledd, § 7-20, § 7-21 nytt fjerde ledd, § 7-25 og § 7-29 vert oppheva.

VI

Ikraftsetjings- og overgangsføresegner

1. Lova gjeld frå den tid Kongen fastset. Kongen kan fastsetje at ulike delar av lova skal ta til å gjelde frå ulik tid. Kongen kan fastsetje at endringane i tvangsfullføringslova kapittel 7 kan tre i kraft til ulik tid for forskjellige namsmakter.
2. Kongen kan fastsetje nærmare overgangsreglar.





Trykk: A/S O. Fredr. Arnesen, Mars 2005